



Høgskulen på Vestlandet

Masteroppgave

MASA645

Predefinert informasjon

Startdato:	08-08-2019 12:00	Termin:	2019 HØST1
Sluttdato:	15-08-2019 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave		
SIS-kode:	203 MASA645 1 MG 2019 HØST1 bergen		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.: 408

Informasjon fra deltaker

Tittel *: "Uperfektepiker" Samfunnsarbeid gjennom sosiale media

Antall ord *: 39015

Egenerklæring *: Ja **Inneholder besvarelsen Nei**
konfidensiell materiale?:

Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert oppgavetittelen
på norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE

”Uperfektepiker”

Samfunnsarbeid gjennom sosiale media

”Imperfectgirls”

Community work through social media

Ugne Janciute

Master i samfunnsarbeid

Institutt for velferd og deltaking

Rettleiar Synnøve Kristine Nepstad Bendixen

15.08.2019 kl. 14:00

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksaman ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

Forord

Denne oppgåva har vore ein lang prosess. Ein prosess som har krevd både mykje energi å skriva, men også mykje ærlegdom og refleksjon frå mi side. Me lever i eit samfunn som er prega av individualisering og digitalisering, der alt ein ser på sosiale media ser tilsynelatande perfekt ut. Kor ein finn fleire ulike arenaer der unge menneske kan kjenne seg pressa til å verta best i alt, til dømes press til; å få dei beste karakterane på skulen, til å fylgja dei nyaste trendane, til å ha den nyaste iPhonen, til å eta sunt, trenar meir, delta på fritidsaktiviteter, vera sosial, bli likt, få mest "likes" på bileta dine, vera tynn og sjå fin ut. Med andre ord vera PERFEKT og alle desse ungdommane kjenner på eit press til å gjere det samfunnet forventar av deg. Sjølv har eg kjent på dette og har i lang tid slite med dobbeltmoral kor eg på eine sida er lei av presset som samfunnet legg på meg og ynskjer å gjere ei endring, medan eg på den andre sida fylgjar presset og utfører handlingar for å framstå som om eg er perfekt. Eg set difor stor pris på alle dei som tør å vera seg sjølv – og gjer ein forskjell på sosiale media samstundes som eg prøver å slanke meg, trenar meir og oppnå det perfekte kroppsidelaet. Eg likar statusar og bilete av usminka og naturlege menneske, samstundes som eg sjølv tek på meg sminke, bruker falske vipper, handler nye ting og klede som vert reklamert for som "inn", og ikkje minst legg eg ut perfekte bilete av meg sjølv på sosiale media. På ei side gjev desse handlingane meg dårleg samvit, samstundes som eg tenkjer at det er naturleg at eg som ung kvinne ikkje er sterk nok til å stå imot presset som dagens samfunn legg på alle unge.

Det er nettopp dette dilemmaet som gjer at eg tykkjer det er særst interessant og spanande å skrive om dette temaet i masteroppgåva mi. Det har vore ein spesiell prosess sidan eg sjølv er i 20-åra og har valt å forske på eit prosjekt som har unge vaksne som målgruppe. For meg har oppgåveskrivinga og "Uperfektepiker" ikkje berre bidrege til at eg har fått meir kunnskap og erfaring med forskning, men det har også ført til at eg er blitt betre kjent med meg sjølv samt få kunnskap om kor grensene mine for kva som er sunt for meg og kva som gjev meg energi er. Mellom anna innsåg eg at ikkje alle handlingane mine kjem får press eller normer som eksisterer i samfunnssystema. Eg kjende att kortid eg pynta meg med sminke og fine klede for eigen del og ikkje for andres del eller presset eg kjende frå samfunnet. Eg vart merksam på korleis og kva eg deler med andre på sosiale media ut i frå kva eg ynskjer å dele og ikkje kva som skaffar flest "likes" samt at det som gjer meg glad og gjer meg energi ikkje nødvendigvis er å få dei beste karakterane eller kva tal som står på vekta.

Eg vil takke alle informantene mine som stilte opp til intervju. Takk for at dei delte sine tankar, historiar og opplevingar med meg. Tusen takk for at dei har vore utruleg engasjerte, hjelpsame og positive. Uperfektepiker imponerer meg med pågangsmot og kor ressurssterke dei er saman. De har inspirert meg og motivert meg til både skrivinga og personlig utvikling.

Eg vil rette ein stor takk til min fantastiske rettleiar. Du har møtt meg som eg er frå dag til dag og vore sær forståingsfull. Du har stått ved sida av meg gjennom alle fasar av oppgåva og kome med mange gode innspel samstundes som du har gitt meg mange konstruktive og gode tilbakemeldingar.

Til slutt vil eg seie tusen takk til familien min og venner. De har vore utruleg tolmodige, hjelpsame og forståingsfulle. Tusen takk for at de har halde ut med meg i denne tida.

Eg er veldig glad i dykk.

Samandrag

Tittel: ”Uperfektepiker”: Samfunnsarbeid gjennom sosiale media

Formål: Sosiale media er i dag veldig utbreidd og tar ein stor del av kvardagen vår. Sosiale media byr på mange moglegheiter, men har også etablert eksisterande kulturar og trendar som for mange kan leggja press på forventningar om korleis ein burde sjå ut eller leve. Dette studiet er knytta til sosiale media, og set fokus på korleis brukarar av sosiale media prøver å endre eksisterande normar og dominerande kulturar på sosiale media med tilsynelatande perfekte bilete. Der liva deira vert vist fram berre frå den "fine sida". Studiet søker å få kunnskap og breiare forståing om fenomenet Uperfektepiker, eit prosjekt som er starta av sosiale media brukarar som har som mål å visa, både eigne og andre sine sanne ansikt i sosiale media. Eit anna mål er å auka kunnskap rundt viktige tema i samfunnet knytt til psykisk helse, kropp og sinn.

Problemstilling: Kan me forstå ”Uperfektepiker” som samfunnsarbeid? Og i så fall, på kva for ulike måtar driver Uperfektepiker samfunnsarbeid?

Val av metode: I dette forskingsprosjektet har eg brukt ein kvalitativ metode der eg intervjuar personar som deltek i Uperfektepiker. Det vert nytta semistrukturerte intervju ved innhenting av data på ni personar som har ei rolle som enten fylgjar, gjestesnappar eller snappar for Uperfektepiker sin sosiale media konto.

Resultat: Studiet viser at deltaking, fellesskap og endring er hovudelementa i det Uperfektepiker består av. Desse tre hovudelementa er også kjerna i samfunnsarbeid. Studiet viser at Uperfektepiker nyttar eigne ressursar og er starta av menneske som sjølv bruker sosiale media som ikkje er nøgde med korleis sosiale media verkar. Sosiale media kan blant anna opplevast undertrykkande, skapa falske bilete av røyndommen og leggja press på korleis ein skal sjå ut eller leve. Uperfektepiker ynskjer å gjere ein skilnad og bidra til endring i samfunnet. Studiet viser korleis prosjektet utvikla seg til å verta meir forankra i Uperfektepikers deltakarar, og korleis Uperfektepiker er ein arena som anerkjenner ulikskap, og fremjar mangfald. Grada av deltaking på sosiale media varierte blant informantane, men dei fleste opplevde Uperfektepiker med høg medverknad, og som ein plattform der dei føler tilhøyrsløse. Informantane opplevde også Uperfektepiker som eit eige lite samfunn der deltakarane kan hjelpe kvarandre og slik danne eit fellesskap der dei er ein del av noko større og kollektivt. Dette fellesskapet gjer at deltakarane kjenner at dei står sterkare i endringsprosessen. Sjølvvekskludering og ekskludering har også kome fram. I oppgåva peiker

eg på enkeltes tankar rundt kvifor nokon kan velje aktiv sjølvexkludering fordi psykisk helse har så stort fokus i dagens samfunn, og nokre vil aktivt velja å unngå sosiale media kontoar som har storfokus på tematikken. Samstundes kan namnet "Uperfektepiker" på ein sosiale media konto skapa interesse blant kvinner då dei også tek opp ein del kvinneproblem knytta til helse. Inkludering i Uperfektepiker har også ei sentral rolle. Dette handlar om å ta opp ulike tema for at dei fleste skal kunne kjenne seg igjen, identifisere seg med, samt oppleve å bli tatt på alvor og å bli respektert. Uperfektepiker prøver også å inkludere ulike grupper i samfunnet ved å legge til rette for likeverdig deltaking, som til dømes teksting på videoar med lyd slik at døve også har moglegheit til å få med seg innhaldet. Uperfektepiker har vist å gjera ein forskjell og bidreg til ein positiv endring hos mine informantar uansett om deira rolle var fylgjar, snappar eller gjestesnappar. Uperfektepiker kan bidra til blant anna ein medvitjeringsprosess rundt sosiale media, og slik betra individuell og kollektiv Empowerment. Samstundes bidreg dei til å auka sosial kapital, samfunnsengasjement, og minske fordommar ved å normalisera ulike tabubelagde tema i samfunnet og spreie kunnskap.

Nøkkelord: Uperfektepiker, sosiale media, samfunnsarbeid.

Abstract

Title: "Imperfectgirls": Community work through social media

Purpose: Today, social media is very widespread and plays a big part in our everyday. Social media offers many opportunities, but has also established existing cultures and trends that for many can put pressure on expectations of how one should look, or live. This study is linked to social media, and focuses on how users of social media try to change existing norms and dominant cultures in social media with seemingly perfect images, where their lives is shown only from their "perfect side". The study seeks to gain knowledge and broader understanding of the phenomenon Uperfektepiker, a project started by social media users who aim to show, both their own and others, true faces in social media, and to increase knowledge about important issues in the community linked to mental health, body and mind.

Topic: Can "Uperfektepiker" be understood as community work? If so, what different ways does Uperfektepiker do community work?

Method: In this research project, I have used a qualitative method in which I interviewed persons who participate in Uperfektepiker. I utilized semi-structured interviews when collecting data from nine people who have the role of either "follower", "guest snapper" or "snapper" for Uperfektepiker's social media account.

Result: The study shows that participation, community and change are the main elements of what Uperfektepiker consists of. These three main elements are also at the heart of social work. The study shows that Uperfektepiker utilize their own resources and were started by people who themselves use social media, and who are not satisfied with how social media appears. Social media can be perceived as oppressive, create false images of reality, and put pressure on how one should look or live. Uperfektepiker wants to make a difference and contribute to change in society. The study shows how the project evolved to be more entrenched in the participants of Uperfektepiker, and similarly Uperfektepiker is an arena that recognizes inequality and promotes diversity. The degree of participation on social media varied among the informants, but most experienced Uperfektepiker with high involvement, and as a platform where they felt belonging. The informants also experienced Uperfektepiker as a very small community where the participants can help each other and thus form a community where they are part of something bigger and collective, and thus stand stronger together to make a change. Self-exclusion and exclusion have also emerged. In the paper I

focus on some and their thoughts about why some people can choose active self-exclusion, among others that mental health has so much focus in today's society, and some will actively choose to avoid social media accounts that have a great focus on the thematic. At the same time, Perfect Girls as the name of a social media account can create interest among women as they also address some women's problems related to health. Inclusion in Uperfektepiker also plays a key role. This is about addressing various topics so that most people will recognize, identify with, but also experience being taken seriously and respected. Uperfektepiker also try to include different groups in society by facilitating equal participation, such as adding subtitles on videos with sound so that deaf people also have the opportunity to read. Uperfektepiker have shown to make a difference and contribute to a positive change in my informants, regardless of whether their role was "follower", "snappar" or "guest snappar". Uperfektepiker can contribute to an awareness process around social media, and thus enhance individual and collective empowerment. At the same time, they help to increase social capital, community engagement, and reduce prejudice by normalizing various taboo-related themes in society, and spread knowledge.

Keywords: "Uperfektepiker", social media, community work.

Innholdsliste

Kapittel 1: Innleiing	1
1.1. Klargjering av omgrep	6
1.2. Avgrensing av oppgåva.....	10
1.3. Disposisjon over oppgåva	10
Kapittel 2: Teori	12
2.1. Samfunnsarbeid	12
2.1.1. <i>Asset-based community development (ABCD-tilnærming)</i>	13
2.2. Deltaking, nettverk og fellesskap.....	14
2.2.1. <i>Deltakingsstigen</i>	14
2.1.2. <i>Sosial kapital</i>	16
2.2. Undertrykkande pedagogikk	17
2.3. Individuell og kollektiv Empowerment	19
2.4. Normalitet, avvik og inkludering	20
2.5. ”Back-stage”, ”Front-stage”	21
2.6. Oppsummering	23
Kapittel 3: Forskingsmetode	24
3.1. Metode val	24
3.2. Fenomenologisk og hermeneutisk vitskapsteori	24
3.3. Førforståing	25
3.4. Rekrutering av informantar	26
3.5. Innsamlingsstrategiar	26
3.6. Presentasjon av informantar	27
3.7. Intervjuguide	30
3.8. Uformell intervju og semistrukturert-intervju	31
3.9. Innsamling av datamaterialet	32
3.10. Transkribering av datamaterialet	33
3.11. Dataanalyse	34
3.12. Presentasjon og diskusjon av funn	36
3.13. Etske vurderingar og betraktningar	37
3.14. Metode kritikk	38
3.15. Kvaliten i forskinga	40

3.16. Oppsummering av forskingsmetode	41
Kapittel 4: Deltaking, motivasjon og moglegheit til å påverka	42
4.1. Kven deltek	42
4.2. Kva gjer snappar og kva gjer fylgjarane	45
4.3. Kva snappar Uperfektepiker om?	47
4.4. Motivasio til deltaking	49
4.4.1. <i>Opplavinga av å dele</i>	51
4.6. Moglegheit til påverknad	52
4.7. Ekskludering og sjøvekskludering	54
4.8. Oppsummering av funn – deltaking, motivasjon og moglegheit til å påverka	56
Kapittel 5: Sosiale nettverk og inkluderande fellesskap	59
5.1. Nettverk	59
5.2. Innkluderande fellesskap	61
5.3. Vegin til at fleire kunne vert innkludert	66
5.4. Oppsummering av funnene – nettverk og inkluderande fellesskap	67
Kapittel 6: Endring gjennom sosiale media	69
6.1. Uperfektepikers bidreg til den enkelte	69
6.2. Motverknad av sosiale ulikskapar	72
6.3. Uperfektepikers bidreg til Internett som sosial arena	74
6.4. Uperfektepiker skapar samfunnsengasjement	75
6.5. Oppsummering av funnene - Endring	76
Kapittel 7: Konklusjon: Uperfektepiker som samfunnsarbeid?	78
7.1. Uperfektepiker som Bottom-up	78
7.2. Normalisering for å skape endring	81
7.3. Endring.....	85
7.4. Kollektiv handling eller endringsarbeid mot frigjering	87
7.5. Avslutningsvis	90
Referanselise.....	92

Figurar

Figur 1:	Degrees of Citizen Participation (Arnstein, 1969)	s.15
----------	---	------

Tabellar

Tabell I:	Oversikt av informanter	s.28
Tabell II:	Antal månader informantene snappa/fylgde Uperfektepiker	s.29

Bilete

Bilete 1:	NVivo opplasting av intervju	s.35
Bilete 2:	NVivo hovudkategoriar, underkategoriar og subkategoriar	s.36
Bilete 3:	SkjermBILEte av ein månads statistikk av deltaking på Instagram	s.43
Bilete 4:	SkjermBILEte “personleg historie”	s.83
Bilete 5:	SkjermBILEte “sårt tema”	s.83
Bilete 6:	SkjermBILEte “”ekstra” kiloene”	s.85
Bilete 7:	SkjermBILEte “kvifor ikkje tynnare?”	s.86
Bilete 8:	SkjermBILEte “naturleg kropp”	s.88

Vedlegg

Vedlegg 1:	Invitasjonsbrev med samtykkeskjema	s.99
Vedlegg 2:	Intervjuguide	s.102
Vedlegg 3:	Godkjenning frå Personvernombudet for forskning	s.105

Kapittel 1. Innleiing

Når ein opnar sosiale media som Instagram vert ein møtt av ein flaum av bilete som framstiller perfekte kroppar av alle kjønn. Der alt som blir sett som u-ønskeleg eller uhyggeleg er redigert med all slags filter for å laga eit biletet av eit perfekt og plettfritt liv. På Facebook deler fleire statusar som skildrar det tilsynelatande perfekte livet deira. Desse innlegga har skapt ein kultur på sosiale media som kan gje eit falskt bilete av kva som er normalt eller kva som ser normalt ut. Kunstige ideal for korleis kroppen eller livet skal sjå ut kan utvikla seg og kan føre til at mange kan kjenne seg som mindreverdige og lite vellukka. Ungdomsgruppa som er i den fasen av livet der ein kanskje er litt usikker på seg sjølv, og skal finne ut av kven dei er og kva dei står for, kan oppleve dette som ekstra sårbart.

Statistisk Sentralbyrå (2018) viser at 80% av nordmenn mellom 16 og 79 år bruker sosiale media. I alderen 16-24 år bruker ni av ti sosiale media kvar dag eller nesten kvar dag (Statistisk Sentralbyrå, 2018). Facebook vert til dømes nytta meir i skulesamanheng for å organisere gruppearbeid og liknande, hashtag (#) på Instagram vert knytt til ulike skuleprosjekt og idrettsarrangement for å skapa merksemd rundt desse. Samstundes veit me at mykje sosiale forventingar kjem gjennom sosiale media. Fleire forskarar har skrive om korleis biledeling heng saman med ynskje om å oppnå sosial anerkjenning frå sitt publikum. For å oppnå dette er det mange unge som berre viser nokre sider av seg sjølv; dette gjer dei for å fremje sidene som vert sett på som positive og ynskjelege i dagens samfunn og for å skjule dei negative og skamfulle (Storsul, 2014, s. 10, Strano & Wattai, 2010, s. 294-296, boyd, d., 2007, s. 21-22). Forskarar og fleire masteroppgåver (prosjekt) har mellom anna påpeika at unge folk som brukar sosiale media tilpassar sin kommunikasjon og kva dei delar på sosiale media etter fleire kriterier; kven er mottakarane og kva normer og forventingar har mottakarane (Berentsen, 2014, s. 84, Seerup, 2015, s. 53-55, Johannesen, 2016, 85-87).

Tema for masteroppgåva mi er korleis ei gruppe unge vaksne mobiliserer seg mot undertrykkande ideal og forsøker å skapa positive endringar i eige og andre sine liv samt på sosiale media. Dette temaet har eg valt fordi eg synes denne arenaen er viktig sidan mykje av den daglege kommunikasjonen og det sosiale livet til ungdom og unge vaksne føregår på denne arenaen. I dag er dei tre mest utbreidde sosiale media i Noreg Facebook, Snapchat og Instagram; 3,4 millionar nordmenn har profil på Facebook, 2,5 millionar på Snapchat og over 2 millionar profiler på Instagram (Ipsos, 2018). Ording og Agerup (2018) skriv om jenter som uttalar seg

om at det er vanskeleg å unngå reklamar og bilete av trening og slanking på sosiale media. Dette kan bidra til kroppspress med kroppsidealer det er umogleg å leve opp til. Dei presiserer òg at mengda ein vert påverka er avhengig av kor usikker ein er på seg sjølv og sin eigen kropp (Ording & Agerup, 2018). Eg oppfattar at sosiale media er som ein spegel i dagens samfunn og dette bidrar ikkje utelukkande til negative ting som til dømes digital mobbing (Bakken, 2017, s. 110). Eit litteratursøk viste at det er fleire forskarar som uttalar at sosiale media kan bidra til inspirasjon og ha andre positive effektar (Johannesen, 2016, 86-87, Castellacci & Tveito, 2018, s. 318). Brandes og Levin (2013, s. 753) konkluderer i studiet sitt at sosiale media mellom anna kan bidra til å oppretthalde kontakten med vener, skape ei kjensle av tilhøyrse og vera ein stad der ein får oppmuntrande og hyggelege tilbakemeldingar på innlegg.

Etter kvart som eg leste om psykisk helse hos unge og fylgde med på sosiale media vart mi interesse fanga rundt "openheits fenomenet" på sosiale media; at ulike private aktørar eller offentlege personar fortel verda om sine utfordringar på sosiale media. Fleire slike personar fant eg på Snapchat sin "oppdag" funksjon, ein funksjon som føreslår andre Snapchat profiler som er tilpassa mine interesser eller tidlegare søk, ein dag oppdaga eg "Uperfektepiker". Deretter starta eg å sjå på om Uperfektepiker kan sjåast i samanheng med samfunnsarbeid som tek utgangspunkt i kollektiv handling, mobilisering av krefter, fellesskapskjensle, og endring for fellesskapets beste som mål (Sudmann & Folkestad, 2015, s. 7).

Uperfektepiker er eit prosjekt starta av ei 22 år gamal kvinne 7. januar 2018. Det er ein felles Instagram-, Facebook- og Snapchatkonto kalla "Uperfektepiker". Kontoen har 3 738 Facebook fylgjarar, 9 845 fylgjarar på Instagram og 16 539 Snapchat fylgjarar (Facebook, 2019, 10. juni; Instagram, 2019, 10. juni; Snapchat, 2019, 10. juni).

På kontoen deler 12 unge kvinner sine personlege historiar om psykiske plagar, å prestere perfekt på ulike arenaer og det ufiltrerte livet bak sosiale media. Dei publisere ærlege videoar, bilete og tekstar. Uperfektepiker består av TV-kjendisar, modellar, mote- og sminke-ekspertar, langrennsløparar, ernæringsrettleiar, osteopat, yogalærar, personleg trenar og feministar (Instagram, 2018). Fleire av desse jentene har eigne portalar på sosiale media som dei nyttar til å publisere tilsynelatande perfekte bilete og skildringar av deira optimale liv. Samstundes opplever fleire av dei korleis kroppen responderer fysisk og psykisk når dei prøver å prestere 110% og strekker seg etter idealet "den perfekte pike" (Instagram, 2018). Uperfektepiker (Instagram, 2018) skriv på sosiale media at samfunnet til dagleg kan sjå dei som sydebukkane som kan ha bidrege "til dårlig selvbilde hos unge gjennom perfekte bilde og presset om trening, ernæring og helse". Vidare deler deltakarane på Uperfektepiker sin konto at dei har eit ynskje

om å snu denne samfunnstendensen og skapa ei endring. Slik kan prosjektet deira sjåast som å tala til kjerna i samfunnsarbeid.

Samfunnsarbeid vert omtala som:

en arbeidsmåte der en søker å mobilisere krefter gjennom kollektiv bevisstgjøring og handling. Målsettingen er ofte endringer på organisasjons-, institusjons-, lokalsamfunns- og storsamfunnsnivå. Dette forutsettes at de berørte har en sentral plass i arbeidet og at de også definerer målene. (Kaasa, 2017, s. 4)

Heilt frå mitt fyrste møte med Uperfektepiker på sosiale media oppdaga eg at deira sosiale media konto påverkar meg og har ei innverknad på korleis eg tenker om meg sjølv eller korleis eg forhold meg til sosiale media. I denne oppgåva ynskjer eg å sjå på korleis Uperfektepiker skapar engasjement og korleis andre opplever prosjektet til Uperfektepiker. I tillegg ynskjer eg å undersøke kva tyding kontoen Uperfektepiker har for den enkelte eller i større samanheng på sosiale media. På bakgrunn av mi interesse, aukande bruk av sosiale media og relevans for samfunnsarbeid valde eg fylgjande problemstilling:

- Kan me forstå "Uperfektepiker" som samfunnsarbeid? I så fall, på kva for ulike måtar driv "Uperfektepiker" samfunnsarbeid?

I samfunnsdebatten kjem stadig temaet "påverknadskraft på sosiale media" og speulasjonar over kva verknad bruk av sosiale media blant ungdom har og korleis det påverkar vår psykiske helse opp. NRK TV (19. mars, 2019) direktesende ein debatt om bloggarmakt og kroppspress. Der diskuterte dei marknadsføring, normalisering av plastiske inngrep og påverknad til unge brukarar av sosiale media.

Blogg er ein form for personlig journal eller dagbok som er offentleg delt på Internett (Eilersen, 2018) og bloggarane er menneske som driv bloggen sin (det vil seie skriv og publiserer innlegg på den). NRK debatten tok for seg både enkeltepisodar der ungdom gav massiv respons på korleis dei kjende seg etter eit nytt kompleks vart introdusert av bloggarane på sosiale media, i tillegg vart samfunnsproblem på større nivå óg diskutert. Gjestane i debatten påpeika at bloggarane har stor påverknadskraft på unge menneske og at unge menneske ikkje var robuste nok til å stå mot eller vurderer alt dei vart utsett for på sosiale media. Dei leste mellom anna opp individuelle kommentarar frå bloggane der unge lesarar fortalde korleis dei kjende seg etter å ha lest publikasjonar der bloggarane viser fram sine kompleks og fortel korleis ein kan fikse det (NRK TV, 2019).

Det at me har fleire ungdommar som ikkje kjenner seg gode nok kan sjåast som eit stort samfunnsproblem; fleire unge opplever eit stort press og har høgt stressnivå i kvardagen og mange trur dei må fiksa på seg for å verta bra nok. Folkehelseinstituttet (2018, s. 8) publiserte i 2018 ein rapport om psykisk helse i Noreg. I denne rapporten kom det fram at det er observert ei urovekkande auke i andel unge jenter som rapporterer eit høgt nivå av psykiske plagar og som oppsøker helsetenesta mot desse plagane. Rapporten framhevar at det er vanskeleg å seie noko om årsaka til auken og at det er behov for betre data.

Kari Løvendahl Mogstad, lege, universitetslektor ved NTNU og forfattar av boka ”Kroppsklemma”, fortel i artikkel om kroppspress at me blir langt meir utsett for bilete av ”perfekte” kroppar og menneske enn tidlegare. Ho seier at å vekse opp i eit samfunn der ein blir konstant minna på at ein ikkje er god nok, sjølvstilt påverkar sjølvbiletet og kroppsbiletet til dei fleste. Dette er også kjønnet: Jenter nyttar meir tid på sosiale media og fylgjer ulike kjendisar som legg ut fine bilete og er dermed meir utsett for påverknad (Dietrichson, 2018). Mogstad seier vidare at sosiale media eller marknadskreftene ikkje kjem til å forsvinne og å auka ”bevissthet og kunnskap er de viktigste nøklene til å motvirke kroppspress og den usunne oppmerksomheten på utseende” i samfunnet vårt. Dersom både ”voksne og de unge selv forstår mer av og blir mer kritiske til det vi ser og hører, er det håp om at flere klarer å gi blaffen i kroppspresset” (Dietrichson, 2018).

Samfunnsdebatten kan dermed dreie seg om korleis me skal klare å håndtere og betra ungdommens robuste evner på arenaer der ein når ut til fleire. Slike arenaer kan vera skulen eller sosiale media, då mykje av ungdommens daglege kommunikasjon føregår der og bruken av sosiale media framleis er aukande. Ved å ta i bruk perspektiva frå samfunnsarbeid og bruke samfunnsarbeid som arbeidsmetode kan ein peike på trendar i samfunnet, bidra til å skape endring og til å auka medvit og kunnskap rundt tematikken. Samstundes bør ein styrke ungdommens psykiske helse, inkludert sjølvkjensla deira og vise kva som er sunt i det daglege.

Fleire aktørar har starta med å teste tiltak og planlegge vidare forskning med intensjon om å betre situasjonen. Bergen Kommune, Hordaland Fylkekommune, Folkehelseinstituttet og Høgskulen på Vestlandet skal samarbeide i eit treårig prosjekt (2019-2021). Dette er ein del av det nasjonale programmet for folkehelsearbeid i kommunane for å finne ut meir om korleis sosiale media heng saman med ungdommens psykiske helse, men óg korleis sosiale media kan nyttast i skulen for å vera helsefremjande (Servan, 2019). Instagram har óg tatt initiativ og testa ut ein ny funksjon der ein kan skjule antall ”likes” frå andre brukarar av Instagram. Instagram fortel til nettavisa *The Verge* at funksjonen per dags dato ikkje er aktiv, men dei arbeider stadig med

å utforske nye måtar å redusere presset på Instagram (Carman, 18. april, 2019). Instagram utdjupar ikkje i artikkelen kva press dei omtalar, men slik eg tolkar og forstår sosialt press sjølv, vil eg påstå det er presset om å framstå perfekt dei omtalar. Dette inkluderer presset om å vera populær, kroppspress, publiseringspress, press om å ha mange antall "likes" og liknande.

Ei anna side av oppgåva er å sjå på korleis unge menneske mobiliserer kreftene sine mot undertrykkande praksis på sosiale media. Dette kan sjåast som svært aktuelt i dagens samfunn då ein ser at slike grupper vert danna og at temaet aukar i omfang. Det tek plass på sosiale media, ein plattform som stadig vert meir nytta til organisering og kollektiv handling. Enjolras og Eimhjellen (2018) skriv om korleis nye former for samfunnsengasjement og kollektiv handling tek form i Noreg, dei viser til korleis samfunnsengasjement og kollektiv handling vert påverka av globalisering, individualisering og digitalisering. Dei framhevar at informasjonstilgong og handlingsmoglegheiter har blitt langt større og meir mangfaldige på Internett, som igjen kan føre til mobilisering av politiske handlingar (Eimhjellen & Ljunggren, 2018, s. 64). Dei framhevar at det ikkje er eit fast svar om sosiale media har bidrege til auka samfunnsengasjement generelt, men det er tydeleg at "det nye medielandskapet har ført til et større tilbud av informasjon og, ikke minst, langt flere muligheter til å uttrykke eller på andre måter handle ut fra sitt samfunnsengasjement" (Eimhjellen & Ljunggren, 2018, s. 71). Dette aspektet nyttar eg som utgangspunkt for forskinga mi. Eg ser på korleis Uperfektepiker bruker og uttrykker sitt samfunnsengasjement på sosiale media.

Tema som motstand og endring på sosiale media mot undertrykking på sosiale media er generelt lite forska på, men det finnes fleire studiar som kan vera eit godt utgangspunkt for vidare tematikk. Blant anna har det vore forska på sosiale media som kommunikasjonsarena eller korleis personar har ulike roller på ulike sosiale media. Av norske studiar som er gjort er masteroppgåva "Maskeradeball eller maskefall" som ser på identitetskonstruksjon på sosiale media (Eide, 2007). Eide undersøker korleis ein konstruerer ein finpusa identitet på Facebook og blogg. Johannesen (2016) har skriva masteroppgåve i medievitskap. Ho fokuserer på jenters opplevingar og erfaringar på Instagram og viser både negative og positive sider ved bruk av Instagram (Johannesen, 2016).

Fleire studiar har vist at det er eit skilje mellom kva menneske vel å dele på sosiale media, dette skiljet er avhengig av kva rolle, arena og sosiale setting det er snakk om. Blant dei utanlandske studia kan ein finne Madden, Lenhart, CCortesi, Gasser, Duggan, Smith og Beaton (2013) sin studie med tittelen *Teens, Social Media, and Privacy*. Denne ser på korleis ungdom i USA tek ulike roller på ulike sosiale media. Dei viser mellom anna til at mange har fleire

sosiale media kontoar der den eine kan vera privat for nære venner med morsomme eller stygge bilete, medan den andre er offentleg med fine bilete (Madden, et al., 2013, s. 36). Fox og Waber (2014) sin studie med tittelen *Queer Identity Management and Political Self-Expression on Social Networking Sites: A Co-Cultural Approach to the Spiral of Silence* peiker òg mot same retning. Begge studia viser til at sosiale media ofte har ulike formål og publikum som påverkar kva for bilete ein vel å publisere. Til dømes er Snapchat litt ulik dei andre sosiale media med at bileta som er tatt er meir spontane og kanskje mindre gjennomførte, medan Instagram har finare og meir grundig utvalde bilete (Fox & Warber, 2014, s. 90, Madden. 2013, s. 26). Brandes og Levin (2013) har gjennomført ei studie "Like my status" på Feminist Media Studies og undersøkt korleis unge jenter kontrollerer sjølvprestasjonen sin på Facebook. Der kom det blant anna fram at jentene ynskjer å framstå som interessante, fine og populære på Facebook (Brandes & Levin, 2013, s. 753-754).

Det vert nyttig for meg å danne eit bilete og å få innsikt i dei ulike måtane unge menneske nyttar sosiale media. Korleis heng det saman med deira sjølvpresentasjon og identitetsdanning på sosiale media? Kunnskap om dette er særleg relevant då målgruppa til Uperfektepiker er unge vaksne. Kven målgruppa er vil påverka korleis Uperfektepiker nyttar sosiale media for å påverka målgruppa si effektivt. Det vil òg kunne drøftast seinare i oppgåva om det er skilnad mellom privat bruk av sosiale media konto og i ein slik fellesskap. I ein del av den norske og utanlandske forskinga refereres det til Goffman (1992) sin teori om "front-stage" og "back-stage", for å illustrera korleis menneske spelar ut ulike sosiale roller på ulike sosiale media. Denne teorien vert òg relevant for mi oppgåve for å vise kva arena Uperfektepiker skaper, og kva rolle deltakarar her tek. Ut i frå eksisterande forskning og det Uperfektepiker skriv om seg sjølv på sosiale media portalar, vil Uperfektepiker kunne sjåast på som motsvarer mot den finpusa fasaden. Dei vil prøve å visa røynda bak fasaden, det er nettopp dette som fangar mi interesse. Eg ynskjer å forske spesifikt på Uperfektepiker sidan det til no ikkje er annan forskning på Uperfektepiker eller liknande prosjekt frå før.

1.1. Klargjering av omgrep

Her vil eg definere nokre sentrale omgrep som er viktig for å kunne sjå heilskapen av Uperfektepiker og kva arena Uperfektepiker tek plass på. Samstundes vil eg forklare omgrep som seinare vert nytta i resultat- og diskusjonsdel der direkte sitat frå informantane vert nytta. Dette er naudsynt for å kunne bruke deira eigne ord og opplevingar utan å endra uttalane deira, i tillegg vil det redusera moglegheita for feiltolkingar.

Det finnes ulike ”*sosiale media*” i Noreg, blant dei mest utbreidde i Noreg er Facebook, Youtube, Instagram og Snapchat. Aalen og Enli (2018) skriv at *sosiale media* kan definerast som ”nettsider og apper som tilrettelegger for å skape og dele innhold, og å delta i sosiale nettverk”. Kort forklart er sosiale media eigd av globale aktørar, nytta internasjonalt og finansiert gjennom algoritmestyrt reklame. Sosiale media kan bli brukt til kommunikasjon mellom privatpersonar eller nytta til formidling av nyhende, marknadsføring, politiske ytringar og publisering av offentleg informasjon. Enkeltpersonar kan nytta sosiale media til å kommunisere med eit større publikum og avgjer sjølv kva dei vil publisere (Aalen & Enli, 14. mai, 2018).

Enjolras og Eimhjellen (2018, s. 8) framhevar at “med Facebook i spissen utgjør sosiale medier nå egne mobiliserings- verktøy og deltakelsesarenaer som kan fungere som selvstendige infrastrukturer for organisering og mobilisering av kollektive handlinger”. Dei skriv blant anna at sosiale media har endra våre kommunikasjonsmoglegheiter, -praksis og -organisering, som ein del av den større digitaliseringsprosessen. Dei framhevar at ”kommunikasjon og koordinering gjennom digitale nettverk har nå blitt en sentral måte å organisere på” (Enjolras & Eimhjellen, 2018, s. 8). I tillegg presiserer dei at ”gjennom sosiale medier kan nettverk mobiliseres og organiseres med en langt større hastighet og over større avstander enn tidligere” (Eimhjellen & Ljunggren, 2018, s. 69).

Vidare påpeikar dei at framvekst av digitale former for samfunnsengasjement har skapa forventningar om demokratisering av samfunnsengasjement. Slik kan fleire menneske ved hjelp av digitale nettverk spreie kunnskap om politikk og samfunn til fleire, og dermed kan fleire mobilisere til handling (Eimhjellen & Ljunggren, 2018, s. 69). Eimhjellen og Ljunggren (2018, s. 69) framhevar uro over at brukarar av sosiale media lettare kan ignorera og unngå visse typar informasjon på sosiale media, noko som ikkje var mogleg på same måte med tradisjonelle media som TV, radio og aviser. Dette er eit av punkta sosiale media får kritikk for då sosiale media mellom anna legg til rette for informasjonsstraumen på ein slik måte at ikkje alle brukarar ser den same informasjon (Aalen & Enli, 14. mai, 2018). Sosiale media styrkar ikkje demokrati i seg sjølv, men politisk engasjement har fått nye uttryksformer blant anna gjennom at politiske kampanjar og protestar kan få forsterka kraft gjennom sosiale media. Det finst mykje kritikk mot sosiale media som arena for politisk aktivisme, blant anna at engasjementet kan vera uforpliktande, kortvarig og styrt av kjensler. Sosiale media har òg fått kritikk for å hindre ”ansikt-til-ansikt” kommunikasjon. I Noreg vert sosiale media brukt som fellesarena til å

etablere og vedlikehalde forbindelse på tvers av ulike grupper i samfunnet (Aalen & Enli, 14. mai, 2018).

Eit anna omgrep som er i vinden når me omtalar sosiale media er “*influensar*”. Hagesæther (2018, s. 20) skriv at ein influensar er ”en person som påverkar andre gjennom digitale kanaler. Det kan vera blogg eller sosiale medier som Innstagram, Facebook og Youtube”. Marknadssjef i Devold, Gro Naalsund, seier at for å nå andre målgrupper vert influensarar stadig viktigare i marknadsføring. Professor Jill Walker Rettberg fortel at Internettet var meint for å bidra til demokratisering av idear og kunnskap, men med eit aukande influensar-fenomen viser det seg i større grad å bidra til kommersialisering av Internettet (Hagesæther, 2018, s. 22-23). Rettberg, kjend professor og forskar innan feltet, har skriva mellom anna *Seeing Ourselves Through Technology: How We Use Selfies, Blogs and Wearable Devices to See and Shape Ourselves* (2014) og *Blogging* (2008). I denne går ho i djubda på sjølvpresentasjon på sosiale media og utdjuvar den skriftlege, visuelle og kvantitative sjølvpresentasjonen. I boka *Blogging* diskuterer ho korleis blogginga er integrert i kvardagen og korleis blogging strukturerer og påverkar sosiale media.

Som tidlegare nemnd er bloggarar personar som deler offentlege innlegg, som liknar dagbøker eller ein personleg journal, på Internettet. Bloggar-omgrepet kan me knytta til influensar-omgrepet då ein bloggar kan ha mange lesarar og dermed vil ein bloggar kunne ha stor påverknadskraft gjennom sin digital kanal som blogg.

Bloggaren ”Aidina” skriv blogg på nettsida “Bloggomtoppbloggere”, ho rettar kritikken mot influensarar og påpeikar at influensarane bidreg til ”Kroppspress med redigerte bilder og reklame for utseendeforbedrende produkter, samt normalisering av plastiske operasjonar”. Kritikken omtalar òg ”eksponering av barn” og “omgåelse av lover og regler for marknadsføring, spesielt i form av dårlig eller ingen merkning av reklame” (Hagesæther, 2018, s. 33).

Det er ikkje slik at alle som er influensarar naudsynt sel produkt sjølv eller reklamerer for det. Til dømes Mina Ghabel Lunde kan kallast for ein *meinings-influensar*, ho har ulike kanalar der ho omtalar meiningar og livsstil. Ho har ikkje hatt kundar eller reklamert for noko, og ynskjer ikkje det på ei stund. Likevel er ho einig i at sidan ho har påverknadskraft ligg det eit visst ansvar i å ha tilgang til ein slik plattform som kan nå ut til så mange (Hagesæther, 2018, s. 29).

For mi oppgåve er det mest relevant å omtale sosiale media som Facebook, Instagram og Snapchat sidan dette er den delen av sosiale media som Uperfektepiker har felles kontoar på.

Desse tre sosiale media eksisterer både som nettsider og appar, dei har nokre felles funksjonar mellom anna utveksling av meldingar, bilete, videoar, publisering (posting) av sine meiningar som statusoppdateringar, bilete, videoar og andre sine offentleg publiserte innlegg som nyhende, videoar, statusar mm. Alt som blir publisert dannar ein *sosial feed*.

Alle sosiale media har personvernreglar som er delvis regulert av offentlege myndigheiter, men òg av private aktørar som eig kontoar på sosiale media. Dei som nyttar sosiale media må akseptere reglar for bruk av sosiale media og kan som oftast sjølv velje kva dei vil dele offentleg eller om dei ynskjer å ha ein privat konto med avgrensa innsyn frå dei ein ikkje kjenner.

Ein anna sentral funksjon når ein omtalar sosiale media er abonnering eller fylgje-funksjonen (eng. *follow*); ein kan trykke på ein knapp "fylgje" eller "abonner" på ulike sosiale media profilar til vener/kjendisar/andre offentlege kontoar som vil vise seg, varsle eller oppdatere at dei legg ut eller oppdaterer kontoen med noko nytt. Personar som nyttar denne funksjonen vil bli omtalt som *fylgjarar* (eng. *followers*) i denne oppgåva, det vil seie personar som les, kommenterer og fylgjer Uperfektepiker sine sosiale media kontoar på Facebook, Instagram og/eller Snapchat.

Både Facebook, Instagram og Snapchat har ein anna funksjon som vert nytta av ein del influensarar samt andre brukarar av sosiale media; "My story"/ "storyén" (Snapchat), "Min historie" (Facebook og Instagram). Snapchat Support skriv at "My story" er ei utvald samling av bilete eller videoar som vert spela av i den rekkefylgja personen som legg det ut postar på og kvart innlegg i "My Story" varer i 24 timer. Det same gjeld på Facebook og Instagram. Kontoen Uperfektepiker bruker mest Snapchat sin "My story" til å kommunisere med fylgjarane sine.

Snappar og *gjestesnappar* er omgrep for Uperfektepiker. Omgrepet vil òg bli brukt i oppgåva då fleire av informantane oppgjev at dei kallar seg sjølv eller identifiserer seg sjølv som snappar eller gjestesnappar. Ein *snappar* for Uperfektepiker legg jamleg ut videoar og bilete med tekst på storyen som er synleg på Snapchatkontoen i 24 timer og er med i hovudgruppa som driv kontoen Uperfektepiker. Gjestesnappar er personar som legg ut video og bilete med tekst på kontoen som ein gjest og som har blitt invitert eller tatt kontakt sjølv for å dela sin historie eller kunnskap for å snakke om eit spesielt tema for Uperfektepiker.

Fleire av informantane har òg nytta ord som *snappa*, *snapper*, *snappene* som kan vera ei brei skildring av alle innlegg som vert lagt ut på Uperfektepiker sin My Story på Snapchat, det vil seie bilete med/utan tekst, videoar med/utan tekst, skjermbilete mm.

1.2. Avgrensing av oppgåva

Bruken av sosiale media i Noreg eskalerte i 2008 etter at Facebook kom til Noreg i 2007 og er eit stort fenomen i seg sjølv (Enjolras, Karlsen, Steen-Johansen & Wollebæk, 2013, s. 12-13). Det finst ulike typar press på sosiale media som igjen er ein del av eit større sosialt fenomen. Eg skal sjå på eit lite aspekt i sosiale media, nemleg prosjektet Uperfektepiker og deira forsøk på å skape mobilisering og endring i samfunnet.

I denne oppgåva har eg gjort ei klar avgrensing i forhold til kunnskapssøking. Sidan dette er ei masteroppgåve i samfunnsarbeid er det naturleg at fokuset ikkje berre er på dei ulike metodane innan samfunnsarbeid, men òg samfunnet og menneska det gjeld. Nokre av metodane innan samfunnsarbeid vert presentert som ein komponent ved sidan av informantane, som ei viktig, teoretisk forståing, men hovudfokuset er opplevinga til dei som deltek i å mobilisere Uperfektepiker. Målet er å få kunnskap i om Uperfektepiker driv samfunnsarbeid og i så fall korleis. For å forstå dette fenomenet har eg valt å introdusere sosiale media og korleis frivillig engasjement fungerer på sosiale media, og omtalar det difor kun på generelt grunnlag. Eg har ikkje valt å fordjupa meg i korleis slike prosessar vert gjennomført og påverka av ulike aspekt på Internett, det vert likevel eit tilbakevendande element i oppgåva då sosiale media og engasjement på sosiale media er tett knytt til Uperfektepiker og informantane sine svar.

Det hadde vidare vore interessant å undersøka korleis tilsvarande sosiale media kontoar vert drive (førebers er det berre observert slike kontoar frå enkeltpersonar), og om det har innverknad på eit større nivå eller plattform. Det hadde òg vore relevant å granske identitet og sjølvpresentasjon sidan dette heng tett saman med korleis me nyttar sosiale media, men på grunn av omfanget til oppgåva vel eg å ikkje gå djupare inn på dette og i staden fokusere på andre aspekt som er meir relevant for perspektivet samfunnsarbeid.

1.3. Disposisjon over oppgåva

Masteroppgåva består av sju kapittel. Kapittel 1. Innleiing: bakgrunn for val av tema, relevant forskning og presentasjon av problemstillinga vert skildra, samt omgrepsavklaringar og oppgåva si avgrensing. Kapittel 2. Teori:teoretiske rammeverk for oppgåva vert presentert, desse er i hovudtrekk sosiale teoriar med fokus på samfunnsarbeid og består av teori om samfunnsarbeid, deltaking, nettverk og fellesskap, sosial kapital, undertrykkande pedagogikk, individuell og kollektiv Empowerment, "Back-stage" og "front-stage". Kapittel 3. Forskingsmetode: metoden for oppgåva vert skildra , samt korleis eg har anvendt metoden under heile prosessen for å kunne

gjennomføre denne forskinga. Resultat og oppsummering av funn av kor eg ser datamaterialet i samanheng med problemstillinga og det teoretiske rammeverket vil bli presentert i tre empiriske kapittel. Kapittel 4. Deltaking, motivasjon og moglegheit til å påverka. Kapittel 5. Sosiale nettverk og inkluderande fellesskap. Kapittel 6. Endring gjennom sosiale media. Aller tre kapitler vil starte med presentasjon av funn og deretter oppsummering av funn. Siste kapittel er kapittel 7. Konklusjon: Uperfektepiker som samfunnsarbeid?: avslutter med oppsummert presentasjon av mitt kunnskapsbidrag og framlegg til vidare forskning.

Kapitel 2: Teori

I dette kapitlet vil eg redegjera for masteroppgåvas teoretiske perspektiv. Dette inneber teorien som er plattformen for mi forskning, og som dannar utgangspunktet for drøftinga av funna eg har gjort. Eg har valt å presentera teorien som står sentralt innan både sosial teori og samfunnsarbeid, med utgangspunkt i den humanistisk-eksistensialistiske tradisjonen. Det vil fyrst vera ein presentasjon av samfunnsarbeid og ressursbasert tilnærming som eg ser på som det grunnleggjande for mi masteroppgåve.

2.1. Samfunnsarbeid

Samfunnsarbeid har i lang tid vore ein viktig arbeidsmåte i sosialt arbeid både internasjonalt og nasjonalt (Breivik & Sudmann, 2015, s. 2). Sudmann og Folkestad skriv at:

Samfunnsarbeid er en arbeidsmåte for vedlikehold av eksisterende fellesskap eller skaping av nye, samt en kritisk analytisk tilnærming til sosial ulikhet, sosiale endringsprosesser og medforskning. Samfunnsarbeid kan innebære en destabiliseringsprosess for å skape nye muligheter til selvpresentasjon, forhandlinger om situasjonsdefinisjoner eller sosial deltakelse. (Sudmann & Folkestad, 2015, s. 7)

Utgangspunktet for samfunnsarbeid er at ein ser på menneska som kreative, kompetente og handlande aktørar. Tanken er at mennesket sjølv skal vera med i prosessen som kan betre deira moglegheiter for sosial deltaking og endra sine livsvilkår (Henriksbø & Sudmann, 2011, s. 52).

Hutchinson (2010, s. 34-35) skriv at samfunnsarbeid kan brukast når fokuset blir flytta frå individuelt til kollektivt nivå og problema som enkeltindividida opplever blir satt i samanheng med forholda i lokalsamfunnet. Samfunnsarbeid kan knyttast til kollektiv handling og kollektivt endringsarbeid, samt å ta ansvar for sine medmenneske (Henriksbø & Sudmann, 2011, s. 52).

Hutchinson (2010, s. 62) skriv at ”i samfunnsarbeid vil det alltid være et mål å mobilisere krefter og handlingsevne hos de berørte”. Mobilisering av krefter førekjem i form av å få meir makt, styring og kontroll over eige liv dersom dei rørte får auka sjølvtilitt, får betre sjølvbilete og får auka kunnskap og ferdigheiter (Askheim, 2012, s. 12).

Menneskets deltaking er eit grunnprinsipp i samfunnsarbeid. Hensikten er å hjelpa folk til å forbetra sine lokalsamfunn gjennom kollektiv handling, med grunnverdiar som sosial rettferd, sjølvråde, refleksjon og det å jobbe med, og lære av, kvarandre (Ledwith og Springett, 2010, s. 14-15). Når menneska samlar krefter i lag for å skape ei endring kan det kallast kollektiv

handling (Ledwith, 2005, s. 7). For å lære av kvarandre kan ein benytte seg av storytelling, som er ein metode innan samfunnsarbeid. Dette er relevant fordi Uperfektepiker fortel mange personlege historiar når dei legg ut innlegg på sosiale media.

Storytelling er ein interaksjonsprosess mellom forteljar og publikum (Ledwith & Springett, 2010, s. 103). Ledwith og Springett (2019, s. 110-113) skriv at storytelling kan brukast til å formidla sine eigne historiar, gjengi andre sine eller fortelja frå ein fiktiv ståstad. Dei skriv òg at storytelling kan fremmja sjølvtilitt, identitet, autonomi, medvit og empowerment. Dette kjem av at forteljaren sjølv kontrollerer formidlinga og kan forme historia med eigne ord og på den måten utfordre den ”etablerte sanninga” og møte makt med motmakt (Ledwith & Springett, 2010, s. 104-107).

Dette er relevant fordi “Uperfektepiker” fortel eigne personlege historiar på kontoen sin, dei formar sjølv konseptet og deler eigne erfaringar om fordommar og tabu utfordringar. Nokon sentrale verkemiddel i samfunnsarbeidet er òg medverknad, dialog og Empowerment (Hutchinson, 2010, s. 13), som vil bli presentert seinare i teorikapitlet.

2.1.1. Asset-based community development (ABCD-tilnærming)

I denne oppgåva vil ABCD-tilnærming vera relevant for å forstå korleis “Uperfektepiker” prøver å få andre til å delta og auka medavgjersle. Prinsipp frå asset-based community development (ABCD-tilnærming) er ein ressurs-basert tilnærming til samfunnsarbeid som baserer seg på at samfunnet identifiserer sine eigne mål for utvikling, og benyttar ulike ressursar som samfunnet har (Kretzmann & McKnight, 1993, s. 1).

ABCD-tilnærminga vart utvikla som ein motvekt til Top-down tilnærminga i samfunnsarbeidet. Top-down tilnærminga er kanskje den som er mest utbreidd, der ekspertar kjem inn med eigne agendaer og tiltak. Bottom-up tilnærminga i ABCD baserer seg på at samfunnsarbeidet blir styrt av, for og med samfunnet eller mennesket det gjeld. I staden for at profesjonelle kartlegg og vurderer behova i eit samfunn, mobiliserast samfunnet til å kartlegge sine eigne ressursar og sette seg mål for kva dei ynskjer å oppnå (Kretzmann og McKnight, 1993, s. 1-2).

Grunnleggarane av ABCD-tilnærminga, Kretzmann og McKnight, understrekar at ein ikkje skal ignorera eventuelle behov for ressursar utanfrå, men at denne bistanden vil fungera meir effektivt gjennom eit deltakande samfunn, som sjølv formulerer kva dei ynskjer å arbeide mot

(Kretzmann og McKnight, 1993, s. 4). Mathie og Cunningham (2003, s. 474) formidlar at ABCD-tilnærminga rettar merksemda mot sosiale ressursar: individets evner og talent, og dei sosiale relasjonane som driv lokale foreiningar og nettverk. Dette framstår som viktig ved at alle partar har same førestilling om kva for ressursar som er i spel.

2.2. Deltaking, nettverk og fellesskap

I samfunnsarbeidet står sosial deltaking sentralt for fellesskapsdanning, innverknad og sosial endring (Breivik & Sudmann, 2015, s. 2). Dominelli (2002, s. 109) skriv at kollektiv handling kan bidra til å motarbeide både diskriminering og undertrykking. Kjennskap til kvarandre vil òg føre til at fordommar minskar (Bauman & May, 2004, s. 40).


Enjolras et al., (2013, s. 25) skriv at “sosiale medier skaper sosiale nettverk”. Internett eller sosiale media med alle sine brukarar kan danne eit stort nettverk der menneske kan kommunisere med kvarandre og slik delta sosialt. Internett og sosiale media gjer det enklare å halde kontakt med ulike menneske og grupper spesielt når det handler om store avstander og lite tid hos enkelte. Nettverka kan dermed auka og menneska i dei kan slik få tilgong på meir informasjon samt oppfordring til deltaking og engasjement (Enjolras, et al., 2013, s. 65-66).

Deltaking i fellesskapet kan gje fleire gevinstar i tillegg til større nettverk; kritisk tenking rundt politiske strukturar og sterkare kjensle av empowerment (Bracht, Kingsbury & Rissel, 1999, s. 88-89). Enjolras et al. (2013, s. 34-35) skriv at *online fellesskap* kan vera like nyttig og meiningsfullt som det fysiske fellesskapet der menneske deler meiningar med kvarandre og knytt band gjennom felles interesser, støtte, identitet og sosiabilitet. Dei framhevar at tilliten er forutsetnaden til fellesskap og tilhøyrslar, men og at tilliten kan påverka i positiv og negativ retning ved aktiv deltaking på sosiale media. På den eine sida er ny kunnskap, nye synspunkt, openheit mot verda og vedlikehald av sosiale relasjonar, medan den andre sida er prega av større varsemd og blygskap (Enjolras et al., 2013, s. 82-83).

2.1.1. Deltakingsstigen

Hutchinson (2010, s. 23) skriv at medvernad er ei kjerne i samfunnsarbeidet. Ein måte å tydeleggjera graden av deltaking er å nytta seg av Arnstein sin deltakingsstige (1969) "Ladder

of citizen participation". Stigen kan gje innsikt i dei ulike nivåa av deltaking.



Figur 1: Degrees of Citizen Participation (Arnstein, 1969)

Arnstein nyttar "participation" i artikkelen *A ladder of citizen participation* som kan oversetjast til deltaking og medverknad. Arnstein (1969, s. 217) skildrar ulike grader av deltaking og medverknad og nyttar ein stige for å illustrera dette med åtte ulike trinn. Stigen er ikkje representativ for alle grader av deltaking i røynda, men gjev eit godt bilete på at deltaking i enkelte tilfelle kan vera symbolsk (Arnstein, 1969, s. 217).

Dei to fyrste trinna er manipulasjon (1) og terapi (2) som skildrar eit nivå av "ikkje deltaking". Dei tre neste trinna; informasjon (3), konsultasjon (4) og rådgeving (5), dreier seg om ulike former for symbolsk deltaking. Desse trinna kan tolkast som ei form for ein-sidedig dialog. Vidare oppover stigen er det samarbeid (6), delegert makt (7) og innbyggjarkontroll (8). Desse trinna inneheld innbyggjarmakt og deltaking med aukande grad av innverknad som kan sjåast som reell deltaking.

Henriksbø og Sudmann (2011, s. 53) påpeikar at stigen ikkje skal tolkast som at det er betre dess høgare ein er i stigen. Deltakingsforma må tilpassast kvar enkelt situasjon. Arnstein sin stige kan framstå som ein forenkla modell av røynda. I røynda kan det til dømes vere fleire mindre avgrensa trinn eller trinn som flyt over kvarandre (Arnstein, 1969, s. 218). Til dømes kan ein befinne seg både på trinn som samarbeid og rådgeving og ikkje berre ein av dei. Stigen er relevant for oppgåva då eg kjem til å bruke den seinare for å illustrere kva for trinn

"Uperfektepiker" befinn seg på, eller prøver å nå og kva for grad av medverknad informantane opplev.

2.1.2. Sosial kapital

Sosial kapital er eit nøkkelomgrep om samfunnsarbeidet (Minkler & Wallenstein, 2005, s. 35). Pierre Bourdieu er ein av dei mest sentrale sosiologane som skriv om ulike former for kapital og er oppteken av ressursar som vert tilgjengeleg for menneske gjennom kjennskap (Bourdieu, referert i Starrin & Rønning, 2009, s. 21-23). Bourdieu (referert i Starrin & Rønning, 2009, s. 34) skriv om økonomisk, kulturell og sosial kapital og bruker dei for å illustrere ein persons samla kapital og sosiale plassering i samfunnet. Robert Putnam, ein annan sentral person når ein omtaler sosial kapital, er ein amerikansk statsvitar som blant anna er kjent for boka *Bowling alone: The collapse and revival of American community* (2000), kor han skildrar amerikanarane sin nedgang i sosial kapital sidan 1950-tallet. Bourdieu er meir oppteken av dei ressursane som blir tilgjengelig for enkeltindivid gjennom kjennskap, medan Putnam er meir oppteken av sosial organisering og korleis samfunnet kan bli betre gjennom våre relasjonar (Starrin & Rønning, 2009, s. 21-23).

Putnam (2000, s. 19) skriv at sosial kapital er det sosiale nettverk som er prega av normer og resiprositet som held nettverka saman og har ein verdi (Putnam, 2000, s. 19). Sosial kapital er ein viktig ressurs for både enkeltindividet og for samfunnet som ein heilheit (Ødegård, Loga, Steen-Johansen, & Ravneberg, 2014, s. 9).

Putnam (2000, s. 20) skil mellom individuell og kollektiv kapital. For den enkelte kan sosiale nettverk gi tilgang til ulike goder som arbeid eller moglegheit til å auke sin sosiale status, medan kollektiv sosial kapital "viser til kvaliteter ved et samfunn og blant annet til dets sammenbindende kraft og grad av solidaritet" (Ødegård et al., 2014, s. 39). Ødegård et al. (2014, s. 39) skriv at menneske med tillit til kvarandre, kan føre til eit samfunn med tillit. Starrin og Rønning (2009, s. 21-23) skriv blant anna at sosial kapital handlar generelt om relasjonar mellom menneske, og at desse relasjonane kan ha positiv verdi på andre arenaer i livet.

I boka *Bowling alone: collapse and revival of American community* (2000) skil Putnam mellom to former for sosial kapital – sambindande (bonding) sosial kapital og brubyggjande (bridging) sosial kapital (Putnam, 2000, s. 22). Han påpeikar at skilljet mellom bonding og bridging kanskje er eit av dei viktigaste innan sosial kapital (Putnam, 2000, s. 22). Sambindande sosial kapital handlar om at menneske som kjenner tilhørsle til kvarandre gjennom kultur, identitet

og nasjonalitet kjem saman. Brubyggjande sosial kapital handlar om at menneske kjem i lag på tvers av skilnadar og ulike nettverk (Ødegård et al., 2014, s. 9). Ødegård et al. (2014, s. 9) skriv at for enkeltindivid kan eit breitt nettverk bidra til å auka tilgong på informasjon og nye menneske kan vera viktige dørøpningar til yrkeslivet eller andre arenaer. Gjennom brubyggjande ordningar dannar ein grunnlag for at menneske frå ulike sosiale lag møtes (Putnam, 2000, s. 22-23). Putnam (2000, s. 20) framhevar også at ein stor del av arbeidstilsetjingane skjer på bakgrunn av nettverk og dermed kan det vera ein stor fordel å delta i ulike typar aktivitetar der ein vert kjend med andre (Putnam, 2000, s. 20).

Granovetter (referert i Eimjelen et al., 2013, s. 25) skriv at “digitale nettverks brobyggjande eigenskaper er avhengige av nettverkets strukturelle eigenskaper, for eksempel i hvilken grad nettverket blander sterke og svake bånd”. Med svake band vil det seie at personar står fjernare frå kvarandre og sterke band kan til dømes vera det me har i nære vennskap. Gjennom mange svake band blir ein kopla til eit større nettverk. Sosiale media gjer det lettare å oppretthalde svake band som til dømes når fysisk avstand er veldig stor er det lettare å ta kontakt på sosiale media jamleg. Samstundes vert det lettare å få tak i verdifull informasjon (Eimjelen et al., 2013, s. 25-26). Ressursar i sosiale nettverk er grunnlaget for sosial kapital og byggjer på kollektiv handling, noko som kan gjere det enklare for ulike aktørar, organisasjonar og institusjonar å samarbeide med kvarandre (Eimhjellen, 2011, s. 268).

Teori om sosial kapital er relevant for mi oppgåva mellom anna for å forstå mobilisering og deltaking då "Uperfektepiker" etablerer ulike band mellom kvarandre på sosiale media, men og med ukjende og nye menneske som blir kopla saman til eit større sosialt nettverk.

2.2. Undertrykkande pedagogikk

Me lever i eit samfunn med skeiv maktfordeling (Ledwith & Springett, 2010, s. 133). Dette kan sjåast i samanheng med sosiale media der fleire kan kjenne seg undertrykt mellom anna av marknadsføring eller framstilte perfekte liv.

Paulo Freire, ein anerkjend teoretikar og pedagog, analyserte kritisk tradisjonell undervisning. Han meinte at undervisning ikkje er å programmere, men å problematisere og ikkje overføre oppfostraren til eleven, men å provosere til sjølvavgjersle (Freire, 1999). Hans litteratur om frigjerings frå undertrykking har hatt stor innverknad på moderne samfunnsarbeid (Minkler og

Wallenstein, 2005, s. 36). I *De undertryktes pedagogikk* belyser han kor viktig det er å motarbeida undertrykkande praksis:

De undertryktes pedagogikk, som en menneskerettet og frigjørende pedagogikk, består av to klart adskilte stadier. På det første avslører de undertrykte den verden av undertrykkelse de lever i, og gjennom praksis engasjerer de seg i omforming av den. På det andre stadiet der undertrykkelsens virkelighet allerede er omformet, vil ikke lenger denne pedagogikken tilhøre de undertrykte og blir derfor en pedagogikk for alle mennesker i den vedvarende frigjøringsprosessen. (Freire, 1999, s. 37)

Frigjerande praksis er det motsatte av undertrykkande praksis. Den kan oppnåast gjennom å nytta dialog som verktøy i opplysningsprosessen og kampen mot undertrykking (Freire, 1999). Ledwith og Springnett (2010, s. 127) skriv at dialog er forutsetnaden for samfunnsarbeid. I tillegg påpeikar Ledwith (2011, s. 69) at dialog er fundamentet i endringsarbeid. Freire (1999, s. 30) skriv vidare at det ikkje naudsynt er slik at dei undertrykte er klare over at dei er undertrykte og dermed ikkje strebar etter frigjering eller å overvinna motseiinga, men at “deres opplevelse av seg sjølv som undertrykte svekkes av at de er oppslukt av en virkelighet som undertrykker dem”. Sosiale media kan fort opplevast som oppslukande når ein sit åleine og ser fine bilete og statusoppdateringer. Slik eg tolkar Freire kan opplevinga av at ein er normal verta svekka dersom ein ikkje er bevisst at flauten av perfekte innlegg på sosiale media ikkje syner røynda, særleg når det samstundes er for få innlegg som syner røynda. For å frigjera seg må dei undertrykte forstå eigen undertrykking og handla mot den, i denne prosessen er dialog det sentrale verkemiddelet (Freire, 1999, s.63).

Kritisk tenking om korleis røynda er, kan bidra til at ein kan endra den. Å verta klar over årsaka til undertrykkinga kan føra til endring i åtferd og dermed endring i røynda. Ynskjet om endring kan vekka håp om at dette vert røynda dersom andre får same ynskje (Freire, 1999, s. 30). Grupper som arbeider saman for endring kan dannast ved at menneske med same tankeprosess søker saman. Dette kan sjåast som ei sosial rørsle eller byrjinga på ei slik rørsle (Ledwith, 2011, s. 2).

Freire (1999, s. 62) skriv at “det er når menneskene sier sin mening og gir verden navn at de forandrer den, og dialogen tvinger seg frem som menneskenes måte å nå betydning som menneske på. Dialog er derfor en eksistensiell nødvendighet”. Dialog kan kun oppstå mellom to partar som ynskjer det og forutset at ein får moglegheita til å uttale seg (Freire, 1999, s. 72).

Slik eg tolkar Freire kan dialog bidra til frigjering dersom den er ynskja frå både undertrykkar og undertrykt part, kun då kan den opplevast som frigjerande.

Freire (1999, s. 73) skriv at grunnlaget for dialogen er kjærleik til verda og menneska. Dette kan tolkast som gjensidig respekt og at partane i dialogen må oppleve at dei er likestilte. Rettleiing, støtte og å bli møtt med respekt er kjerna for likeverdig deltaking i eit fellesskap (Freire, 2009, s. 13). Freire sin teori om undertrykking og frigjering er relevant for "Uperfektepiker" fordi dei ynskjer å skapa ei endring og frigjera seg frå undertrykkinga dei opplever frå sosiale media som legg sosialt press på å prestere på best mogleg måte. Seinare i oppgåva vil det bli tydeliggjort korleis "Uperfektepiker" bidrar til frigjeringsprosessen ved hjelp av dialog som Freire omtaler.

2.3. Individuell og kollektiv Empowerment

Empowerment er sentralt for å endra samfunnet, det er sett som prosessen som bidreg til at me utviklar teori og praksis om likestilling (Ledwith, 2011, s. 28). For at fleire ungdomar og unge vaksne kan stå imot det perfekte idealet i samfunnet blir det viktig å gje dei opplevinga av makt over eigen situasjon. I omgrepet empowerment er kjerna "power" - styrke og makt. Omgrepet vert knytt til individa som er eller har vore i ein avmaktsposisjon og korleis dei kan komme seg ut av den (Askheim, 2012, s. 11).

Fleire av innlegga som kjem på sosiale media kan gje feil inntrykk og budskap, noko som kan gjera at det vert vanskeleg for barn og ungdom å sjå at idealet som blir skapa i sosiale media ikkje alltid står i samsvar med røynda. Ein samanliknar seg sjølv med dei rundt seg og kan oppleve at ein står åleine dersom ein til dømes har ein sjukdom og ikkje kjenner nokon andre med same plage og berre ser det "perfekte" rundt seg, ein kan kjenne seg i ein avmakts posisjon.

Leon Festinger (1954) presenterer sosial samanlikningsteori, der han mellom anna presenterer at menneske har behov for å vurdere seg sjølv ved å samanlikne seg med andre (Festinger, 1954, s.17). Han skildrar to typar samanlikning, oppoverretta og nedoverretta. oppoverretta sosial samanlikning går på at ein samanliknar seg med dei som er betre enn seg sjølv og nedoverretta sosial samanlikning handlar om at ein samanliknar seg med dei som er like eller er dårlegare enn seg sjølv. Oppoverretta samanlikning kan bidra til at ein kjenner seg utilstrekkeleg og gjev seg sjølv dårlegare sjølvevalueringar, trass i at i nokre tilfelle kan oppoverretta bidra positivt i prestasjonssituasjonar. Nedoverretta samanlikning kan bidra til at

ein kjenner seg betre og gjer positive sjøvevalueringar til seg sjølv (Vogel, Rose, Roberts & Eckles, 2014, s. 206-207). Fardouly og Vertanian (2014, s. 83) og Vogel et al., (2014, s. 218) skriv at på sosiale media er det mest oppoverretta sosial samanlikning. Dette kan plassera menneske i ein avmaktsposisjon der dei får dårleg sjølvkjensle/sjølvbilete fordi dei til dømes ikkje har same moglegheiter eller same "perfekte" kropp som synes på sosiale media. Smith (2010, s. 125) skriv at ungdom er særleg utsatt for sosial samanlikning og at dette er knytta til opplevinga av dårleg sjølvkjensle i ungdomsåra. For å utretta noko og medverke til endring er sjølvtilitt og trua på eigenverd viktig. Utan dette kan det vera vanskeleg å binda saman og endre fellesskapet (Ledwith, 20011, s. 66).

Hutchinson (2010, s. 62) skriv at mobilisering av krefter hos dei berørte står i sentrum for at dei kan kome seg ut av avmaktsposisjonen. Mobilisering av krefter førekjem i form av å få meir makt, styring og kontroll over eige liv dersom dei berørte får auka sjølvtilitt, betre sjølvbilete og auka kunnskap og ferdigheiter (Askheim, 2012, s. 12). Sidan "Uperfektepiker" og er ein informasjonskanal er det viktig å undersøke korleis "Uperfektepiker" gjennom bilete, videoar og tekstar søker om å auke kunnskap, betra sjølvbilete og sjølvtilitt hos seg sjølv og fleire av sine fylgjarar. Dermed er det relevant å ta med skilje mellom individ og kollektiv orientert tilnærming til Empowerment for å sjå om "Uperfektepiker" kan bidra på begge nivå og korleis.

Askheim (2012, s. 17) skil mellom individ og kollektiv orientert tilnærming til empowerment. I individorientert empowerment ligg fokuset på korleis den enkelte kan styrkast for å kome ut av ein avmaktsposisjon. Nøkkelen ser ut til å ligge i individet sjølv, det blir i liten grad tatt omsyn til konteksten individet er del av og påverkast av. Kollektivorientert tilnærming til empowerment har meir fokus på konteksten og grad av tilrettelegging for medverknad og medavgjerdsle i samfunnssystema (Askheim, 2012, s. 17). Individuell empowerment er viktig for å danne kollektiv empowerment, men det er ikkje gitt at kollektiv empowerment er avhengig av individuell empowerment. Dersom ein er i eit samhald med sterk kjensle av kollektiv empowerment er det forståeleg å tru at dette vil smitte over på kvar og enkelt individuelt (Ledwith, 20011, s. 66).

2.4. Normalitet, avvik og inkludering

Det er vanleg for menneske å sortera og kategorisere det ein er del av, dette er noko ein lærer frå ein er føydd. Å kategorisere inneber å plassere menneske i kategoriar der ein tenkjer dei

passar inn, ofte basert på oppfatningar av kva eigenskapar dei har. Den gruppa me høyrer til og forstår vert omtala som ”oss”, medan ”dei” er gruppa me anten ikkje har tilhøyrse til, eller som me ikkje ynskjer å høyre til (Bauman & May, 2004, s. 43). Når me kategoriserer basert på antakingar om andre forenkler me røynda rundt oss, og det vert danna eit ukorrekt bilete av kven “dei andre” er (Goffman, 2009, s. 43). Førestillinga om utgruppene eller dei andre ofte er uklar og baserer seg på manglande forståing (Bauman & May, 2004, s. 43) Når noko blir gjenteke ofte nok, vert me kjende med det og etterkvart blir det uproblematisk og vanleg. Med andre ord vert det normalisert (Bauman & May, 2004, s. 19).

Dei fleste ynskjer å passe inn og bli inkludert. Solvang (2002) skriv om normalitets diskurs, kva er normalt og avvikande med skilje mellom oss og dei andre. Han skriv om korleis personar med funksjonshemming kan oppleve å bli undertrykt, diskriminert og ekskludert av det øvrige samfunnet som prøver å gjera dei mest mogleg like dei andre i samfunnet (Solvang, 2002, s. 35-37). Solvang (2002, s. 37) viser til Oliver og skriv “er det snakk om å strebe etter å bli inkludert i normaliteten eller handle det om å annerkjenne forskjellighet”. Solvang (2002, s. 105) påpeiker at “en fellesnevner for utviklingen av forskjellighet som nøkkelkategori er en styrket bevisstgjøring og aktiv selvhevdelse i grupper som tidligere har vært den undertrykte part i forhold til en normalitet”. Dette står heilt sentralt i samfunnsarbeidets arbeidsmåte. Eg vil seinare i oppgåva bruka teori om normalitet, avvik og inkludering der eg skal overføra dette til “online” samanheng der sosiale media som plattform for sosial interaksjon. Samtidig skal eg gå djupare inn på kva "Uperfektepiker" gjer, om og korleis dei prøver å inkludere andre og bidra til normalisering.

2.5. ”Back-stage”, ”Front-stage”

Erving Goffman er ein sosiolog som introduserer sjølvpresentasjon og andre omgrep som “back-stage”, “front-stage” og “impression management”. Goffman (1992, s. 22) viser til at menneskeleg samhandling vert prega av relasjonen mellom menneska me møter og situasjonen ein er i. I boken *Vårt rollespill til daglig: En studie av hverdagslivets dramatik* bruker han metaforar som rollespel, “front-stage” og “back-stage”, for å illustrera korleis menneske spelar ut ulike sosiale roller, ut frå kven ein snakkar med og kor ein er (Goffman, 1992 s. 66). ”Front-stage” representerer ansiktet me ynskjer å vise utad, dei internaliserte normene me har og forventingane som blir stilt til vår rolle ut frå konteksten. ”Back-stage” er området der me kjenner oss fri frå normer og forventingar som formar framsyninga vår, der vårt sanne ansikt

bak kulissane kjem fram. På scena "front-stage" syner ein det ein ynskjer at andre, både kjende og ukjende, skal sjå. Dei fleste ynskjer kanskje kun å syna dei gode tinga i livet sitt (Goffman, 1992, s. 98-113). Dette henger tett saman med vår identitet og sjølvpresentasjon på sosiale media (Aalen, 2015, s. 54).

Goffman presenterte omgrepet "impression management", og med dette meiner han at i sosiale situasjonar oppfører me oss på ein slik måte at folk får det inntrykket av oss som me ynskjer sjølv. Me prøver å kontrollere kva for inntrykk andre får av oss, og dette gjør me ved å vise fram eller dekke til enkelte sider av oss overfor andre (Goffman, 1992, s. 60).

Menneske prøver å kontrollere "back-stage" og "front-stage" og om nokon oppdagar at ein har fleire sjølvmodsigande roller kan dette føre til at ein mister andre sin respekt (Goffman, 1992, s. 55). Ein måte å unngå dette på, er å ha ein inndeling av publikum og på den måten halde roller avskilt. Det er formålstjenning å ha ulike roller for ulikt publikum (Goffman, 1992, s. 116).

På tross at Goffman skriv sin teori og forskning basert på ansikt-til-ansikt situasjonar kan dette vera relevant å bruke i sosiale media kontekst (Haugseth, 2013, s. 93). Goffman framhev at det handlar meir om korleis me er sosialisert inn i eit samfunn og veit korleis ein skal oppføre seg i ulike situasjonar (Goffman, 1992, s. 66). Aalen (2015, s. 56) framhever to faktorer, kvifor menneske ynskjer å framstille seg sjølv i eit betre lys og gi eit god inntrykk gjennom sosiale media. Fyrst er det fordi det er eit potensielt stort publikum og det andre er at publikum er som oftast personar som ein må forholde seg til og sannsynligvis treff igjen.

Dei fleste ynskjer ikkje å dele private uhyggelige ting med andre, kanskje spesielt ikkje så nære venner. Ein kan vere redd for å bli stempla som svak og sårbar og ikkje bli akseptert i samfunnet. Bauman og May (2004, s. 29) skriv at det ligg avgrensing i vår fridom og den er avhengig av kven me er i andre sitt syn.

Goffman sin teori om "back-stage", "front-stage" og "impression management" er relevant som eit bakteppe for å forstå korleis sosiale media kan opplevast eller/og blir brukt på som ein arena der berre dei fine sida blir vist. Denne teorien er også relevant seinare i oppgåva for å vise korleis "Uperfektepiker" bring fram "back-stage" fram på sosiale media og kvifor.

2.6. Oppsummering

I dette kapittel har eg gjort rede for oppgåvas teoretiske perspektiv. Kapitlet startet med at eg introduserte teori om samfunnsarbeid kor eg kort presenterte Storytelling som metode og ABCD-tilnærming som står sentralt i samfunnsarbeid. Deretter eg presenterte kort teori om deltaking, nettverk og fellesskap. Kor eg vektlagt både fellesskaps betydning for den enkelte men og kollektiv handling, samtidig utdypet det med underkapittel om Arnsteins deltakings stigen og teori om sosial kapital. Vidare forsette med: undertrykkendes pedagogikk, individuell og kollektivt Empowerment, kort presentasjon av normalitets diskurs og Goffman sin teori om ”back-stage” og ”front-stage”.

Kapittel 3: Forskingsmetode

I dette kapitlet vil eg presentere den metodiske tilnærminga som ligg til grunn for oppgåva. Eg vil beskrive dei vala eg har tatt gjennom heile prosessen frå tida før eg gjennomførte intervju, og fram til eg var ferdig å analysere mine funn. Eg skal gje innblikk i kvalitativ metode, presentera vitkapsretninga eg har valt og førforståinga mi. Deretter vil eg skildre min innsamlingsstrategi, rekruttering av informantar, intervjuguide og uformelle intervju som metode. I tillegg vil eg presentera korleis datamaterialet vart samla inn, transkribert, analysert, presentert og diskutert. Til slutt vil eg belysa etiske vurderingar og betraktningar som vert relevant for oppgåva mi, samt skildre metodekritikk, og forskinga sin kvalitet.

3.1. Metode val

Forskingas tema og innfallsvinkel har vert retningsgivande for val av metodisk tilnærming. Sidan fokuset er personlege opplevingar hos dei som fylgjer og driv Uperfektepiker konto, vert det naturleg å velja kvalitativt intervju som metode. Grønmo (2016, s. 341) skriv at ved å bruke kvalitativ metode søker forskaren informasjon på eit djupare nivå, for å skape heilskapleg forståing av fenomenet ein studerer. Data består av tekst, dokument eller respondentane sine utsegn. Undersøkingssopplegg ved kvalitativ metode ber preg av fleksibilitet og dataanalysa føregår ofte parallelt med innhenting av data (Grønmo, 2016, s. 341-342).

3.2. Fenomenologisk og hermeneutisk vitenskapsteori

Gilje og Grimen (1993, s. 11) skil mellom ulike vitkapsfilosofiske retningar som har ulikt syn på korleis sann kunnskap oppnås. Eller med andre ord: kva er vitenskap? I mitt forskingsstudie er det to relevante retningar *hermeneutikk* og *fenomenologi*.

I fenomenologien, betegnet som en medvitsfilosofi, er mennesket si oppleving av eigen situasjon ein forutsetnad for forståing og meining (Frederick, 2005, s.168, Gilje, 2006, s. 7). Frederic (2005) og Gilje (2006) viser til at i fenomenologien er ein oppteken av menneskets intensjon og subjektive erfaringar. Intensjon viser til at "bevisstheten alltid er rettet mot noe", eit fenomen, skapa gjennom menneskeleg aktivitet. Med subjektive erfaringar meiner ein å få

kjennskap til subjektets egne urørte opplevingar, og at desse må skildrast gjennom å benytta deira egne omgrepar (Frederick, 2005, Gilje, 2006).

I hermeneutikken, betegnet som ein fortolkningsfilosofi, er det individ sine skildringar og forskaren sine fortolkingar av desse samt samfunnet dei er en del av som gjev ny kunnskap (Gilje & Grimen, 1993, s. 145). Dette er sentralt innan dobbel-hermeneutikken, der eit fenomen kan forståast med utgangspunkt i aktørane sine egne skildringar, deretter vert dei rekonstruert og fortolka gjennom samfunnsvitskapleg språk og omgrep (Gilje & Grimen, 1993, s. 146).

Det er ikkje noko skarpt skilje mellom hermeneutiske og fenomenologiske studiar (Grønmo, 2004, s. 372). Begge vektlegg heilhets- og meingsforståing, men fokuserer på ulike aspekt ved fenomenet. Fokuset mitt er personlege opplevingar hos dei som fylgjer eller driv kontoen Uperfektepiker, men òg korleis dette sosiale fenomenet kan sjåast i samanheng med samfunnsarbeid. For å oppnå innsikt i dette har eg valt å benytta meg av fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming for forskning då eg opplever at dei utfyller kvarandre.

3.3. Førforståing

Malterud (2011, s. 37) skriv om kvalitativ metode til medisinsk forskning og viser til moderne vitenskapsteori som avviser førestellinga om den nøytrale forskaren som ikkje utøver noko som helst innverknad på kunnskapsutviklinga. Allereie frå starten av er fagleg interesse, motiv og personlege erfaringar med på å prege prosjektet. Malterud (2011, s. 37) påpeikar at det ikkje er eit spørsmål om kor vidt forskaren i det heile påverkar prosessen, men korleis. Det viktige er å vera bevisst på og tydeleggjere sin eigen ståstad som forskar, og stadig ta den ståstaden opp til vurdering gjennom forskingsprosessen (Malterud, 2011, s. 38).

Eg er sjølv utdanna vernepleiar og er ein aktiv brukar av sosiale media, dermed har eg ein del kjennskap til ulike typar sosiale media og korleis det har innverknad på meg sjølv eller kjende. I tillegg har eg fylgd Uperfektepiker og andre sosiale kanalar som omtaler det uperfekte frå ca 2015. Ut i frå dette hadde eg tankar og meiningar om korleis ei studie som denne kunne vera interessant. Eg hadde ein tanke om at prosjektet Uperfektepiker kunne treffa mitt studie/samfunnsarbeid midt i blinken og i forkant ein ide om at Uperfektepiker driv samfunnsarbeid, men korleis visste eg ikkje før eg starta forskingsprosjektet.

3.4. Rekruttering av informantar

Kvalitativ datainnsamling og arbeidet med data er ein tidkrevjande prosess der forskaren kan sittje med meir data enn ein er i stand til å arbeide med (Grønmo, 2016, s. 149-151). Under arbeidet med å rekruttere informantar var det viktig å fokusera på å få intervju personar som kunne gje relevante svar. I tillegg til å velja eit nokolunde optimalt antall informantar slik at informantane kunne gje eit tilstrekkelig grunnlag for analyse, med tidspress til innsamling av data og kapasitet til å arbeide med data i tankane.

I utgangspunkt ynskte eg å intervju 12-13 informantar. Eg hadde ingen krav til informantane når det kom til kjønn, alder, bustad eller andre personlege eigenskapar. Det einaste kravet var at personane driv eller fylgjer kontoen “Uperfektepiker”. Målet var å rekruttera minst to eller tre personar som har erfaring med å snappe for “Uperfektepiker”. Rekrutteringa av desse skjedde ved hjelp av snøballutval. Grønmo (2004, s. 102) betegner snøballutveljing som ein metode for strategisk utveljing, kor ein informant føreslår ein annan. Det vil seie at ein fyrst kjem i kontakt med initiativtakar til Uperfektepiker, som vidare har kome med tips om andre som kan passe som deltakar i mitt forskingsprosjekt.

Eg opplevde vanskar med å skaffe informantar på tross av at temaet for forskinga ikkje var særleg sensitiv eller privat, særleg med tanke på at kontoen deira har over 10 000 fylgjarar. Mange personar var veldig engasjerte og anbefalte fleire potensielle informantar. Dei fleste informantane var i 20 ára og dreiv på med studiar/jobb og eksamensperiodar som prega deira moglegheit til å delta. Fleire informantar trakk seg etter avtalt tid for intervjuet grunna manglande tid til å delta i prosjektet.

Undervegs opplevde eg noko frustrasjon då eg berre hadde gjennomført 5 intervju, men eg kontakta initiativtakar til Uperfektepiker og andre tidlegare informantar, og fekk kontakt med fleire potensielle deltakarar til mitt forskingsprosjekt. Eg opplevde også at open invitasjon var mindre effektiv enn snøballmetode.

3.5. Innsamlingsstrategiar

I løpet av denne prosessen har eg nytta meg av fleire ulike innsamlingsstrategiar for å tileigna meg kunnskap om tema og få tak i tilstrekkeleg datamateriale. Allereie i haust 2018 oppdaga eg kontoen “Uperfektepiker” på sosiale media. Etter ei stund tok eg kontakt med og viste

interesse til initiativtakar. Eg ytra ynskje om å få skrive fagessay om Uperfektepiker og det vart motteke veldig positivt. Informasjon til fagessay blei skaffa gjennom litteratursøk som allereie fantes på Internett, noko av dette blei vidare nytta i masteroppgåva. Etter fagessay har eg tatt kontakt igjen med ynskje om å starte forskingsprosjekt om Uperfektepiker. Initiativtakar var svært hjelpsam til prosjektet mitt og samarbeidet har vore avgjerande for gjennomføringa av arbeidet med oppgåva.

Eg har utforma eit skriftleg invitasjonsbrev med samtykke til deltaking i mitt forskingsprosjekt (vedlegg 1) og sende det på e-post til initiativtakar og etter kvart andre som vart aktuelle i samtale med initiativtakar. Brevet innhaldt førespurnad om å delta i eit forskingsprosjekt om Uperfektepiker. Deltakarane kunne då på førehand tenke gjennom om det var aktuelt for dei å delta i forskinga. Forskingsprosjekt vart òg presentert på Uperfektepiker sin sosiale media konto den 18. april 2019 og var synleg i 24 timar. Der blant anna dei som var interessert kunne tatt kontakt med meg på e-post for å få tilsend invitasjonsbrevet med samtykke og eventuelt avtale tid for intervju. Under intervju nytta eg diktafon for å kunne ha fullt fokus i intervjusituasjonen og konsentrera meg om informanten og det han formidlar.

Eg fekk godt kjennskap til konseptet i tida før eg satt i gang med datainnsamlinga og sjølv skrivninga. Som nemnt var eg sjølv som fyljar av Uperfektepiker, kor eg fekk innblikk i kva Uperfektepiker formidlar nesten kvar dag. Eg hadde også starta å fylgja fleire av Uperfektepikers drivere sine private konto og etablert kontakt. Ut i frå dette har eg gjort meg nokon tankar og meiningar om korleis Uperfektepiker organisere seg og driver denne sosial media konto ilag.

3.6. Presentasjon av informantar

Til saman har eg intervjuet ni kvinnelege informantar. Alle var kvinner i alderen 18 – 34. Dei er 4 snapparar inkludert initiativtakar, 2 gjestesnapparar og 3 fylgjarar. Gjennomsnittsalder på informantane er 25,5 år. 5 av informantane var i jobb, 2 var under utdanning og 2 jobba samtidig som dei studerte. 8 personer var på vei til eller har tatt høgare utdanning, den siste personen gjekk på vidaregåande og tok studiespesialisering. Alle informantane hadde ulikt utdanning, men 6 av informantar har tatt eller var under helsefaglig utdanning. Av hensyn til anonymitet, presentere eg ikkje informantanes oppgitte namn på arbeidsplassen og andre personers namn gjennom heile oppgåva. Eg har valt å gje informantane fiktive namn slik at det blir lettare å fylgja med og det blir meir personleg då eg er opptatt å fremja informantanes tankar og

opplevinga med deira ord. For å tydeliggjøre kven eg omtaler og siterer, nyttar eg namn, alder i parentes og deretter rolle i Uperfektepiker (Initiativtakar/, snappar/ gjeste snappar/fylgjar). Følgjande tabell gir en oversikt over kven informantane er, kva dei gjer og kor gamle dei er.

Namn	Alder	Rolle	Utdanning	Jobb
Anne	22	Initiativ takar	Kosthaldsrettlegg og ernæringssterapeut	Sosiale media Influensar
Beate	30	Snappar	Vernepleier	Barnevernsteneste
Cecillia	33	Snappar	Media og kommunikasjon	Kommunikasjons ansvarleg i [anonymisert plass] maraton
Dina	26	Snappar	Under utdanning: profesjonsstudium i psykologi	Akuttpsykiatrisk post
Eli	18	Gjestesnappar	Under utdanning: Studiespesialisering frå vidaregåande	-
Frida	23	Gjestesnappar	Bachelor i psykologi, helsecoach, NLP master	Pedagogisk leder i barnehage
Gunn	21	Fylgjar	Under utdanning: Bachelor i molukulært biologi	-
Heidi	34	Fylgjar	Barnevernspedagog	Krisesenter i [anonymisert plass]
Ida	23	Fylgjar	Under utdanning: sjukepleiar	Heimesjukepleie


Tabell I: Oversikt av informanter

Anne er 22 år og er både initiativ takkar og snappar som har starta Uperfektepiker. Ho har utdanning i kosthaldsrettlegg og ernæringssterapeut og jobbar fullt på sosiale media som influensar der ho fokusere på ernæring, tankemønster og eteriske oljer. Den andre informanten er Beate snappar, 30 år gammal vernepleie og jobba i barnevernstenesta og tredje snappar var Cecillia 33 år og hadde utdanning i media og kommunikasjon og jobba som kommunikasjonsansvarleg i [anonymisert plass] maraton. Den fjerde snappar var 26 år Dina og både studerte og jobba. Ho var under profesjonsstudium i psykologi og jobba på akuttpsykiatrisk post.

To av ni informantar var gjestesnappar og fylgjar av Uperfektepiker som snappa av og til eller cirka ein gong i månaden. Den fyrste eg intervjuar var gjestesnappar som var 18 år Eli og var under utdanning der Eli tok studiespesialisering på vidaregåande skule. Andre gjestesnappar var 23 år Frida hadde bachelor i psykologi med vidareutdanning og jobba fult som pedagogisk leder i barnehage.

Dei tre siste av informantane mine var fylgjarar av Uperfektepiker. Ho eine var Gunn 21 år gamal og var under utdanning der ho tok bachelor i molekylærbiologi. Den andre kvinne var Heidi 34 år gamal og var utdanna barnevernspedagog og jobba i eit krisesenter [anonymisert plass]. Den tredje informanten var Ida 23 år, under utdanning og i jobb. Ida studerte sjukepleie og jobba i heimesjukepleien.

Det fylgjande er ein oversikt av informantane over kor mange månader dei har snappa eller fylgd Uperfektepiker og eventuelt starta å snappe for Uperfektepiker.



Tabell II: Antal månader informantene snappa/fylgde Uperfektepiker

Diagrammet tar utgangspunkt i at Uperfektepiker starta i januar 2018 og mitt siste gjennomført intervju i byrjinga av mai 2019. Tall nummerert nedover representere månader. Grøn farge viser kor mange månader informanten snappa for Uperfektepiker. Blå farge viser kor mange månader informanten har fylgd Uperfektepiker. Eit døme korleis ein kan lese tabell II: Beate(30) har

snappa for Uperfektepiker i 12 månader og fylgd Uperfektepiker i 15 månader. Det vil seie at Beate har starta å snappe for Uperfektepiker etter at ho hadde fylgd Uperfektepiker i tre månader.

Tabellen viser at initiativtakar har snappa og fylgd Uperfektepiker heile vegen. Fire av informantane fylgd Uperfektepiker heilt frå starten det vil sei 16 månader. Tre informantar starta å snappe for Uperfektepiker etter at dei har fylgd Uperfektepiker i tre eller sju månader. Den kortaste snappe tida er seks månader og kortaste fylgja tida er to månader.

3.7. Intervjuguide

Det er viktig at forskaren er godt førebudd til eit intervju og kan mykje om forskingstemaet (Kvale og Brinkmann, 2009, s. 35). Før eg starta med intervjuguide har eg lest mykje om relevant litteratur og leita etter forskning om liknandes prosjekt. Ein av framgangsmåtane eg nytta for å innhenta naudsynt informasjon var å lage ein oversikt over dei ulike omgrepa som inngår i forskingsprosjektet mitt. Dette har hjelpt meg å danne eit bilete om kva for informasjon eg vil hente inn for å kunne svare på problemstillinga.

Grønmo (2016, s. 122-123) skriv at som regel når det gjelder aktører som analyseining i samfunnsvitskaplege studiar informasjon ein prøver å innhenta vil vera om aktørens bakgrunn, og/eller aktørens status, og/eller aktørens handlingar, og/eller aktørens meiningar. Eg har vurdert for å kunne svare på problemstillinga må eg henta inn mest informasjon om aktørens handlingar og meiningar. Eg la blant anna vekt på kva informantane gjer og meina som omfattar dels generelle verdiar, haldningar, samt synspunkta og standpunkta som knytta seg til Uperfektepiker eller sosiale media.

For å kunne gjennomføre dei uformelle intervju og henta inn den data har eg utarbeidet semistrukturert intervjuguide. Grønmo (2016, s. 167) skriv at ved uformelle intervju har forskaren ein intervjuguide som inneheld nokre tema og spørsmål ein skal gjennomføre i løpet av intervjuet. Intervjuguiden blei inndelt i sju ulike tema som baserte seg på omgrepa eg har laga oversikt over då eg prøvde å danne bilete kva som inngår/aktuelt for i forskinga mi og som til saman skulle dekke dei områder som skulle leggja datagrunnlag for å svare på problemstillinga (sjå vedlegg 2). Spørsmåla varierte frå å vera open og lukka. Rekkefølge på spørsmåla har også hatt betydning. Grønsmo (2016, s. 171) framhevar at ein av tips for ein god flytande samtale intervju er å starte og avslutte intervju med nokon enkelte spørsmål og avslutte intervju med lys og positivet til dømes sette lys på framtida.

Den fyrste delen av intervjuet var bakgrunn og innhald, nokre bakgrunnsspørsmål som alder, jobb og utdanning. I hovuddelen av intervjuet ynskte eg å avdekka informantanes oppleving av deltaking, motivasjon til å delta, samt opplevinga av relasjonar, nettverk, samarbeid og utfordringar knytt til Uperfektepiker konto. Til slutt har eg tatt endring/utvikling som tema og forsøkte å henta informasjon om informantanes personlege meiningar om Uperfektepiker konto har betydning i egen liv eller på sosiale media.

Eg har også tatt notater underveis for å innhenta informasjon som ikkje blir tatt opp på lyd opptak, som til dømes kroppsspråk eller intrykk, vurderingar, tolkingar som kunne vert nyttig for seinare intervju eller analyse av datamaterialet. Desse notater vert mest brukt til å endre/utvikle intervjuguide men også i analyse av innhenta data. Eg har prøvd å vera mest mogleg open i møte med informantane, både i starten og slutten stilte eg spørsmål om dei hadde nokon spørsmål eller kommentarar før me starta eller avslutta intervjuet. Hensikta var å vektlegga deira beskrivinga som utgangspunkt for vidare analysearbeid, teoriforankring og drøfting. Dermed eg har også som nemnt nytta deira direkte sitat i empirikapittelet for å redusere risiko for feiltolkingar.

Det vert også nokon forandringar i intervjuguide etter første gjennomførte intervju. Grunnen til dette var at eg opplevde nokon av spørsmåla var nesten like og ga like svar hos informanten. Rekkefylgja har også forandra seg etter første intervju då eg opplevde at med nokre få tilpassingar vil det vera meir naturleg flyt i samtalen. Etter første intervju opplevde eg at eg mangla litt meir detaljert informasjon på nokre punkt og eg valte å tilførte fleire tilleggsspørsmål under hovudspørsmål. Dermed har min første informant ikkje fått heilt like spørsmål som alle andre informantane. Dette kunne vore unngått om eg gjennomførte eit pilotintervju først der eg kunne teste korleis det har fungert og om intervjuguid trenger justeringar og tilpassingar. Men på grunn av det har vert utfordrande å rekruttera informantar og tilpassingar ikkje var omgivande har eg valt å bruke data frå alle mine informantar.

3.8. Uformell intervju og semistrukturert-intervju

Uformell intervju har styrke i at den har fleksibel form og kan virke som ein samtale der forskaren er meir tilbakehalden og let respondentane å kome med eige tankar og uttrykk. (Grønmo, 2016, s. 173). Eg har valt å utarbeide semistrukturert intervju med sju ulike tema og cirka fire forslag til spørsmål med fleire oppfylggingsspørsmål og stikkord under for fire ulike grunner. Først ville eg sikre at informantane blei stilt tilnærma det same spørsmål og slik kunne

eg seinare sjå likskap eller ulikskapar i informantanes svar. Andre grunnen er at semistrukturert intervju ga rom for å kunne stille spørsmål med utgangspunkt i informantanes beskrivingar og utsegn for vidare utdjuping og avklaring.

Den tredje grunnen er at eg ser at semistrukturert kunne vert eit hjelpemiddel for meg som inntar forskarrolla for fyrste gong. Nervøsiteten, urøynnd og stress kunne hindra meg i å stilla dei riktige spørsmål og ikkje prate om irrelevante ting i forhold til problemstillinga.

Fjerde grunnen var at data som førekjem i semistrukturert intervju vil vera lettare å bearbeida seinare. Då vil nokre av hovudkategoriane peike seg ut og verta etablert. Til dømes som deltaking og endring. Desse kategoriane og innhald stort sett all data samla på ein stad i lydopptakar og etterkvart i transkriberte intervju.

Min ynskje ved å velja slik intervjuform var å tileigne ein maktfri og likeverdig relasjon som mogleg ved at intervjuet skulle bære preg av å vera i dialog med informantane. Med utgangspunkt for å skape tillit og tryggleik til meg som forskar. Likevel er det viktig å huske at det eksisterer eit asymmetrisk maktforhold mellom intervjuar og den som intervjuast uansett om målet er å skape ein normal, vanleg samtale. Kvale og Brinkmann (2009, s. 53) skriv at det er intervjuar som definerer temaet og situasjonen, og som alltid stille spørsmåla og har som regel monopol til å fortolke informantanes utsegn. Eg opplevde at eg hadde ein viss definisjonsmakt under intervjuet, der eg blant anna styret samtalen i den retning eg ynskja ved til dømes be informanten å utdjupe noko eller avbryte informanten viss eg følte meg bevegast oss utanfor tema. Eg avbraut informantane i svært lite grad, fordi eg synst det er viktig å la dei fullføre resonnementa sine, både fordi det er høflig men og fordi det kanskje kunne dukke opp noko relevant. Etterkvart som eg gjennomførte og transkriberte intervju oppdaga eg stor belastning ved informasjons transkribering som eg ikkje hadde tenkt på i forkant. Og dermed valte eg å holde endå meir tilbaketrekt posisjon og bekrefte opplevinga med korte ord for å visa at eg lytta til mine informantar.

3.9. Innsamling av datamaterialet

Innsamlinga av datamaterialet starta allereie i haust 2018 til fagessay om Uperfektepiker då eg kontakta initiativtakar. Eg har også søkt etter faglitteratur og anna relevant informasjon om prosjektet Uperfektepiker eller liknandes prosjekt. Eg starta søkeprosessen i Oria, men også nytta databaser som Web of Science, Google Scholar, Idunn, SSB og Ovid. Nokon utvalte

søkeord var: ”sosiale media”, ”uperfektepiker”, ”motstand”, ”ideal”, ”undertrykking”. Søkeorda blei også kombinert og oversett til engelsk.

På bakgrunn av forskingsomfang valte eg å søke opp Uperfektepiker også på Google for å skaffe meg meir informasjon og heilskapleg bilete av kor ofte Uperfektepiker er omtalt i sosiale media. Dette ga meg fleire treff og ledet meg fram til ulike avisartiklar med intervju av Uperfektepiker men også blogg/ Instagram og Facebook innlegg. Grønmo (2016, s. 137) skriv at det kan vera utfordrande å vurdere autensitet i dokumenter, spesielt om de er publisert i ein frammed kontekst. Nytt litteratur dermed var direkte publikasjonar av dei som driver Uperfektepiker. I tillegg har eg nytta referanselister i søket etter relevant forskning.

Datainnsamlinga ved intervju starta i februar 2019. Intervjugjennomføring streket seg fram til midten av mai 2019. Nokon av intervju vert gjennomført ved hjelp av FaceTime då fleire av informantane hadde både travelt kvardag men også på grunn av store geografiske avstandar. Som nemnt tidlegare, fekk alle informantane tilsendt invitasjonsbrev med blant anna informasjon som hensikt med studie, kort om kva me skulle samtale om, anonymitet, moglegheit å trekke seg frå forskinga osv. Fleste har også fått denne informasjonen munnleg den dagen intervju vert gjennomført.

Informantane har signert samtykkeskjema og desse vert oppbevart på eit datamaskin med personlig kode. Intervjua varte cirka frå 25 min til 120 min og teke opp på lydband. Lyd opptaka blei sletta etter transkriberinga. Eg opplevde at informantane var engasjerte og villige til å dela sine opplevingar. Samt opplevde eg at dei var opne og samtala gjekk stort sett naturleg. I byrjinga nytta eg intervjuguiden veldig aktivt sidan eg ikkje følte meg komfortabel med rolle som intervjuar. Etterkvart som eg blei vane med, slappa eg meir av og klarte å fokusere meir på min informant. Intervjua blei meir prega av naturleg samtale og intervjuguid vert nytta berre for å holda meg til tema.

3.10. Transkribering av datamaterialet

Transkribering betyr å skifte ei form til ei anna som i denne samanheng betyr å skifte form frå talespråk til skriftspråk (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 187). Som sagt tidlegare er semistrukturert intervju blei valt for å kunne gjera arbeide med data prosessen enklare. Kvale og Brinkman (2009, s. 187) påpeikar at struktur er i seg sjølv starten på analyse.

Før eg starta med transkribering har eg lest på transkripsjons rettleiing utarbeidet av Kristin Hagen (2008) ved Universitet i Oslo. Dette rettleiingshefte ga meg nokon gode råd til transkripsjonen, men også ga innsikt i fordeler og ulemper med ulike typar transkripsjonar.

Innsamla datamaterialet frå intervju blei transkribert etter kvar enkelt intervju og til saman vart intervjuet på 87 sider. Sidan eg har nytta fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming valde eg å transkribere ord for ord og så nøye så mogleg eller det lutt seg gjøre for å holda transkripsjonen så nær røynda som mogleg. Dette har også bidrege til forskinga si pålitsgrad. Ved eit par tilfelle har eg endra på sitata der det til dømes var grammatiske problem eller setningsoppbyggingar var ulogiske. Meining og betydinga kan dermed gå tapt i det orda blei til skriftleg tekst. Eg måtte derfor stadig ta stilling til kor nøyaktig eg skal sitere informantane med tanke på dialekt, småord, stemmeleie kroppsspråk osv.

For å få fram meininga har eg transkribert diverse lyder som hmm, ehh, samt pauser og latter. Pausar blei markert med tre prikkar "...", latter med "haha", nøling med "ehh" og "øhm". Setningar eller enkelte ord der informantane trykt på, brukte utropsteikn. I transkriberingsprosessen eg har også skrevet "irrelevant snakk" om eg og mine informantar bevega oss utfor tema, som ikkje var relevant for problemstillinga. Nokon av lydfile var av dårlegare kvalitet dette då skuldast dårleg forbindelse, på dei intervjuet som blei gjennomført ved hjelp av FaceTime. Dermed måtte eg spele av lyd opptaka fleire gonger til eg klarte å høre kva som vert sagt. I dei tilfella der det blei masse uklar tale, og lengre pausar til det blei betre dekning vert det notert som "avbrutt av dårleg dekning".


3.11. Dataanalyse

Ved uformell intervju føregår analyse parallelt med innhenting av data. Grønmo skriv at datainnhentinga og dataanalyse er gjentatte dynamiske prosesser (2016, s. 342).

Det finnes mange ulike måtar å analysere data. Det er viktig å velje ein som ivareta og er best eigna til unike datamaterialet. Det er mogleg å la seg inspirere av ulike analytiske tilnærmingar. Eg nytta analysestrategi som eg opplev ivaretar fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming som eg har valt. Det som inspirerte meg var *Grounded theory*, "Den konstant komparative metode" som fokuserer på koding og kategorisering (Dalen, 2004). Med utgangspunkt i dette har eg valt å nytte NVivo program som eg opplever ivaretek min valt tilnærming og gjør koding og kategorisering av datamaterialet enklare og meir oversiktlig ved hjelp av dagens teknologi.

Dette programmet blei eg fyrst introdusert til gjennom mitt studie program ved Høgskulen på Vestlandet. NVivo er ei programvare med analytiske verktøy for kvalitativ forskning som kan nyttast i heile forskingsprosessen med blant anna funksjonar som organisering og koding av tekst, bilete og video. NVivo kan vera nyttig hjelpemiddel i prosessen ved store mengde data med informasjon som til dømes intervju, logger og så vidare (UiO, 2017). NVivo tilbyr også

transkriberingsfunksjon, som eg har valt å ikkje nytte på bakgrunn av for lite kjennskap til funksjonen. Eg valte å laste opp ein og ein transkribert intervju som Word dokument og begynte ved å markere direkte ord og direkte transkribert setningar og danna kategoriar og underkategoriar med utgangspunkt i svara som informantane angitt og kva tema det handlet om (sjå bilete 1).



Bilete 1: NVivo opplasting av intervju

Eg har også nytta kommentar funksjon i NVivo der eg lagt inn viktige notater i forhold til kva teori det passa å dra inn under ulike sitat seinare i diskusjonen. Etterkvart som eg sorterte og organiserte informasjonen kunne eg slå saman ulike kategoriar til større tema og til slutt til fekk eg fem hovudkategoriar. Eg danna eit oversiktlig kart over kva for emne som dominerar i datagrunnlaget mitt. Slik tematisering og kategorisering gjorde det lettare for meg å samanlikne informantanes utsegn med kvarandre og få fram likskapar og skilnader.

Name	F	References	...
▼ Deltaking	6	18	
● Opplevinga ved å dele	6	12	
● Ekskludering og sjølvekskludering	8	13	
● Moglegheit til påverking	7	9	
● Kven deltar	4	4	
● Motivasjon til deltaking	4	14	
▶ Kva gjer snappere og kva gjer fylgjerne	6	11	
▼ Nettverk og inkluderande fellesskap	9	35	
● Følelse av eit samfunn	5	11	
● Inkluderande fellesskap	9	26	
● Motverknad av sosiale ulikskapar	4	4	
● Vegen til at fleire kunne vert inkludert	9	10	
● Nettverk	8	16	
▼ Endring	8	16	
● Bidreg til internett som sosial arena	8	14	
● Bidreg til den enkelte	9	36	
● Uperfektepiker skapar samfunnsengasjement	7	15	

Nettverk

Summary Reference

Files\Intervju med gjestesnapper_2
1 reference coded, 2.23% coverage

Reference 1: 2.23% coverage

I: Ja, det har jo blitt mange gode samtaler i ettertid, både på Snapchat-kontoen og at dei sender meg melding på min konto etterpå. Og det dannar jo ein del gode diskusjonar og relasjonar, så det er ein del som er veldig engasjerte. Så har eg fått fleire følgjarar i ettertid.

Files\Intervju med snapper_01 av Uperfektepiker.
1 reference coded, 4.57% coverage

Reference 1: 4.57% coverage

Mann kommer i prat med folk og det også veldig personlig ofte, ikke sant, og at man føler man knytta på en måte bånd med mennesker. Jeg kjenner dem ikke ellers og jeg vet ikke hvordan dem ser ut via Snappen. Vi vet ikke hva dem alle heter heller med vi har på en måte snakket om personlige ting og da vært veldig fin flyt og vi har liksom begge har sopte 24:00. Det er veldig sånn spesiell måte å knytte kontakt på men det har vært veldig fint. For min del hvertfall då og ut i fra det dem sier og sånt hvordan dem sier det. Så tenker jeg og at dem har fått en fin opplevelse av den lille praten vores. Sånn har det vært veldig, veldig ofte då. Så føler jeg og at jeg har fått litt mer kontakt med di andre som deler ting der også... Ikke så mye men det er noe der og liksom... Man har kommet i kontakt med folk man kanskje aldri ellers ville snakke med via dette her.

Files\Intervju med snapper_02
3 references coded, 6.29% coverage

Reference 1: 2.98% coverage

Ja jeg opplever engasjement og folk vil veldig gjerne komme med tips og råd. Jeg har lagt ut mye for eksempel da jeg har slitt med alt i frå mensen smerte til ganske sterke magesmerter.. Da kommer de med velvinnende råd og ønsker å hjelp til. Og ser helst at jeg også legge ut til folket slik at man kan hjelpe hverandre.

Reference 2: 1.89% coverage

CODES > Nodes > Nettverk og inkluderande fellesskap > Nettverk

Bilete 2: NVivo hovudkategoriar, underkategoriar og subkategoriar

Gjennom intervjuja samla eg omfattande mengder materiale, men på grunn av oppgåvas avgrensing har eg tatt eit val på kva for områder i materialet eg vil fokusere og gå i djupn på. Det var fleire interessante vinklingar eg måtte legge til side, men eg meiner eg har gjort eit bredt utval som er dekkande for å svare på min problemstilling.

3.12. Presentasjon og diskusjon av funn

Datamaterialet frå intervjuja blir fremstilt i hovudkategorier som kom fram då eg arbeida med analysing av datamaterialet. Presentasjon og diskusjon av funna vil bli presentert i tre empiriske kapitla: “Deltaking”, “Nettverk og inkluderande fellesskap” og ”Endring”. Alle tre kapitla har lik oppsetting med først presentasjon av funna, deretter oppsummering av funna og til slutt diskusjon av kapitlet.

Eg valte å presentera funna av informantane samla og ikkje separat, på tross at dei hadde ulike roller i Uperfektepiker. Eg vurderte om funna skal splittast i to deler, der den eine delen er basert på svara som snapparane har gjett, mens den andre med utgangspunkt av fylgjarane sine svar. Men eg valte å presentere dette i lag både fordi svara av begge parter utfyller kvarandre, og henger tett saman korleis Uperfektepiker opnar ting i lag som både snapparar og fylgjarar.

Kven eg omtaler og siterer vil bli tydeliggjort underveis i presentasjons og diskusjonskapittelet. Som tidlegare nemnt på bakgrunn av val av metode og at eg som forskar er oppteken å løfte fram informantanes stemme, vel eg i størst mogleg grad å gjengi direkte sitat av informantane også slik redusere moglegheit til feil tolkingar. Samtidig vil eg gjenta noko av deira historier med eigne ord for å få eit fyldigare innblikk i informantens forteljing.

Oppsetting med tre empiriske kapittel har eg valt fordi eg meiner dette er meir oversiktlig og systematisk presentasjon av empiri. Diskusjon av funna frå analysen er med utgangspunkt i problemstillinga og i lys av teori som er presentert i teorikapittel. Eg kjem ikkje til å nytta all teori presentert i teorikapittel i like stor grad – eg meina at den likevel er nyttig å ha som eit bakgrunn for å oppnå ein meir heilskapleg forståing og innsikt av oppgåvas tema. Eg ser det også nødvendig å trekka inn noko ny teori som ikkje er introdusert i teorikapittelet. Dette har eg tatt med i diskusjonsdelen og ikkje i teorikapittel for å skape mest flyt i oppgåva.

3.13. Ethiske vurderingar og betraktingar

Det finnes ”sett av forskingsetiske normer” som ”er utformet med tanke på vitenskapens forhold til sine forskingsobjekter” (Grønmo, 2016, s. 33). Forskingsetisk regulering av forholda til menneska ein studere står sentralt i prosjektet mitt. Det inneber at dei som blei spurt om å delta i mitt prosjekt fekk informasjon om undersøkingas formål og opplegg, samt det var frivillig om dei ville delta og eller eventuelt avbryte deltakinga når som helst om ynskjeleg. Dei som deltok i forskinga min har også fått informasjon om at dei kan få utskrift av transkribert intervju, for eventuelle retting, ønske å trekke seg og så vidare. Grønmo (2016, s. 33) presisere at menneske det forskast på skal ikkje utsetjast for psykiske eller fysiske skadeverknader og informasjonen skal behandlast konfidensielt.

Prosjektet blei meld til og godkjent av personvernombodet for forskning (Norsk samfunnsvitskapleg datatjeneste – NSD (Sjå vedlegg 3). Alle er meldepliktige etter personopplysningsloven (1978) §31 for å melde og søke om godkjenning om ein skal behandle personopplysingar elektronisk. Gjennom invitasjonsbrevet med samtykket blei informantane gjort kjent med prosjektet formål og hensikt. Samt blei dei informert at opplysningar vil vera behandla konfidensielt og anonymisert. Informantane har også blei informert at intervjuva vil bli tatt opp på lydband. Deltakarane har òg blitt informert og minna på i intervjuva at dei kan trekke samtykket når som helst og at deltakinga er frivillig.

I informasjons brevet med samtykke eg har også valt å ta i betraktning og skrive at ”Du som person vil ikkje kunne bli gjenkjenna i den publiserte masteroppgåva blant den generelle

befolkninga. Men sidan Uperfektepiker sin profil er open for offentlegheita, kan det vera ein fare for at andre deltakarar i Uperfektepiker som les oppgåva vil kunne kjenne deg igjen". Derfor har eg skrevet at anonymisering skal skje i den største grad det la seg gjøre.

Eg har også fått tillating å bruke alle skjermbilete og bilete som er brukt i oppgåva utan å dekke til ansiktet. Eg har gjort ein vurdering om korvidt, av etiske årsakar, eg likevel burde anonymisere, men kom fram til at dei fleste bileta ligg allereie offentleg på Uperfektepiker og er tilgjengelig for alle. Eg har bevisst valt å bruke bilete utan å dekke til ansiktet då det vise og illustrere viktige aspekt om korleis Uperfektepiker vise røynda bak sosiale media. Til dømes at Uperfektepiker viser mest naturleg side av seg utan sminke. Alle namn og brukarnamn på bilete vert anonymisert.

Alle data har vore oppbevart i låsbar skuff eller på datamaskin med personleg kode. Informantane har også fått informasjon om at viss dei ynskjer, kan dei få utskrifta av sitt intervju til gjennomlesing og korrigerings. Dette har eg valt fordi det både ivareta personens autonomi og etiske rettesnorer men og som ekstra kvalitetssikring av materialet som bidra til høgare kvalitet i forskinga. Fire informantar valte å få kopi av intervjuet sitt, dei andre ønska ikkje det, eller hadde ikkje tid til det.

Eg opplevde i nokon grad at det førekjem privat og- eller sensitiv informasjon om informantane i intervjuet. Blant anna personlege opplevinga og livs historier med utfordringa knytt til informantens helse. Det var dermed viktig å visa forståing og empati, men samtidig anonymisere. Dette er då spesielt med tanke på at personar ikkje skal utsetjast for psykisk skade. Det kan opplevast uheldig om personen blir gjenkjent eller får negative opplevingar ved å fortelle sin historie.

3.14. Metode kritikk

Kvalitativ metode er ein god metode for å bruke å få tak i menneskets opplevinga og gå i djupet på informasjon. Ulemper knytt til kvalitativ metode er at ein kan risikere å sitte med masse informasjon som er tidkrevjande å arbeide med (Grønmo, 2017, s. 132). Eg opplevde noko frustrasjon då transkribering av intervjuet tok mykje lengre tid enn forventet. Samstundes, både kvalitativ intervju og transkribering gjev forskar moglegheit til feiltolkingar og misforståingar, dette kan ikkje bli sett vekk i frå at kan ha skjedd. Som tidlegare nemnt har eg prøvd å nytta

direkte sitat og transkribere lyd opptaka så lenge det lar seg gjera for å unngå misforståingar og feiltolkingar.

Semistrukturert intervju som metode, ser eg som riktig val for min forskning då eg opplevde det var enkelt å bruke og gjere mitt analyse prosessen enklare. Dette fordi informasjonen i intervjuet stort sett vert fordelt etter tema og opplevdes å vera ein relativt effektiv metode for å samle inn masse ulik data, frå fleire personar.

Det var vanskeleg for nokre av informantane å finne tid for å gjennomføre intervju. Dermed blei det gjort ved hjelp av FaceTime, dette fungerte stort sett bra men i samband med tidvis dårleg tilkopling blei nokre av intervjuet avbrote eller delvis avbrote, detta kan mogleg ha påverka svara. Eg opplevd òg at ei av lydfila vart øydelagd og eg måtte dermed gjennomgå dette intervjuet på nytt. Heldigvis kunne informanten stille opp på nytt og problemet løyste seg. Eg har omformulert masse her, berre sjå at du er enig i da eg har skreve.

Sjølve gjennomføringa av intervju kan mogleg ha hatt fleire ulemper. Det har vore utfordringar knytt til meg som uerfaren intervjuar; intervjuet vart prega av meg i forskarrolla uansett kor mykje eg prøvde å halde meg i bakgrunnen under intervjuet. Som nemnd tidlegare var eg særskild ukomfortabel i intervjurollen og fokuserte truleg mindre på svara frå informanten, i tillegg til at eg hadde vanskar med å ikkje spørje leiande spørsmål. Blant anna er det mogleg at eg har påverka svara til informantar mine då eg kanskje stilte spørsmål på ein måte som kunne opplevast leiande. Samtidig har dei kunne framstille seg i betre lys, og slik angitt svar som dei trur eg som forskar ville ha. Eg har merka ved par anledningar at informantane mogleg følte det var ubehageleg å svare "nei" eller på ein anna måte følte seg avvisande på spørsmål eg stilte. Dermed var det viktig for meg å tryggja informantane om at eg som forskar ynskja alle svar og at alle svar er lika verdig og gje meg funn. Samt at det viktigare for forskinga mi korleis informantane kjende seg, kva dei opplevde, og kva dei faktisk tenkte og meinte om temaet. Atmosfære i intervjuet kunne også påverke svara. Til dømes at det blei dårlig flyt i samtalen, kan det ha vore vanskelegare for informantane å føle seg trygg, vera open og gje meir informasjon. Eg opplevde stort sett god flyt ved gjennomføring av alle intervjuet, det vart både latter innimellom men og gode refleksjonar saman etter siste spørsmål vert stilt.

Utfordring eg opplevde med transkriberinga var at dersom eg ikkje gjorde dette rett etter intervjuet var det vanskelegare å forstå og høyre kva informantane fortalte, det vart då meir framande og eg måtte lytta ekstra godt som kan ha innverknad på kva som eigentleg vart sagt og kva som blei skrevet ned.

Søket etter relevant forskning kan også vert påverka av meg som forskar. Ein skal ikkje sjå vekk i frå at forskarar kan nytta seg av forskning som passer til deira forskningsobjekt. Derfor har eg prøvd å søke i fleire databaser og belyse same fenomenet frå fleire sider der eg både presenterte det positive og negative som til dømes at sosiale media bidrar ikkje berre til sosial samanlikning, men også positive ting som inspirasjon. Mykje av informasjon som er aktuell i min forskinga kome underveis i min skriveprosess. Samfunnsdebatten eskalerte til tider og det vert vanskelig å avgrensa kva skal eg fokusere på og kva skal eg velja bort. Derfor krevde denne reflekteringsprosessen ein del energi og tid. Alle val eg har tatt meina eg er mest relevant og optimal for å svara på min problemstilling.

Utvalet av informantane ved hjelp av snøballmetoden og open invitasjon til å delta kan og ha hatt også innverknad på resultatata. Det kan vera at det er berre dei mest engasjerte som ville delta, og det vert vanskelegare å få tak i personer som berre fylgde med på og ikkje sjølv snappa eller drevet Uperfektepiker konto. Dette kan då ha innverknad på resultatata og at anna type informasjon då det ikkje kome fram. Etterkvart opplevde eg i stor grad at informantane anga ganske like svar og same informasjon, dermed følte eg at eg ikkje trengde å intervju fleire for å ha stort nok datamaterialet til vidare analyse.

Datamaterialet som blei samla inn er stort sett kvalitativ og ikkje kvantitativ som gjer at generaliserbarhet er vanskelegare å overføra sidan det er personlege opplevingar og ikkje tall som stor i fokus. Kvantitativ data som eg har tatt med i oppgåva handlar om deltaking og er ikkje representativ men er for å gje breiare forståing og danne større bilete av deltaking. Tala på intervju med datamaterialet samanlikna med at Uperfektepiker blir fylgja av fleire tusen fylgjarar på sosiale media utgjer ikkje stor nok datagrunnlag for å kunne generalisere og si at dei fleste opplever det. Men det gje eit god utgangspunkt og oversikt korleis Uperfektepiker kan sjåast til å fungerar.

3.15. Kvaliteten i forskinga

Grønmo (2016, s. 239) skriv at ”vi kan vurdere datakvaliteten ved å foreta en systematisk og kritisk drøfting av dataproduksjonen og datamaterialet ”. Han framhevar spesielt ein systematisk framgangsmåte for å vurdere datakvaliteten i samfunnsvitskaplege studiar som tar utgangspunkt i to overordna kriterier – reliabilitet og validitet (Grønmo, 2016, s. 240). Funna må vera pålitelege og truverdige for at det er mogleg å trekke slutningar ut over dei personar som har vert med i undersøkinga. I kvalitativ forskning det er ikkje kvantifiserbart datamaterialet

men tolking av meningsfulle relasjonar som førekjem som ny kunnskap (Grønmo, 2016, s. 241).

Reliabilitet handlar om datamaterialets pålitsgrad. Den kjem til uttrykk når me får meir identiske data ved ulike innsamlingar av same fenomenet. ”Reliabiliteten er et uttrykk for hvor stor samsvar det er mellomdatasettene fra slike gjentatte datainnsamlinger” (Grønmo, 2016, s. 241). Forskjellige setningar kan gje forskjellige svar og menneskelig møte kan vanskelig reproduserast til å bli heilt identiske. Dermed trur eg at skaping av trygghet og eit godt møte har vert viktig for å oppnå god pålitelegheit i mitt forskning.

Validiteten handlar ”om datamaterialets gyldighet for det problemstillingen som skal belyses”. Høg validitet vil innebere at ”hvis undersøkelsesopplegget og datainnsamlingen resulterer i data som er relevant for problemstillingene” (Grønmo, 2016, s. 241). Validiteten er ivareteken ved at eg la fram mest mogleg dokumentasjon samtidig systematisk og kritisk drøfting over dei data, metodar, vala og slutningar eg har tatt gjennom arbeidet mitt med forskings prosjektet mitt. Dette har også bidrege til å synleggjera ulike dimensjoner av arbeidet eg har gjort. Eg har også valt å ta med relevante dokumenter som vedlegg. Blant anna invitasjons,- samtykkebrevet, intervjuguide, godkjeningsbrev frå NSD.

Utforma intervjuguide kan også bidra til at studie kan etterprøvast og slik auka kvalitet og reliabilitet ved forskinga om denne fenomenet. Til dømes om det skulla vore aktuelt kunne same informantar kontaktast, og om dei var framleis aktuelle og ynskte å delta kunne det gjennomførast same intervju med utgangspunkt i intervjuguide og tema som den fokuserte på. Dette kunne bidra til forskingas pålitsgrad om informantane angi like svar men også gje meir kunnskap om ulike ting og opplevinga har forandret seg.

3.16. Oppsummering av forskingsmetode

Eg har no gjort rede for mitt metodiske arbeid i oppgåva, kva val eg har tatt og korleis eg har gått fram for å gjera mine funn. Eg har forsøkt å gje ein grundig og veldokumentert framstilling som mogleg. Alle val som er tatt i prosessen har vore bevisste for slik å kunne svara på min problemstilling og kunne gå i djubda på tematikken. Vidare vil eg presentere mine tre empiriske kapitla for å svare på problemstillinga:

Kan me forstå ”Uperfektepiker” som samfunnsarbeid? I så fall, på kva for ulike måtar driver ”Uperfektepiker” samfunnsarbeid?


Kapittel 4: Deltaking, motivasjon og moglegheit til å påverka

Deltaking er eit gjennomgangstema i heile datamaterialet og er utgangspunktet for kvifor prosjektet Uperfektepiker har basis for å eksistere og engasjere med det omfanget det har. Deltaking kan sjåast å vera både av dei som driv kontoen Uperfektepiker samt dei som vel å fylgja Uperfektepiker. Dette kapittelet omhandlar i stor grad deltaking: Kven er menneska som deltek, kor stor er deltakinga, korleis dei deltek og opplever deltakinga og kva som er årsaka til at dei finn det meiningsfullt å delta på Uperfektepiker. Eg presenterer desse funna i underkategoriane ”Kven deltek”, ”Kva gjer snappar og fylgjarane?”, ”Kva snappar Uperfektepiker om?”, ”Motivasjon til å delta” (med underkategori ”Opplevinga ved å dele”) og ”Moglegheit til påverknad”. Når ein omtalar deltaking er det naturleg å søke mot motpolen og tenke kvifor enkelte vel å ikkje delta og dermed vaks det ut ein underkategori ”Ekskludering og sjølveskludering” som vert presentert i slutten av kapitla før oppsummering av funn.

4.1. Kven deltek

Fyrst vil eg presentera den generelle deltakinga som er danna av informasjon som er tilgjengelig online på sosiale media kontoen til Uperfektepiker. Eg skal også presentera kva tankar og erfaringar informantane har over kven som deltek i Uperfektepiker.

Som tidlegare nemnd i oppgåva har Uperfektepiker 3 738 Facebook fylgjarar, 9 845 fylgjarar på Instagram og over 16 000 Snapchat fylgjarar. Fylgjarane har moglegheit til å like, kommentere, dele vidare innlegga, sende melding og bilete til Uperfektepiker. Å fylgja Uperfektepiker inneber også at ein får oppdateringar av nye publiseringar som bilete, video og “Story” oppdateringar. Per skrivande stund finnes det ingen heilskapleg oversikt over kjønnsfordeling eller alder til deltakarane til Uperfektepiker, men ein kan få ei oversikt dersom ein tittar innom Uperfektepiker si fylgjarliste på dei ulike sosiale media. Dei fleste profilane som fylgjer Uperfektepiker er kvinnelege profilar, men også nokre mannlege profilar. Eg fekk tilgang til skjermbilete av statistikken frå Instagram gjennom direkte kontakt med Uperfektepiker. Statistikken inneber ein månads oversikt av kor dei som deltek kjem frå, kor gamle dei er og kva kjønn dei er (sjå bilete 3).



Bilete 3: Skjermbilete av ein månads statistikk av deltaking på Instagram

Bilete er ein oversikt frå mai måned 2019. Dette lar oss ikkje generalisere deltakarane, men gjev eit kort innblikk i korleis den generelle deltakarmassen på Uperfektepiker sin Instagram konto ser ut på ein måned. Det fortel mellom anna at storbyane utgjer størstedelen av Uperfektepiker sin fylgjarmasse; 14 % fylgjarar er frå Oslo, 8% frå Bergen, 4% frå Trondheim, 2% frå Stavanger og 2% frå Skien. Dette kan sjåast i samanheng med folketettleiken i dei største byane (Statistisk Sentralbyrå, 2018). Månadsoversikt viser òg at det er 94% kvinnelege fylgjarar og 6% mannlege fylgjarar. Statistikken viser vidare korleis desse prosentane er fordelt på alder mellom fylgjarane. Det er ingen prosent eller eit nøyaktig tall men det viser at aldersgrupper 25-34 er den største aldersgruppa, denne er dominerande hos begge kjønn. Deretter fylgjer aldersgruppe 18-24 år og 35-44 år. Når ein analyserer statistikken ser ein at dei som fylgjer Uperfektepiker er mellom 13 år til 65+.

I starten vart Uperfektepiker grunnlagt av initiativtakar saman med 17 andre unge kvinner, dei publiserte innlegg om egne erfaringar, historiar og kunnskap om ulike tema (Facebook, 2018, 07. januar). No består Uperfektepiker av 12 unge kvinner. Det finnes ingen tall på kor mange som gjestesnappar, men ut frå Uperfektepiker sine innlegg på sosiale media ser det ut til at det er meir enn 20 ulike personar som har gjestesnappa for kontoen. Blant dei er kjende personar,

menn og andre kvinner med egne erfaringar og kunnskap. Nokre gjestesnapparar deltok berre ein gong medan andre deltok fleire gonger med jamne mellomrom (Instagram, 2019).

Uperfektepiker sin konto er tilgjengelig online for alle som kan søke opp kontoen på dei ulike sosiale media. Kontoen kan òg bli føreslått på “utforsk”-sidene til dei ulike sosiale media for brukarane på dei ulike media, basert på deira interesse på grunn av algoritmane nytta av sosiale media. Uperfektepiker har vore omtalt i aviser, nettaviser og vore på God Morgen Norge og NRK debatt som bidreg til å skape debatt og merksemd rundt prosjektet. Denne profileringa i ulike media har nok skapt merksemd rundt prosjektet, og kan vera ein grunn til at Uperfektepiker har fått fleire fylgjarar.

Det er ulike grunnar til korleis mine informantar oppdaga Uperfektepiker sin konto. Cecillia (33) blei invitert direkte til å snappe av Uperfektepiker. Beate (30, snapper), kjente ei som snappa og tok kontakt sjølv for å starta som gjestesnappar. Dina (26) oppdaga kontoen tilfeldig på sosiale media og tok kontakt sjølv for å snappe. Eli (18) såg Uperfektepiker på God Morgen Norge og tok kontakt sjølv for å snappe. Frida (23) oppdaga Uperfektepiker for første gong i lokalavisa og tok kontakt sjølv for å snappe. Gunn (21) oppdaga Uperfektepiker tilfeldig på sosiale media og starta å fylgja dei. Heidi (34) kjende ei som snappar og starta å fylgja. Ida (23) blei anbefalt av ei vennine å fylgja.

Initiativtakar fortel litt om deltakinga, korleis det var i starten og korleis deltakinga ser ut no. Ho viser til at prosjektet eskalerte veldig fort på Snapchat i starten av prosjektet og etterkvart dabba av, medan på Instagram har deltakinga auka gradvis.

Anne (22, initiativtakar):

Det er en sånn liten boost for alle i starten og alle vil følge alle.. (...) men så dabber det av litt etterhvert. Ikke sant? Men nå har vi faktisk holdt det gående veldig lenge og det har jo krevd at jeg måtte være engasjert 100% for å få det til. Fordi selv de som snappar fast og har sin egen dato i måneden, de må liksom følges opp, minnes på det. (...) Så jeg husker når vi startet på Snappen så var vi i løpet av en uke eller to, så gikk det fra null til tolv og et halvt tusen følgere liksom på Snapchat. Så har vi gradvis økt på Instagram. Så det har gått mye mer sånn gradvis oppover og oppover. Og det var vell kanskje i november eller noe sånt hvor vi nådd ti tusen følgere. Akkurat på Snappen så har det vert omvendt, der har det vert sikkert boost i starten også gått nedover.

Ved intervjuene eg har også stilt spørsmål til mine informanter kven dei sjølv trur eller erfarer at deltek i Uperfektepiker. Informantane hadde i noko grad liknande tankar og erfaringar om kven som deltek i Uperfektepiker. Fleire påpeikar at det er jenter i ung alder, men også voksne og menn.

Anne (22, initiativtakar):

De fleste (...) av de som følger oss, de sliter selv enten det er ME eller sjukdommer eller så er det angst, og søvnproblemer. Rett og slett de sliter med den perfekte verden. Spiseforstyrrelser er det masse av blant seerne våre. Mange voksne også som sliter med selvbilde, selvtillit. Så har vi også de som følge med fordi de er foreldrene til barna og vil bli kjent med inn i denne verden da. Også har vi (...) de som er der selv og som vil hjelpe. Også de som jobber med sånn mental trening, coaching , helse osv.

Gunn (21, fylgjar):

Vil tru det er mest jenter på min alder...

Dina (26, snappar):

Følgerne tenke er jo veldig mange unge, jeg tror det er litt forskjellig ihvertfall ut i fra de jeg har fått tilbakemeldinger fra. Jeg hadde veldig mye forskjellig folk da, ehm.. veldig mange jenter, tror nok det er en overvekt av unge og jenter. Men det er litt fra overalt, egentlig både folk som studerer, som jobber og som går videregående, også med litt oppi årene (...). Så jeg får jo tilbakemeldinger fra for eksempel foreldre til barn som også har fått samme beskjed, som er det jeg snakker mest om.

Med foreldra til barn meiner ein her at barna til dømes har same plage eller lidning som ei av snapparane til Uperfektepikers deler på kontoen. Fleire andre informanter trekkjer òg fram at dei trur dei som vel å fylgje Uperfektepiker er unge jenter i 20-åra, men også nokre gutar.

4.2. Kva gjer snappar og kva gjer fylgjarane

Korleis mine informantar deltek og kva dei gjer på Uperfektepiker sin konto varierer i noko grad ut frå kva rolle dei har: snappar, gjestesnappara eller fylgjarar. Alle snappara og gjestesnapparar fortel at dei snappar, deler, video, bilete og kommunisere med fylgjarane. Her utdjupar dei korleis:

Dina (26, snappar):

Jeg deler jo en del på Snap også svarer (jeg) jo på spørsmål og tilbakemeldinger, og da prøver jeg å få svart alle. Enten èn til èn eller i plenum da hvis det er flere som lurar på det samme for eksempel. Også deler på Instagram og Facebook da, men da er det på en måte mer sånn innlegg rettet mot “gå og se resten på Snap”. (...) det er litt video, det er litt bilde med tekst, litt sånn storys på Instagram. Prøve å være litt på alle plattformer der vi er da.

Eli (18, gjestesnappar):

Ja eg snappar, eg snakker berre til kamera litt, og så har eg laga for eksempel bilete med litt sånne tips for eksempel. (...) siste snappen så tok eg på ein måte snappen med på ein liten tur for å liksom demonstrere litt sånt angst-behandling sånn at eg på ein måte kunne vise det litt meir visuelt, men egentlig så har eg sete mest å snakka foran kamera eller skrive og sendt som bilder.

Initiativtakar og dei som stiller fast i Uperfektepiker hadde også nokre organisatoriske oppgåver. Det inneber at dei organiserer arbeidet sitt ved å avtale når og kven som skal snappe. I tillegg tek dei kontakt med nye aktuelle snapparar, opprettheld kontakt med eksisterande snapparar og fylgjer opp gjestsnapparar.

Alle tre fylgjarane fortalde at dei såg mest på kva Uperfektepiker delte på sosiale media og at det varierte kor aktivt dei deltok. To av fylgjarane har ikkje hatt personleg kontakt eller skrive direkte til Uperfektepiker. Kva dei vel å fylgja med på er avhengig av kva tema dei snakker om og om dei synast det er interessant og om dei kan kjenne seg att.

Gunn (21, fylgjar):

Eg fylgjer mest med på Snapchat'en deira då, når dei legg ut der. Så fylgjer eg dei både på Facebook, Instagram og Snapchat trur eg. Men eg fylgjer mest med på Instagram og Snapchat då. Så det er ikkje alltid eg ser på alt dei legg ut, men ser kanskje litt kva tema er og om det høyrast interessant ut.

Ida (23, fylgjer):

Eg fylgjer dei på Instagram og Snapchat, men eg deltek ikkje så mykje i diskusjonane dei har. (...) eg ser snappane, og Instagram-stories og det dei legg ut på Instagram. Eg trur kanskje eg fylgjer dei på Facebook og. (...) Det varierer litt når eg ser på dei.

Ikkje alle fylgjarane tar aktivt kontakt med Uperfektepiker. Snapparar fortel at det er fleire fylgjarar som skriv til dei og gjev tilbakemeldingar. Beate (30) snappar fortel at på ein typisk snappedag er det ca 20-30 fylgjarar som tek kontakt.

Dina (26, snappar) fortel at det er ca 10 til 30 som tar kontakt der dei har spørsmål, har lengre samtale eller berre sender små ting:

Det varierer veldig i hva det er jeg snapper om. (...). det kan jo være alt i fra 10 til 30 kanskje eller noe sånt. Sånn som enten har spørsmål eller som skriver ordentlig til deg. Også er det jo mange som kanskje bare sender en tommel opp eller altså sånne små ting.

4.3. Kva snappar Uperfektepiker om?

Snappar og gjestesnapparar blei stilt spørsmål kva dei bidreg med til Uperfektepiker. Kunnskap, erfaring og råd står sentralt. Anne (22, initiativtakar) fortel kva ho formidlar og bidreg med i Uperfektepiker:

Ting som har skjedd med meg som alltid ender med noe godt da. I det kjipeste dype så finnes det alltid grunn for det. Det er alltid en læring av hva som har skjedd da, tenker jo jeg da. Jeg deler jo alltid... For eksempel at tidligere for et år siden turte jeg ikke å følge vennene mine, fordi jeg var så opptatt av å følge alle andre, passe inn i ”samfunnet”, men nå er det annerledes fordi det, og det, og det.. Så dette har jeg lært av det.. Dette var liksom min vei ut av det. Og då får jo seerne noe igjen for det, fordi de vet de har ting de faktisk kan gjøre for å bli bedre.

Anne sitt døme på at ho ikkje torde fylgje sine venner før fordi ho var oppteken av å passe inn i ”samfunnet” og til dømes fylgje kanskje berre dei populære eller fine profiler peikar på kva press ho personleg har kjent på sosiale media. Ho deler sine erfaringar og på denne måten kan ho òg inspirera andre i korleis dei kan koma seg ut av liknande situasjonar.

Eli (18, gjestesnappar) påpeikar at ho formidlar håp og utdjupar korleis:

Eg er veldig opptatt av å seie når eg snappar at enten så går det bra eller så går det over. Det og at ting vil bli bedre. Og at det er veldig viktig. Også snakka eg om at ein ikkje må skamme seg og søke hjelp og at det er berre gull verd for alle som står i vanskelege tider.

Uperfektepiker kan kome i kontakt med menneske som kanskje sit i sårbare situasjonar og treng hjelp, det er difor ekstra viktig å skape tryggleik, gje fylgjarane kjensla av å bli tatt på alvor og motivera dei til å til dømes stå i det vanskelege. Andre snapparar har òg fokus på å inspirera andre, auka kunnskap og dele teknikkar og verktøy som deltakarane i prosjektet Uperfektepiker kan nytta. Dette kan auka fylgjarane sine individuelle Empowerment.

Frida (23, gjestesnappar):

Eg synes eg bidreg med kunnskap ut i frå det eg kan. Eg håpar at eg bidreg med positive innspel, at ein kan bli inspirert eller bli i litt betre humør enn før ein såg på. Eg føler jo at eg bidreg til samfunnet på ein måte, det er jo såpass mange som fylgjer. (...) når eg har snappa så har eg lagt vekt på teori og litt meir fagleg-del og konkrete verktøy ein kan bruke for å få ein meir positiv kvardag.

Dei som snappar deler òg personlege historiar. Dina (26, snappar) deler sin personlege historie om å leva med ein sjeldan sjukdom, alopecia (hårtap), dette bidreg til å inkludera dei som til dømes har denne sjukdomen sjølv og gjer at dei kan føle seg inkludert. Slik aukar Uperfektepiker òg kunnskap hos andre fylgjarar som ikkje kjenner til denne sjukdom, som igjen kan bidra til å redusera fordommar eller stereotypien knytta til menneske utan hår.

Dina (26, snappar) fortel:

Jeg har jo delt veldig mye personlig og fått veldig mye tilbakemeldinger på at folk kan kjenne seg igjen i det jeg snakket om. Og så er det jo mange som har lurt på veldig mye enten fordi de nettopp har opplevd å få det samme selv eller de kjenner noen eller ja.. Jeg føler kanskje jeg har spredd veldig mye kunnskap om det, om hva det er, men også om liksom min personlig erfaring med det da at folk skal ikke føle seg veldig alene.

Snapparar deler òg at dei snappar om tema som kanskje ikkje er så akseptert i samfunnet og som er tabu. Cecillia (33, snappar) snakka om tema som er kanskje ikkje så mange snakkar høgt om:

Jeg har lagt ut mye, for eksempel da jeg har slitt med alt i frå mensesmerter til ganske sterke magesmerter. (...) .Jeg har delt sorg; at det er helt greit å gråte. (...). Jeg prøver å ta en ting som jeg viser at det sånn som det heter Uperfektepiker. At selv om livet kanskje virker perfekt på Insta-overflaten så er det ikke alltid det, og så prøver jeg å vise spesielt at treninga er min greie, å gjøre trening om til en lett ting i hverdagen til folk.

Beate (30, snappar) deler om tunge tema:

Eg snappar for eksempel om at eg mista pappaen min i sjølv-mord. Og så har eg snappa om korleis andre skal forholde seg til folk som er oppe i tunge ting. Og så har eg snappa om å stille høge krav til seg sjølv. Litt forskjelligt.

Å snakke høgt om tabu tema kan bidra til normalisering og at det blir enklare å snakke høgt og slik hjelpa seg sjølv eller be om hjelp.

4.4. Motivasjon til deltaking

Eg innhenta data på kvifor informantane vel å delta i Uperfektepiker. Både kvifor initiativtakar starta prosjektet, kvifor snapparar og gjestesnappar ynskjer å snappe og kvifor fylgjarane ynkjer å fylgja. Dei mest vanlege motivasjonsårsakane for kvifor informanten ynskte å delta i prosjektet Uperfektepiker var å kunne bidra med kunnskap, egne erfaringar og motverka presset frå sosiale media ved å mellom anna normalisera det ”uperfekte”. Andre viktige motivasjonsfaktorar var å kjenne seg att, oppleve at ein ikkje er åleine, lære seg noko nytt, verta inspirert og kunna delta i samtalar om tabu tema.

Anne (22, initiativtakar) fortel ei personleg historie der ho starta på ei utdanning som var akseptert og godtatt i samfunnet. Ho prøvde å vera typisk flink pike og strekke til alt, vera med på alt, bli best i alt og til slutt vart ho utbrent og veldig sjuk. Så starta ho å fylgja draumane sine og studera noko ho verkeleg ynskte å studera. Då opplevde ho at helsa vart betre, og samstundes med dette starta ho å arbeide på Instagram. Anne innsåg etterkvart at ho utelukkande publiserte perfekte bilete som ikkje stemde med røynda. Ho fortel:

Det var da jeg kom på tanken at jeg vil starte Uperfektepiker og vise verden at jeg ikke er så perfekt som sosiale medier vil å tilsi da. Og jeg har jo bakgrunnshistorie, men og rett og slett hvordan jeg viser utseendet mitt, alt sammen på en måte.

Fleire informantar formidlar at dei ynskte å delta fordi dei ynskte å finna ut om det er andre menneske som har det liknande, og då kjenner seg mindre åleine.

Eli (18, gjestesnappar):

Eg følte meg veldig åleine om det eg opplevde. (...) eg synes at eg måtte bruke den kanalen der for å nå ut viss andre hadde det på samme (...). Også trur eg, eg har veldig lyst å vera med på å normalisera det uperfekte, men samstundes ikkje bagatellisera det.

Dina (26, snappar):

Jeg tenkte jo at jeg hadde mye å bidra med da. Det var jo litt der jeg oppdaget de på Instagram, (...), hvor jeg passer inn i konseptet med det jeg hadde lyst å snakke om og jeg tenkte at når jeg mister håret da når jeg var 13 år så hadde jeg ikke noen arena og lære om det eller å se at andre også hadde det, da følte jeg meg veldig alene og det er litt derfor jeg har hatt lyst til å dele da. Selv om jeg ikke får møte de menneskene så er det noe å få vite at man er flere og at man kan snakke om ting og stille spørsmål og lære av hverandre og få en slags kontakt på en måte da, og det føler jeg (jeg) har oppnådd også.

Det Dina (26) formidlar om å snakka i lag, lære av kvarandre og finne kvarandre kan stemme med samfunnsarbeidets fokus på danning av nye fellesskap. Dette kan òg bidra til ei sterkare kollektiv Empowerment kjensle som går overeins med fylgjarane sine opplevingar om at dei kjenner seg att i innlegga til Uperfektepiker. Eit anna viktig aspekt her er at det er bra å sjå korleis andre har det og at ikkje alt er så perfekt på sosiale media som det ser ut som.

Heidi (34, fylgjar):

Det er fordi at eg kjenner sjølv eg har vert kastet ut i mange vanskelege og utfordrande situasjonar i livet og då synes eg det er veldig interessant å høyra på kva dei tek opp, og korleis dei tek det opp og kva eg gjerne kan kjenne meg igjen i og gjerne og få litt inspirasjon i frå sider eg ikkje har sett det på sjølv då.

Dette er då med på å fremja og vise kva som er normalt og leggja mindre press på sosiale media om utsjånad og livsstil. Dette kan bidra til frigjering frå undertrykkinga som finnes på sosiale media. Cecillia (33, snappar) fortel at ho prøver å fremja det positive med trening utan at det dreier seg om å bli slank eller oppnå kroppsideal, men istaden vise det naturlege: "Fordi jeg ønsket å formidle treningsglede uten at det er pakket inn i store biceps og slanking, og sixpacks, men pakket inn i "knegøy" og røde kinn og svette smil. Formidle hverdagsaktivitet".

Dina (26, snappar) fortel at grunnen til kvifor ho vel å fylgje Uperfektepiker sjølv er fordi ho lærer mykje av det Uperfektepiker tek opp, og tema treff hennar interesse og yrkesval:

Jeg synes det er veldig mange interessante folk og jeg tenker både meg personlig, men også faglig siden jeg skal bli psykolog så er det greit liksom å få høre litt hvordan andre har opplevd ting da. Jeg var veldig obs på at selv om to mennesker har hatt samme lidelse så har dem ikke nødvendigvis samme opplevelse. (...). Ja og jeg synes det er veldig fint og bare det å lære mer om ting (...) og da få liksom læring av noen som har opplevd det på kroppen eller som er bare veldig engasjert i det, det synes jeg (er en) veldig fin måte å lære ting på versus å sitte (og) lese i en bok.

Alle informantene vart òg spurt om kva tankar og erfaringar dei har om kvifor dei trur folk vel å snappa for eller fylgje Uperfektepiker. Dei fleste informantene formidlar at dei trur dei som vel å snappa er folk som har ynskjer om å gjera ein forskjell eller dela sine erfaringar og kunnskap, men også ynskjer å motivera, engasjera og inspirera andre. Dette bekreftar dei òg når dei grunngjev kvifor dei fylgjer Uperfektepiker.

Cecillia (33, snappar) fortel at dei som fylgjer Uperfektepiker kanskje treng hjelp og det kan opplevast lettare å fylgje ein konto kontra å aktivt skaffe hjelp:

Hjelp som kanskje (er) vanskelig å spørre de nærmeste om. Og da er det jo ganske enkelt å følge en konto hvor du kan få svaret på ganske mye gjennom digitale medier som, særlig sosiale media, har blitt kanal for hjelp for ganske mange.

Motivasjon til å delta kan også gjenspeglar seg i endringar som Uperfektepiker bidrar til som vil bli presentert i kapittel 6: Endring gjennom sosiale media. Motivasjon kan også knyttast saman med tilbakemeldingane Uperfektepiker får. Til dømes fine tilbakemeldinger vil gjera at snapparane til Uperfektepiker ynskjer å snappe igjen. Dette vil bli presentert i kapittelet under.

4.4.1. Opplevinga av å dele

Snapparar og gjestesnapparar deler noko ulike opplevingar av korleis det er for dei å snappe. Nokon synest det er skummelt, fordi dei blir sett av veldig mange personar, andre synes det er kjekt og dei blir veldig glade av å få mange gode tilbakemeldingar.

Eli (18, gjestesnappar):

Eg synst det er skikkeleg skummelt. (...) det er så mange som ser det, plutseleg. Eg hugsar fyrste gongen eg snappa så berre gjekk det eit minutt så var vi liksom mange hundre som har sett det og eg fekk heilt sjokk. (...) Så eg synst det er litt skummelt å ikkje vite kven dei som ser det/deg er.

Cecillia (33, snappar):

Jeg blir veldig glad og jeg blir veldig rørt av så mange som sier så mange fine ting om hvordan enten jeg eller andre har hjulpet dem til å skjønne at det er ikke så mye som skal til for å være aktiv i hverdagen.

Frida (23, gjestesnappar):

Det opplev eg som veldig koseleg, det er veldig mange aktive fylgjarar som tek del i det ein snakkar om.

Fleire snapparar kjenner seg meir ansvarsbevisst når dei deler på Uperfektepiker. Dina (26, snappar) opplever ansvar i forhold til sjåarane sine då ho kjenner på ansvar for å levera gjennomført arbeid med god kvalitet, men også noko som dei kan stå for seinare:

Det jeg legger ut (...) må være ordentlig, at jeg kan stå for det. At jeg ikke legger ut hva som helst på en måte, at alt jeg legger ut må på en måte gi noe. Det skal ikke bare være, nå har jeg gjort det liksom. Det må være noe som noen får noe ut av og noe som jeg kan stå for senere. Så det kjenner jeg jo at det er veldig kvalitetsbevisst da. Selv om det skal være naturlig og ekte så vil jeg likevel at det skal være bra.

Anne (22, initiativtakar) formidlar òg at ho opplev delinga som ein prosess der ho både utviklar seg personleg og lar den ærlege sida av seg sjølv kome meir og meir fram, men òg fylgjarane får vera med ein del av denne prosessen og ser denne utviklinga der ho er meir og meir naturleg og er seg sjølv:

Hvis jeg skal se på konseptet i forhold til i fjor så har jeg utviklet meg veldig siden da(...). Tekstene mine og det jeg deler på Insta Story det er ikke noe problem lengre å vise meg selv uten sminke eller dele ting som på måte jeg ikke er perfekte i da.

4.6. Moglegheit til påverknad

Initiativtakar skildrar korleis snapparar og gjestesnappar samhandlar seg i mellom på deira “Uperfektepiker”-gruppe, der dei mellom anna deler tankar, idear og leitar etter nye folk som kan gjestesnappa for dei. Anne (22, initiativtakar) fortel også om innstillinga ho har som initiativtakar til Uperfektepiker konto, ho er open for nye idear samstundes som ho er oppteken av at dei andre snapparane og gjestesnapparane er einige i korleis Uperfektepiker skal vera. På

denne måten kan Uperfektepiker framstå som å ha stort fokus på medverknad og real deltaking. Her er utdjupande sitat frå Anne (22,initiativtakar):

Vi innen gruppen har vært veldig åpne om.. Jeg har vært veldig sånn der ”Ja, har noen gjestesnappere? Har du noen tips? Bare post! Bare post!”. Jeg har vært veldig åpen for nye ideer, nye tanker, om de har noen gjestesnappere ”så bare si ifra!”. Så vi har vært veldig åpne mellom oss innad. Sånn at de ikke føler at jeg styrer alt, men at de kan faktisk.. de har like mye å si som det jeg har. Om de vil gjøre noen forandringer eller har noen meninger om ting så er det veldig åpent for det. Jeg sier alltid sånn ”da har jeg tenkt sånn og sånn og sånn, hva tenker dere om det, er dere enig eller ikke?”.

Både snappar, gjestesnappar og fylgjarane i det utvalet eg har intervjuet opplev at det er stor moglegheit til påverknad på Uperfektepiker. Alle informantane opplever at dei er likestilt; det er rom for nye idear og moglegheit til å påverka og at det er uproblematisk og enkelt å ta kontakt med Uperfektepiker. Nokre av informantane svarte som fylgjer på om dei kjenner moglegheit for påverkna:

Cecillia (33, snappar):

Ja. Og så er det veldig mulighet for å komme med innspill til folk som kan snappe og det har jeg gjort flere ganger og det blir tatt godt imot. Så det synes jeg er veldig allright.

Gunn (21, fylgjar):

Ja, det føler eg absolutt. Dei er opne for at du kan kontakte, komme med meiningar.

Anne (22, initiativtakar) fortel korleis ho prøver å ta med fylgjarane sine stemmer inn i Uperfektepiker:

Mellom seerene stiller vi alltid spørsmål om hva vil dere har mer av, hva vil dere har mindre av, har du noen temaer også... Så tar vi opp de temaene liksom. Så det er mange av temaene som seerene har vert med å bestemme. Om de sender tips om gjestesnappere, så tar vi gjerne kontakt med de.

Begge fylgjarane formidlar at uansett om dei ikkje deltek så aktivt, opplever dei likevel ei moglegheit for å påverke. Her er utdjupande sitat av Ida (22,fylgjar):

Eg trur at dersom eg hadde hatt noko å kommentere på, så kunne eg kommentert på det og eg trur dei hadde vore mottakelege. Så lenge det ikkje vert mottatt som "hat" eller at det kjem fram som hat, så trur eg dei er veldig mottakelege for det. For eksempel på Snapchat, så ser det ut som at når folk kommenterer eller spør om ting så svarar dei: "det har eg ikkje tenkt på", eller, "det kan eg snakke om". Det opnar opp nye tankar for dei òg. Det verkar som dei er mottakelege for å læra nye ting og utvikle seg sjølv.

Heidi (34, fylgjar) fortel at ho har sendt førespurnad og teke kontakt for å kunne gjestesnappe:

Eg fekk veldig fint svar, og at det er dei interessert i, og at eg kunne ta kontakt igjen nærare sommaren då. Og eg har jo allereie klart temaet eg ynskjer å snakka om. Ja eg synest det er interessant det å kunne vera ein ukjend person som eigentleg ingen har høyrte om då.

Dette påpeikar på høg grad av medverknad siden alle kan vera med og bidra med sitt i Uperfektepiker.

4.7. Ekskludering og sjølvekskludering

Sidan alle mine informantar deltok i ulik grad sjølv, så stilte eg spørsmål om kvifor dei trur nokon ikkje ynskjer å delta på Uperfektepiker. Fyrst vil eg presentera kva tankar og erfaringar informantane har og kvifor enkelte vel å ikkje snappe og deretter kvifor enkelte ikkje ynskjer å fylgja Uperfektepiker. Anne (22), initiativtakar fortalde fylgjande:

Mange de som ikke velger å delta ikke er der selv kanskje. Kjenner at de ikke tørr å gå for dypt da. Også er det noe med det at det er veldig utfordrende fordi du skal liksom ha et tema og da er det litt skummelt fordi hvis du ikke klarer å være uperfekt eller dele noe som gir til seerene, så få vi høre det av seerene. Vi har en veldig sårbar målgruppe, så vi har fått en del kjeft også og det gjør jo at det er litt skummelt for oss å faktisk dele.

Frida (23, gjestesnappar) påpeika at det kan vera veldig personleg å dele ut i frå egne opplevingar og det kan kjennast ukomfortabelt:

Dei har jo veldig mange fylgjarar, så det kan jo bli ein presentasjonsangst i seg sjølv. (...). Livet kan jo komme i vegen, dei som har starta dette er jo vanlege menneske med jobbar og eigne liv, så det er jo fort at ein kan havne i tidsklemme.

Her framhevar informantane at enkelte ikkje ynskjer å dele og snappa fordi dei synest det er ukomfortabelt og det kan vera vanskeleg og utfordrande å dele det uperfekte. I tillegg kan mangel på tid spela ei rolle for kvifor enkelte vel å ikkje delta i Uperfektepiker som faste snapparar. Fleire formidlar at grunnen til at enkelte ikkje vel å fylgja Uperfektepiker er fordi dei ikkje kjenner til prosjektet. Fleire synest òg at det kan verta for stort fokus på til dømes psykisk helse som har mykje fokus elles i samfunnet, dette kan vidare opplevast som unautsynt eller overveldande. Informantane formidlar òg at nokre ikkje ynskjer å delta då dei har eit behov for å sjå meir av det perfekte, eller at konseptet til Uperfektepiker ikkje naudsynt treff enkeltes interesse eller behov som nemnd under:

Dina (26, snappar):

Det vil alltid være noen som ikke interesserer seg som kanskje, jeg vet ikke, enten er uenig eller bare ikke bry seg om det. Men jeg tror at hvis det er noen som bevisst lar være å følge med så er det kanskje også fordi at de synes det er nok over alt.

Cecillia (33, snappar):

Kanskje de synes det blir litt for mye. Kanskje de har fått nok av det rett og slett. (...) man kan kjenne seg ekskludert hvis det er ting som taes opp som kanskje virker litt fremmed, et tema som virker litt fremmed for noen at man føler seg ekskludert på den måten og som sier at dette er unormalt.

Eli (18, gjestesnappar):

Kanskje folk som ikkje følge - ikkje veit om det. Eller dei ikkje så veldig interessert i det uperfekte og heller vil følge litt andre profiler.(...) Eg sjølv også som følger så er det ikkje alle tingene som er, eg ser dagens tema, og det er ikkje alltid eg gidder å se på, på ein måte. Det er meir når det treff meg at eg har lyst til å følge med på snappen utover dagen.

Frida (23, gjestesnappar) påpeikte perspektivet på kjønn:

Dei fleste som snappar er jo jenter. Så eg kan sjå for meg at det er nokre gutar som ikkje kan relatere til det som vert sagt. Det vert snakka mykje om graviditet, kropp og bekken, menstruasjon og kroppspress i forhold til bikini.

Anne (22, initiativtakar) delte også at tidlegare dei har testa ut marknadsføring med reklamering, men at det var tydeleg at dei måtte gå vekk frå dette på grunn av tilbakemeldingar og slik at ikkje fleire vel aktivt å slute fylgja dei. Ho formidlar også at:

Akkurat markedsføring og reklamer og sånne ting har vi jo vært kjempe strenge på at vi ikke skal gjøre for da faller vi bort fra konseptet igjen. Og vi har prøvd tidligere og da har vi fått bare kjeft og som unfolowá oss fordi vi da tar reklamer inn.

4.8. Oppsummering av funn – deltaking, motivasjon og moglegheit til å påverka

Funna frå korleis deltaking ser ut inkluderar både den generelle statistikken og informasjonen som kjem fram frå intervjuet. Dei fleste som deltek er kvinner, men det er nokre få menn inno. Frå den generelle informasjon med kort innblikk frå fylgjarstatistikken til Instagramkontoen til Uperfektepiker viser det at kontoen har sjåarar i alderen 13 til 65+. Det kjem også fram blant erfaringar som snappar og fylgjarane har at dei fleste som deltek er unge jenter, men også folk i ulike alder og blant anna foreldre. Samstundes er dei som deltek folk som kanskje slit sjølv eller har slete, men også menneske som føler at Uperfektepiker treff deira interesse. Nokre deltakarar med slik interesse kan vera folk som driv med anna liknande arbeid som fremjar helse. Funna i frå kva fylgjarane gjer og i kor stor grad dei deltek viser at informantane har moglegheit til å kommunisere med Uperfektepiker, men mest vel å fylgja med på kva Uperfektepiker deler på story. Snapparar for Uperfektepiker fortel at på ein vanleg dag er det er om lag 10 til 30 personer som tar kontakt med dei aktivt men det varierer i forhold til kva tema som blir tatt opp. Kommunikasjonsgraden kan òg variere frå at folk sender små helsingar til andre som dei har lange djupe samtalar med, evt møte og oppstart av bekjentskap og gode relasjonar.

Det var ein del samsvar blant informantenes svar over kva kvar enkelt hadde som motivasjon til å delta i Uperfektepiker og kva erfaringar dei har med kven som deltek i Uperfektepiker. Hovudfunna var at folk har ynskje om å gjere ein skilnad, bidra med kunnskap og engasjere

andre. Blant funna viste det seg at dei fleste har ynskje om å kjenne seg igjen og ikkje kjenne på einsemd med sin problematikk eller utfordring og slik føle seg meir inkludert i samfunnet. Det kjem òg fram at dei som fylgjer kanskje søker etter støtte eller hjelp etterkvart.

Oppsummert frå informantanes svar, dei som snappar og driv Uperfektepiker er kvinner med mangfaldig kunnskap og erfaring som samla sett publiserer tekst, bilete eller video på Facebook, Instagram, Snapchat der dei oftast nyttar My Story/Min historie og deler sine personlege historier og erfaringer. Dei formidler kunnskap og håp, gjev råd om ulike øvingar og teknikkar til å betra eigen situasjon. Dei som driv kontoen Uperfektepiker har organisatoriske oppgåver der dei blant anna lagar oversikt over når og kven som skal snappe, leitar etter fleire og fylgjer opp gjestesnapparane. Dette skildrar i korte trekk korleis dei driv Uperfektepiker konto.

Opplivinga av å dele er noko ulike mellom informantane som snappar, men dei fleste opplever det positivt. Informantane fortel at dei blir glade og rørt av fine tilbakemeldingar. Nokre formidlar i tillegg at det er skummelt i starten, men at det vert lettare etterkvart. Dei fleste som snappar er også kvalitetsbevisst, og er opptekne av å reflektere over kva og korleis dei uttalar og publiserer meiningane sine for fylgjarane.

Initiativtakar formidla at det er veldig open kommunikasjon på privat gruppa til Uperfektepiker, der dei diskuterer og stemmer over avgjersler i lag. Uperfektepiker prøver i størst mogleg grad å inkludere sine fylgjarar i utformingsprosessen ved å spørje kva forslag dei har, kva dei har lyst å ha meir av eller mindre og liknandes. Hovudfunna er at alle informantane opplever at det er gjennomslagskraft til nye idear og moglegheit til påverknad. Dei føler seg likestilt. Uansett om dei deltek aktivt eller ikkje ,så opplever dei liknande moglegheit til påverknad og at det er uproblematisk å ta kontakt med Uperfektepiker. Ei av fylgjarane har tatt kontakt for å gjestesnappa for Uperfektepiker. Fire av mine informantar har tatt kontakt sjølv og har starta som gjestesnappar. Dette peikar mot at prosjektet er forankra i deltakarar/mennesket sjølv og ber høg grad av medverknad. Medverknad er også eit av dei sentrale verkemidla i samfunnsarbeid for å oppnå endring (Hutchinson, 2010, s. 13).

Av dei som valde å ikkje delta, peikar funna på at det kan opplevast som utfordrande å dela om sine utfordringar og det uperfekte, Pluss at det å vera open framfor eit stort publikum er utfordrande. Funna av kvifor folk ikkje fylgjer Uperfektepiker viser seg å vera både fordi dei ikkje kjenner til prosjektet, eller at dei syns det er for mykje fokus på psykisk helse. Samstundes at Uperfektepiker ikkje naudsynt treff deira interesser. Det kan og vera vanskelig å kjenne seg

igjen spesielt for gutter då Uperfektepiker har ein del fokus på kvinnekropp og kvinneutfordringar. Uperfektepiker har erfart at fleire valde å slutte å fylgja Uperfektepiker då dei prøvde marknadsføring og reklamering.

Kapittel 5: Sosiale nettverk og inkluderande fellesskap

Dette kapittelet handlar i stor grad om at fylgjarane av og snapparane på Uperfektepiker har fått auka kontakt med menneske eller utvida sitt nettverk etter at dei starta å fylgja/drive Uperfektepiker. Datamaterialet viser tydeleg at nettverk og inkluderende fellesskap er essensen i informantanes oppleving knytt til Uperfektepiker. Dette kjem fram gjennom at fleire informantar sjølv brukte ord som fellesskap og samfunn undervegs i intervjuet. Dei opplever Uperfektepiker som eit samfunn, og kjenner tihøyrse i eit fellesskap der dei saman er del av noko større. Desse funna blir presentert i fylgjande kapittel under: ”Nettverk”, ”Inkluderande fellesskap” og ”Vegen til at fleire vert inkludert”.

5.1. Nettverk

Fleire av informantene har fortalt at dei har auka kontakt med nye menneske, fått fleire venner og utvida sitt nettverk. Kontakt med nye menneske og større nettverk bidreg til auka sosial kapital (Ødegård et al., 2014, s. 9). Vidare kjem nokre sitat som viser til at informantane har auka sin kontakt med nye menneske. Dei fortel også om korleis dei har komme i kontakt og utvida sitt nettverk:

Anne (22, initiativtakar):

Jeg har fått (kontakt med) så mange nye mennesker av å drive Uperfektepiker at det kan ikke sammenlignes med for ett år siden og nettverket mitt er mye større. Jeg har som sagt fått veldig mye gode venner.

Beate (30, snappar):

Ja, eg har jo det. Det er jo ein arena som når ut til veldig mange (...). Sist gong så nevnte eg vel for eksempel, eksempelet med at eg tok opp at det skulle vera ein ”Unge Leve” samling. Og så var det nokon som kontakta meg, fordi eg skulle åleine der. Så var det nokon andre som kontakta meg som skulle gå aleine der, som då gjorde at me kunne gå på ei samling for etterlatte etter selvmord sammen.

”Unge Leve” er ein organisasjon som jobbar med etterlatte etter sjølv mord. Beate kom i kontakt med nye menneske då ho delte at ho skulle på ein “Unge Leve”-samling. Etter ho delte

dette tok andre kontakt slik at dei kunne gå i lag. Det å stå saman i ein slik situasjon kan verke mindre skummelt enn å stå åleine og dei kan kjenne seg sterkare saman. Dette kan ansjåast å vera ein del av kollektivt Empowerment.

Dei faste snapparane formidlar at det har vore moglegheit til å treffe kvarandre, gå på trening saman og vera med på andre aktivitetar i lag. Dette kan føre til at dei blir betre kjent og byggjer sterkere bånd seg imellom. Dina (26, snappar) fortel at ho har etablert og fått meir kontakt med andre som snappar for Uperfektepiker. Vidare seier ho at ho òg kjenner ho har fått litt meir kontakt med dei andre som deler ting med ho: “Kontakten er ikkje så sterk, men ein kjem i kontakt med menneske ein elles aldri ville ha kome i kontakt med”.

Det Dina omtalar her kan sjåast til å vera svake band som knyttar folk til eit større nettverk. Heidi (34, fylgjar) framhevar eit perspektiv der ho fortel at ho vert meir open om seg sjølv til andre, av å fylgje Uperfektepiker. Dette førte til at andre opnar seg til ho igjen. På den måten kan ho styrke tidlegare kjennskap, men òg bli opnare i møte med nye menneske. Dei fleste snapparane tilføyer at dei har utvida sitt sosiale nettverk på grunn av Uperfektepiker. Teori om sosial kapital viser til at større sosiale nettverk kan gi tilgang til ulike goder som til dømes nye moglegheiter for jobb (Putnam, 2000, s.20). Dette verkar å bli bekrefta i mitt materiale.

Beate (30, snappar):

Det blir jo ein del samfunnsengasjement av det. Eg har jo sjølv blitt kontakta av to forskjellige, no i det siste, som spurte om eg har lyst å halde føredrag blant anna.

Både snapparar, gjestesnapparar og 2 av fylgjarane formidla at dei har styrka tidlegare kjennskap på grunn av Uperfektepiker. Dei som snappar påpeikar og greier ut om at då dei opna seg om sine erfaringar, tok gamle bekjentskap kontakt på ny. Her er nokre døme på korleis dei snakkar om dette:

Eli (18, gjestesnappar):

Eg har plutselig fått ein heilt anna relasjon til for eksempel folk eg har gått på skule med, og berre snakka med nokre gonger, eller folk eg vaks opp med i same nabolag på grunn av Uperfektepiker. (...) folk som eg kjenner frå før har også tatt kontakt... og så har vi gjerne truffet og gått på tur ilag og snakka litt om dei tinga saman.

Anne (22, initiativtakar):

Jeg har jo fått en helt ny respekt fra mine venner da og bekjente som jeg ikke har hatt tidligere. Kontakten har blitt styrket fordi jeg husker jeg har fått masse tilbakemeldinger på prosjektet. Og ja, jeg har styrket relasjon til andre, jeg tror folk har fått ny tillit og respekt for meg da for å gjøre noe sånn her. Så absolutt.

Cecillia (33, snappar):

Ja! Ja! [anonymisert navn] en som var på ”Farmen” etter meg. Hun har jeg blitt veldig venn med altså.

Beate (30, snappar):

Det har eg jo det. Det er jo fleire av bekjente som har kjent deler av min historie tidligere som har tatt kontakt meg etter dei har sett at eg har snappa der også skrive at det var fint å høyre korleis ting eigentleg var og at dei visste litt, men at det er fint å vite alt. Og då har eg fått kontakt med dei.

Det å styrka tidlegare kjennskap betyr å danne sterkare band, dette kan føre til at ein skapar nære vennskap.

5.2. Inkluderande fellesskap

Allmenn tolking av inkludering er at ein høyrer til og har ein plass i eit fellesskap. Med inkluderande arena meines det her at Uperfektepiker dannar og søker til å lage ein plass der flest mogleg kan føle seg akseptert og trygg. I dette inkluderande fellesskapet kan folk dele sine erfaringar, kjensler eller opplevingar.

Heidi (34, fylgjar) opplev Uperfektepiker som ein inkluderande arena då ho kan relatere seg til mange av tema som Uperfektepiker prater om: “Mange av dei temaene som blir tatt opp har eg gjerne vore borti sjølv og det på ein måte godt å få innblikk i korleis andre og opplev det... og det å kunne relatere seg sjølv til det”.

Ida (23, fylgjar) opplev inkludering når ho kan identifisere seg med snapparar og føle seg representert av dei, då dei løfter fram problema hennar, og tek dei på alvor:

Ja, eg kjenner at eg er inkludert når dei av Uperfektepiker som eg kjenner meg på linje med deler ting. Og på ein måte at det er nokon som talar mi sak. Sjølv om det ikkje akkurat er mi sak sidan dei ikkje kjenner meg personleg, så er det nokon som tek opp mine problem og skapar ein debatt ut av det. (...). Eg tykkjer dei er veldig flinke til å inkludere, og eg ser at folk deltek på Facebook og på Instagram og Snapchat, at dei sender inn spørsmål og kommenterer på ting. Og på den måten inkluderer seg sjølv og andre.

Beate (30, snappar) fortel at ho prøver å inkludere ved å ta seg tid til fylgjarane og å vera tilgjengeleg: “Eg prøver å både vera inkluderande når eg snappar for alle og dei som høyrer på. At eg tar meg tid, og skriv at dei kan kontakte meg utover den dagen eg snappar hvis dei treng å snakke med nokon”.

For å inkludere fleire har det vore viktig å ha mange ulike tema og menneske slik at endå fleire kan identifisere seg. Dette fører til at mange kjenner seg inkludert i fellesskapet og blir mindre einsame. Fleire informantar formidlar at Uperfektepiker prøver og inkluderer ulike grupper ved tilrettelegging, slik at flest mogleg kan delta på lik linje. Som til dømes teksting på videoar med lyd for at dei som er døve kan lesa same budskap.

Anne (22, initiativtakar) påpeikar at Uperfektepiker når ut til eit stort publikum fordi dei har mange tusen fylgjarar og dei tek opp tema som mange kan kjenne seg att i. Ho set også lys på å inkludere av døve: “man med til å tekste sånn at døve også kan få det med seg, for eksempel hvis man står og snakker foran et kamera”.

Fylgjarane har også lagt merke til inkludering av døve og set lys på inkludering av begge kjønn. Gunn (21, fylgjar) fortel at:

Dei teksta alt, det er jo inkluderande for dei som ikkje høyrer. Så har dei og hatt gjestesnappar som er guttar trur eg, nokon få gongar, så er det jo kanskje litt meir at guttar og kan blir nådd ut til.

Alle informantane kjenner seg inkludert og dei som snappar streber etter å inkludere. Dei vektlegg ulike aspekt ved inkludering. Der mellom anna nokre framhevar at inkludering for dei er å kunne identifisera seg med dei som snappar eller tema som blir tatt opp. Andre påpeikar aspektet med å inkludere ulike grupper i samfunnet og moglegheit til likeverdig deltaking. Alle

informantar opplever dette som eit fellesskap. Noko av det mest grunnleggande i samfunnsarbeid er å strebe etter å vedlikehalde eksisterande fellesskap og etablere nye fellesskap (Sudmann & Folkestad, 2015, s. 7). Informantane opplever eit stort fellesskap saman med alle som fylgjer og snappar, men dei formidler også at dei i tillegg har eit tettare fellesskap mellom berre dei som snappar og driv kontoen “Uperfektepiker”. Informantane påpeikar at kjensla av fellesskap kjem ved at dei kan identifisere seg med andre sine opplevingar. Det skapar medvit på at det er eit kollektivt problem og ikkje basert kun på deira individuelle oppleving og ståstad. At dei slik forstår at dette er resultatet av ei samfunnsskapt verkelegheit og ulike strukturer i samfunnet – som dei då kan motkjempe og søkje etter å endre.

Her er nokre sitater som viser korleis informanter omtalar fellesskapskjensle:

Ida (23, fylgjer):

Eg får ein fellesskapsfølelse, blant anna. Og at eg ser at det er andre som har vanskar med dei tinga eg har vanskar med. (...). Det er normalt, det er ikkje berre du og ditt problem, det er andre som har det.

Heidi (34, fylgjar):

Eg kjenner til ei av gjestesnapparane og det gjør det jo ekstra nært.

Dina (26) som snappar opplev at geografisk sett så er det store avstander og det fungerer ikkje som eit vanleg fysisk fellesskap, men at dei danna eit følelskap ved at dei dela same mål og ynskje om å bidra til noko positiv for andre menneske:

Jeg føler at det er et slags fellesskap men det er jo litt vanskelig for jeg er jo helt oppe i nord og alle de andre er nede i sør. Sånn at det blir jo litt vanskelig å skulle for eksempel møtes då. Og vi snakker jo ikke så mye sammen egentlig, men føler likevel det skaper et slags fellesskap av at man er en gruppe som prøver å gjøre det samme fornuftige for andre folk. Så jeg tenker at det blir en slags fellesskapsfølelse likevel selv om vi ikke aktivt nødvendigvis går inn for det.

Ved hjelp av Internett og sosiale media kan band mellom menneske dannast og oppretthaldast enklare (Eimjelen et al., 2013, s. 25). Når folk kan kommunisera ved hjelp av sosiale media kan det vera enklare å følgje med kvarandre då fleire publiserer bilete eller oppdaterer status på sosiale media som Snapchat, Instagram og Facebook. online og fysisk fellesskap kan vera lika meiningsfulle då menneske kan dele meiningar og knytta bånd gjennom felles interesse,

identitet og sosiabilitet (Enjolras et al., 2013, s. 34). Å ha eit felles ynskje og mål å bidra til noko bra kan sjåast som ein felles interesse. Vidare er nokre sitat som viser til korleis informantene opplev å vera ein del av noko større:

Cecillia (33, snappar):

Ja, jeg føler at jeg er en del av noe større fordi man gjør noe sammen og man er ganske mange som har en ganske stor påvirkningskraft til å inspirere andre og det er veldig allright.

Frida (23, gjestesnappar):

Ein har jo moglegheit til å påverke nokon andre sin kvardag i positiv faktor eller opplyse om informasjon og spesifikk kunnskap som ein sit inne med sjølv.. som ein føler er viktig at andre veit. Ja, ein blir jo eit lite samfunn, det er veldig mange i alle aldrar som følgjer. Og så er jo alle menneske som har ei felles interesse for å gå i mot det perfekte.

Informantane har opplevinga av at deira deltaking i Uperfektepiker er ein del av noko større fordi dei har påverknadskraft å inspirere og bidra positivt til den enkelte. Men også fordi dei alle i lag (kollektivt) prøver å gå imot det perfekte. Slik kan det sjåast at Uperfektepiker strekker seg frå individ til kollektiv nivå.

Samfunnet som vert skapa her på Uperfektepiker kan sjåast til å være eit online samfunn. I motsetnad til det fysiske samfunnet - eksisterer det online samfunnet utan geografisk plassering. I denne settingen har Uperfektepiker plattform på sosiale media og i likskap med det fysiske samfunn har eigen kultur og etablerte normar. Uperfektepiker danna eit online samfunn med alle sine deltakarar på Uperfektepiker konto.

Beate (30) opplever Uperfektepiker som eit opnare samfunn då folk kjem nærare kvarandre og snakkar ope om ting: “Du er jo på ein måte litt naken med å snakke så ope om nære ting. Så alle som er med på det blir.. dei kjem jo litt nærare (...). Det blir jo eit meir ope samfunn”.

Informantane danna eit samfunn med eigen kultur der det er kultur for å dele ting og vise den ærlege sida. Anne (22, initiativtakar) fortel at deltakarar i Uperfektepiker gjennom å vera opne med kvarandre opplever dei sterk tilknytning til kvarandre og slik dannar dei eit samfunn:

Det er jo som et lite samfunn for å være helt ærlig. Alle er .. Jeg tror både seerene og vi føler en veldig sterk connection til hverandre da og at det er litt sånn, rett og slett veldig åpent. Samfunn med hverandre da. For mange så har jo dette vært en stor hjelp i veien videre for seg selv. Og vi har jo vært med på masse sånne tv oppslag og aviser. Det har jo på en måte økt den der samfunnet da rundt oss.

Eli (18 gjestesnappar), påpeikar at slike opne online samfunn kan ha med seg både positive og negative sider. Ho opplev då at Uperfektepiker som online samfunn kan bidra til at det er enklare å prate åpent enn i det fysiske. Men utelukker ikkje at eit slik online samfunn også kan ha negative sider:

Når det er digitalt er det både på godt og vondt at folk kanskje tør å åpne seg litt med det. Men i den sammenhengen her, når det ikkje er negative kommentarar og sånne ting og det er rett og slett åpne følelser og kanaler tror eg det er positivt.

Det kan vera enklare å sende negative kommentarar enn å seie det direkte til den det gjelder i det fysiske samfunnet. Cecillia (33, snappar), Eli (18, gjestesnappar) og Anne (22, initiativtakar) opplever at Uperfektepiker danna eit samfunn då dei kommunisere i lag både Uperfektepiker og fylgjarane, men også fylgjarane til andre fylgjarane gjennom Uperfektepiker. Informantene under utdjupa korleis:

Cecillia (33, snappar):

Jeg opplever engasjement og folk vil veldig gjerne komme med tips og råd. Jeg har lagt ut mye for eksempel da jeg har slitt med alt i frå mensen smerte til ganske sterke magesmerter.. Da kommer de med velmenende råd og ønsker å hjelpe til. Og ser helst at jeg også legge ut til folket slik at man kan hjelpe hverandre.(...) Som jeg sa toveis kommunikasjon som jeg synes er veldig allright at vi virkelig på en måte kan hjelpe hverandre at de også kan være med å hjelpe folk som man snappar til og alle disse som føler Uperfektepiker. Synes det er en fin kommunikasjon. Det er et community. Jeg føler at det blir en som samfunn som hjelper hverandre. En som begynner å spille ballen først.

Eli (18, gjestesnappar):

Ja vi kan be kvarandre om tips og råd. Til og med følgerne kommer med ulike tips som de vil at vi skal dele på snappen og sånt. Så ja det går litt begge veier hvem som snappar for hvem.

Anne (22, initiativtakar):

Vi på en måte hjelper hverandre da med å at jeg forteller de tingene som er uperfekt også sender folk meg og sier at de kjenner seg igjen og de er helt enig. Også deler de ting. Også deler jeg de på snappen videre (...). Også på dem måten så blir det jo relasjon mellom meg og seerene også relasjon mellom seerene sammen.

Cecillia (33) også fortel at ho oppleva to veis kommunikasjon som kan sjåast/forstås som dialog og refereres til Freire (1999) sin teori om dialogen sin viktighet i søking etter å frigjøre seg. Informantene opplever ærlegdom mellom kvarandre der dei dele private og sårbare ting og slik skape eit opnare samfunn. Men også eit hjelpande samfunn der folk hjelper kvarandre ved å dele tips og råd, og bruka dialog for å kommunisera. Dialog også bidreg til likeverdige deltaking i eit fellesskap (Freire, 1999, s. 13). Ein slik likeverdige deltaking og moglegheit for dialog ser ut til å eksistere i dette uperfekte samfunnet, slik eg forstår mine informantar.

5.3. Vegin til at fleire kunne vert innkludert

Eg stilte spørsmål til informantar om dei har nokre tankar om kva som skal til at endå fleire kunne føle seg inkludert og delta i Uperfektepiker. Alle informantane svarte at fleire ulike alder, kjønn og generelt fleire gjestesnapparar med ulikt bakgrunn som kunne bidra til meir inkludering. Her er nokre sitata som hevar fram budskapet:

Ida (23, fylgjer):

Eg trur å inkludere fleire aldrar, også sjølv sagt begge kjønn, eller fleire kjønn.

Eli (18, gjestesnappar):

Å få tak i fleire gjestesnapparar å få inn litt sånn, ja fleire ting man kan se av det uperfekte. Flere sider av det uperfekte.

Frida (23, gjestesnappar):

Kanskje prøve å få inn litt gutar som kan snakke om litt typiske gutte-utfordringar.

Beate (30, snappar):

Ta opp breiare tema, kanskje heller ta opp forskjellige ting.

Inkludering av fleir kjønn, aldra og temaer kunne bidra ikkje berre til at fleire kunne bli inkludert, men også auka kunnskap og medvit om ulike sida av det uperfekte. Spesielt om til dømes det vert meir snakk om utfordringar som er meir typisk hos gutter, fordi dette kunne bidreg til meir kunnskap og innsikt blant det motsatte kjønn. Initiativtakar fortel at dei har stort ynksje om å inkludera fleire gutar og at dei prøver fortsatt å finne fleire i tillegg til dei Uperfektepiker har. Samtidig ho formidlar at det har vore utfordrende å finne dei som ynskjer å dele.

5.4. Oppsummering av funnene – nettverk og inkluderande fellesskap

Hovedfunnet er et at dei fleste (8 av 9) informantar har fått auka kontakt med nye menneske eller styrka tidlegare vennskap på grunn dei har snappa for eller fylgt Uperfektepiker. Fleir også fått nye venner og utvidet sitt sosiale nettverk. Dette peiker på at Uperfektepiker bidreg til høyere sosial kapital hos deltakarar.

Grunnen til at deltakarane på Uperfektepiker kan få auka kontakt med nye menneske er fordi Uperfektepiker fungere som eit onlinesamfunn og plattform som når ut til mange. Ved hjelp av deling av personlige historier og erfaring Uperfektepiker kan bidra til at fleire bli åpnere i møte med nye menneske og slik knyttar nye bånd men også styrke tidlegare. Både danning av svake og sterke bånd bidra til auka sosial kapital. Ved hjelp av Internett er det enklare å oppretthalde svake bånd som koplar menneske saman til eit større sosiale nettverk (Eimjelen et al., 2013, s. 25). Uperfektepiker kan sjåast til å skape eit slik sosial nettverk.

Alle informantar opplevde Uperfektepiker som inkluderande fellesskap fordi dei kunne kjenne seg igjen, følte at deira problemer blir tatt på alvor og identifisera seg med Uperfektepiker. Informantane også opplevde Uperfektepiker som inkluderande arena då dei prøvde å inkludera flest mogleg grupper, til dømes som menneske med funksjonsnedsetting. Informantane formidlet at fleire gjestesnappare kunne bidratt til endå meir inkludering. Samtidig fleire kjønn, folk i ulike aldrar og med ulikt erfaring som kunne visa fleire sider av det uperfekte. Fellesskapskjensle blei både mellom dei som fylgjar og snappar for Uperfektepiker men også mellom dei som gjestesnappe og snapper i Uperfektepiker då dei hadde eiga gruppa kor dei kommunisere og det vert lagt opp til fleire samlinga. Samfunnsarbeid i stor grad handler om å

ta vare på eksisterande fellesskap men og skape nye (Sudmann & Folkestad, 2015, s. 7). Fellesskapskjensle var basert på at ein kjenner til kvarandre, ikkje naudsynt ein fysisk kjennskap, men dei delte ei felles kjensle om openheit og prøvde å hjelpa kvarandre. Dette då kunne sjåast i samanheng at fleire også opplevde kjensle av tilhøyrse til kvarandre då kommunikasjon opplevdes veldig nært og tovegs. Slik tovegs kommunikasjon kan peikar på å være det som Freire (1999) omtalar dialog.

Kjensle av å vera ein del av noko større også spelte inn på korleis slike prosjekter har påverknadskraft både i den enkeltes kvardag (individnivå) men og på samfunnsnivå som formet sosiale media. Samfunnsarbeid kan brukes når fokus flyttes frå individuelt til kollektivt nivå og problema som de enkelte opplever settes sammen i sammenheng med forhold i lokalsamfunn (Hutchinson, 2010, s. 34-35). Viktig aspekt ved funnene var også at alle informantene opplevde Uperfektepiker som eit samfunn. Samfunn der inkludering var hovudfokus og åpenhet og hjelp til kvarandre var kvalitet denne samfunnet delte. Både snappar til fylgjarane og omvendt men også fylgjarane til kvarandre gjennom snappare.

Kapittel 6: Endring gjennom sosiale media

Samfunnsarbeid har endring som mål (Sudmann & Folkestad, 2015, s. 7) og har vert eit av hovudfokusa ved intervjuet. Endring ved hjelp av samfunnsarbeid kan vera å endre den dominerande kulturen på sosiale media som viser tilsynelatande kun det perfekte. Endring kan også handla om å få auka individuell og kollektiv Empowerment og søke om å komme seg ut av avmakts posisjonar. Dette kapittelet handlar i stor grad om kva Uperfektepiker bidreg til for dei enkelte og kva endringar informantane har gjort for seg etter dei har starta å fylgja eller snappe for Uperfektepiker. Tankar og opplevingar informantar har om korleis Uperfektepiker bidreg til endring på Internett som sosiale arena og korleis Uperfektepiker skapar samfunnsengasjement. Desse funna er presentert i fylgjande kapittel under: "Uperfektepikers bidreg til den enkelte", "Motverknad av sosiale ulikskapar", "Uperfektepikers bidreg til Internett som sosial arena" og "Uperfektepiker skapar samfunnsengasjement".

6.1. Uperfektepikers bidreg til den enkelte

Informantane hadde liknande tankar og opplevingar om kva Uperfektepiker bidreg til dei enkelte men også kva Uperfektepiker bidreg til kvar informant personlig gjennom heile fylgja eller snappe perioden. Fleire informantar formidlar at Uperfektepiker bidreg med auka kunnskap. Dette skapar endring i form av at dei får mindre fordommar.. Gunn (21, fylgjar) påpeiker korleis:

Det er fint å sjå korleis det er bak desse perfekte bildene, det er jo så lærerikt og med dei som kjem med tips innanfor mat, trening eller psykisk helse, og erfaringa dei har som dei deler då. (...) dei tar jo masse viktige tema og sjølv om kanskje ikkje du kjenner igjen i akkurat kva dei snakkar om så er det jo viktig å læra om forskjellane som du kan møte andre menneske med ein forståelse då, vist du kan litt om tema.

Beate (30, snappar) opplev også at ho lærar noko nytt og får mindre fordommar. Ho seier at: "Innsikt er jo med på å gi kunnskap".

Frida (23, gjestesnappar) trur at Uperfektepiker bidreg til auka kunnskap og brukar ord "awareness" og påpeikar at ho trur det kan bety mykje for enkelt personar. Med awareness meines her å vera bevisst ulike tema. Det kan innebera at for den enkelte "awareness" utgjer

store endringar i kvardagen eller livet deira hvis folk er bevisste om enkeltes utfordringar. Til dømes om Uperfektepiker skulle auka kunnskap om schizofreni så kunne fleire bevega seg vekk i frå stereotypien som at ein person med schizofreni er farlig som kan gjera at fleire vel å unngå ein person med denne lidinga. Auka kunnskap og medvit kunne endra måten for korleis den enkelte med utfordring vert møtt i samfunnet og at ulike utfordringar og ført til normalisering og mindre stigmatisering. Eit anna aspekt er når ein åpner seg blir det enklare å fortelle til fleire og det kan skapa tryggleik og bidreg positivt i kvardagen.

Eli (18, gjestesnappar) fortel fylgjande:

Eg har nok brutt noen barrierer og grenser, eg merker jo det at i mine kretser er det lettare for meg som har hatt panikkangst å på ein måte å si det rett ut. Det gjør meg tryggare i ulike situasjoner, at fleire veit det. (...) eg var nok ikkje sånn kjempe åpen sånn i utgangspunktet (...) eg hadde egentlig flink pike liv med mye stress og prestasjon og sånt. Så det var litt å visa ein an side av meg sjølv som var veldig deilig å visa. (...) som er heilt menneskeleg.

Uperfektepiker bidreg også med læring av ulike teknikkar og øvingar for å handtere ulike utfordringar. Dette kan bidra til endring slik at enkeltes kvardag vert betre eller lettare. Til dømes når Uperfektepiker lærar fylgjarane sine avslapningsteknikkar kan deltakerne ta det i bruk og endra måten dei håndterer stress eller angst i sin kvardag. Dette kan også betra livskvaliteten deira. Informantane fortel fylgjande:

Heidi (34, fylgjar):

Ja, eg kjenner eg lærer korleis eg kan bruke forskjellige måtar og teknikkar på og gjerne handtera forskjellige situasjonar og spesielt dei eg gjenkjenner meg i.. At eg får på ein måte ulike perspektiv og råd som eg gjerne tar med meg.

Eli (18, gjestesnappar):

Det har vore ulike tips og råd som har fått meg til å tenke og fått meg til å endre litt på ting eg har gjort før. (...) for eksempel har eg alltid vore litt sånn stresset og når noen har snakket om ulike måter for avspenning og sånne ting så har eg testet det ut.

Beate (30, snappar) setter lys på kor viktig Uperfektepikers rolle kan bli i enkeltes liv:

Eg har tidvis hatt ganske tunge temaer. For eksempel om selvmord (...) og då å få meldingar om at mine snapparar har betydd den store forskjellen for dei, som faktisk noen skrevet at dei har valgt å leve vidare på grunn av ting dei har høyrte.

Dina (26, snappar) fortel at å dele si historie og oppleving også kan fungera som eigen helingsprosess: “dele min historie til andre og bearbeida mitt eget mens jeg snakket med andre har hjulpet meg veldig mye personlig også”.

Det å dela sin historie og oppleving kan omtalast som storytelling og er ein av metodane innan samfunnsarbeid. Storytelling kan fremja sjølvtilitt, identitet, autonomi, medvit og empowerment (Ledwith & Springett, 2010, s. 104-107). Dette kan ser ut til å stemme med det Dina fortel at ho oppleve at ho har fått betre psykisk helse og sjølvbilete etter at ho har startet å snakke for Uperfektepiker. Fleire formidlar at dei har fått betre sjølvtilitt og sjølvbilete på grunn av Uperfektepiker. Her utdjupa Heidi (34, fylgjar) og Beate (30, snappar) korleis:

Heidi (34, fylgjar):

Ja.. Eg kjenner eigentleg at eg synst ikkje ting er lika vanskeleg lengre eller flaut på ein måte. At eg anerkjenne meir og meir verkelegheita og ønsker å få det fram i meg sjølv og andre.

Beate (30, snappar):

Eg har høyrte masse om at det hadde betydd mye for mange... og det betydd mye for meg også. (...). Det er jo veldig fint for meg og å føle at eg betyr noe for folk. At det eg fronter er viktig for folk å høyre. (...) eg får jo bedre hvertfall selvtillit av det .. for kvar gong eg står i det så er det jo enklare å stå i det neste gong. Og selvbilde blir jo bedre av å føle at du er ein viktig person.

Endring som Uperfektepiker bidrar til kan også sjåast til å vera at folk åpne seg meir, sette ord på vanskelig ting for første gong og snakker om temaer som kanskje er tabu i samfunnet. Dette gjenspeglast i informantanes fylgjande sitat:

Heidi (34, fylgjar):

Eg har opna meg meir om meg sjølv (...) og då opplever eg at andre og opnar seg meir, og at ein får enno større perspektiv og respekt og det gjør det endå meir relevant og

interessant. Eg kjenne på at eg blir meir og meir engasjert (...). Eg tenker at dei treffer mange som ikkje gjerna har snakka om seg sjølv før (...) dei gjerne opne opp.. dei engasjerer gjerne folk til å snakke meir om og opne seg meir rundt.

Anne (22, initiativtakar):

Folk har jo rett og slett åpnet seg mye mer for meg, enn det de har gjort tidligere.

Endring av seg sjølv heng òg saman med endring av samfunnet og er tydelig i det Heidi (34, fylgjar) beskriver som at når ho blir åpnere så åpner andre seg (ikkje deltakarar i Uperfektepiker) for ho også. Og slik kan endring sjå ut til å bevege seg frå individnivå til samfunnsnivå.

Alle informantane formidla at når dei ser på det uperfekte og ufiltrerte livet på sosiale media, bidrar dette til endring på korleis dei tenker om sosiale media. Dette kan setjast saman med Goffman (1992) sin teori om ”back-stage” og ”front-stage”. Her er nokre dømer på korleis dei endret sine tankar om sosiale media:

Gunn (21, fylgjar):

Ja, eg har, eg merker jo det når eg ser på bilde eller sånn sosiale media så tenker eg ikkje nødvendigvis på at såkalt perfekte bilde er realiteten då.

Dina (26, snappar):

Ja, jeg tror at jeg har blitt mer bevisst på det her med at den perfekte fasaden ikke alt. Jeg har blitt mye mer OBS på det og at jeg husker det er mye lettere. For tidligere har det vært veldig mye selv på reise kontoene som ”å nei, der er dei perfekte livene og der var det fint”. Haha. Men man vet jo aldri, så det har jeg blitt mer OBS på det at ikke alt perfekt og tenke også bedre om meg sjølv. Man er den man er liksom og det kan vera nok det. Haha.

6.2. Motverknad av sosiale ulikskapar

Nokre informanter hadde tankar korleis Uperfektepiker bidrar til å motverka sosiale ulikskapar. Blant annet at alle menneske har følelsar og kan kjenne seg igjen på tross av sosiale ulikskapar då Uperfektepiker tek for seg eit breidt spekter av tema. Sosiale ulikskapar i denne setting kan

vera sosioøkonomisk status. Til dømes om ein er fattig eller rik, har høg utdanning eller ingen og posisjon i samfunnet i forhold til yrke og jobbstilling. Informantene fortel fylgjande:

Eli (18, gjestesnappar):

Me motvirke sosiale ulikheter for eg tru på ein måte, det er mye snakk om følelser og tanker at det er jo noe vi alle har i oss, og uansett om du er rik eller fattig, eller kommer frå ein eller anna land så kan på måte alle kjenne seg igjen i alle dei ting då.

Ida (23, fylgjer):

Ja, det vil eg sei at dei gjer. Det er jo eit veldig breitt spekter av kvinner som snakkar på kontoen, og så har dei og gjester som er frå ulike plassar i samfunnet og med ulik status.

Anne (22, initiativtakar) også formidler korleis dei prøver å motverka sosiale ulikheter ved å inkludere ulike grupper på tross av skilnadane, dette kan også kjenna att i samfunnsarbeid der fokus er å motverka sosiale ulikskapar. Uperfektepiker blant annet inkludere døve ved å tilrettelegge slik at man tekster på video og dei kan lese, også personer med sjeldne sjukdomstilstandar, funksjonshemming og meir. Uperfektepiker formidler masse kunnskap og alltid prøver å forklarar fagord frå bunn slik at fleste kan forstå uansett kva utdanning man har.

Anne (22, initiativtakar):

vi har fått en som snapparen som har funksjonshemming og som er veldig sterk og formidlet om at man kan velge selv hvordan du vil å håndtere situasjonen. (...). Vi har jo veldig mange forskjellige målgrupper også sånn som [navn på snappar] har alopecia [hudsjukdom som forårsaker hårtap]. Det er litt det som er greie vi ville ha med alle. Og alopecia (...) det er jo veldig liten prosent som har det og jeg trur det var veldig viktig for oss å ha det inn så flere kunne kjenne seg igjen. (...) I tillegg så dette her med God Morgen Norge, NRK og alle disse tingene som har bidrege til blandet samfunn og personer.

Anne påpeikar at merksemd frå massemedia har også bidrege til at fleire ulike personer oppdagat Uperfektepiker og kunne delta uansett kor dei kjem frå eller kva bakgrunn dei har.

6.3. Uperfektepikers bidreg til Internett som sosial arena

Dei fleste informantar påpeikar at endring kan sjåast til å vera mindre press på sosiale media på grunn Uperfektepiker auka medvit hos fleire. Press her omtales som kroppspress, press til å vera perfekt, press til å publisere eller dela berre dei fine eller perfekte. Gunn (21, fylgjar) fortel følgjande:

Eg trur det kan å bli med på å skape litt mindre press kanskje. At når man då ser sånne perfekte bildet så kan man klare å tenke at det er ikkje sånn det er i virkeligheten. (...) dei prøver å gå litt vekk i frå den perfekte sosiale media som er veldig masse av. Merke at det blitt litt meir populær å legge ut litt meir kvardagslege ting og ikkje så perfekt på sosiale media.

Her påpeikar Gunn at ho har lagt merke til endring der det har blitt meir populært å publisere vanlege og kvardagslege ting på sosiale media. Nokre av informantane skildrar òg Uperfektepiker som ei motrøysle mot det perfekte eller ideala som vert skap og dominerer på sosiale media, men òg fremjar normalisering som ein viktig del får endring til eit meir mangfaldig samfunn.

Frida (23, gjestesnappar) fortel at: "Uperfektepiker er ein motbevegelse mot alle Instagram-kontoane som er veldig fokusert på at alt er fint, kropp og utsjånad og slik".

Beate (30, snappar) håper på at Uperfektepiker bidreg til å snu trenden som finnes på sosiale media:

Denne trenden om at alt skal være perfekt og at folk vil føle det er greit å ha forskjellige problemer. At det uperfekte på ein måte det som er normale. (...). Håper jo at Uperfektepiker det er motpol til alt som fantes av det perfekte i dagens samfunn. (...). Det er greit å skilja seg ut på forskjellige måtar.

Anne (22, initiativtakar) også formidlar perspektiv på betydning av influensaranes deltaking som snappara i Uperfektepiker. Mellom anna det at influensarens utvikling der dei tør å vise meir av det uperfekte igjen påverkar fylgjarane deira. Uperfektepiker på den måten kan sjåast til å bidreg til endring som nå til veldig mange slik at det blir meir av det "uperfekte". Ho formidlar også at fleire deltakarar på Uperfektepiker tagger dei (#uperfektepiker) i bilete og

innlegg der dei viser si side av det uperfekte. Dette då skape endå meir merksemd og kan sjåast til å være resultat og endring som Uperfektepiker har skapa.

Ida (23, fylgjer) formidla og korleis ho føler seg når ho ser det uperfekte på sosiale media og reflektere over korleis det kan påverka andre til å gjere det same:

Eg blir veldig glad når eg ser det motsette, fordi eg tykkjer det er dritkult at det er nokon som tør. Det er jo fleire og fleire kvinner som tør å vise sitt ufiltrerte "eg" på sosiale media, og det gjer meg veldig glad. Fordi at det gjer at folk kanskje tør å seie i frå korleis dei har det, og tør å gjere dei same tinga. Slik at det ikkje må vera ei solskinnshistorie på sosiale media, det kan og være den grå kvardagen, og det er heilt greitt.

6.4. Uperfektepiker skapar samfunnsengasjement

Dei fleste informantane formidlar at Uperfektepiker engasjere dei. Endring kan sjåast til å være på individnivå då Uperfektepiker bidreg til engasjement hos sine sjåarane. Men også endring på samfunns nivå då Uperfektepiker skapar samfunnsengasjement med debatt rundt ulike temaer og problematikk i samfunnet.

Ida (23, fylgjer) gje døme på korleis Uperfektepiker skape samfunnsengasjement og utdjupa kvifor er det viktig med det:

Dei skapa engasjement i samfunnet ved å skape debatt. For eksempel dersom dei snakkar om mammakropp som eg nemnde tidlegare; den er som den er etter fødsel, og ein skal ikkje vera i tipp-topp form etter fødsel- eller- ein kan vera det dersom ein har lyst, men dei fleste er ikkje det etter fødsel. Og det å vise den ufiltrerte mammakroppen er viktig for samfunnet fordi det er sikkert veldig mange mødre som slit med sjølvbilete etter fødselen når ting ikkje har vore slik det har vore før på kroppen. Då er det viktig at dei skapar ein debatt rundt det og folk blir engasjert til å vise sine egne historier. Dei gjer det mykje lettare for folk i samfunnet å vise korleis dei har det, det vert ein slags dominoeffekt. Dersom ein person deler så blir det lettare for ein annan å dela, og det er veldig greit at dei gjer det på den måten gjennom sosiale media fordi fleire får sett det.

Det skapar engasjement og tilhøyring både på individ- og samfunnsnivå.

Informantene hadde også nokre tankar om at Uperfektepiker kan sjåast som ein form for politikk då dei skapar engasjement og kan mobilisere fleire til debatt og utvikling av samfunnet. Informantene viser til dette i fylgjande sitater:

Cecillia (33, snappar):

Ja, det er dette community vi har snakket om at man engasjerer ganske mange unge mennesker som også kan taes vidare. Jeg vet at de har kommet på nyhetene og God Morgen Norge og helt klart skapte en viral effekt. Både med mer media og alt mulig.

Anne (22, initiativtakar):

Fordi at vi drar fram hvordan samfunnet blir framstilt da. Det vil si reklamer på TV, forsidebilder på blader. Jeg tror jo at vi har gjort en forandring, du ser jo, nå begynner blader mer og mer og ville ha de uperfekte sidene av folk. (...). Vi har jo vært med på sånn samfunnsdebatt i NRK før. I forhold til det at forskning viste at det har økt med 80 prosent den der flink pike syndrom da og at det er faktisk et stort problem i samfunnet i dag.

Heidi (34, fylgjar):

Fleire vil gå saman å engasjera seg at det blir gjerne ein meir gruppa som stillast i lag. (...) Og eg trur eigentleg at det er ein god begynnelse.

Det blir påpeika at på grunn av folk engasjerer seg kan det verta lettare å samla krefter og søke mot endring og samfunnsutvikling. Informantane peikar på at dei får masse merksemd og Uperfektepikers meiningar kjem fram på samfunnsnivå.

6.5. Oppsummering av funnene - Endring

Samla sett endring på individnivå som Uperfektepiker bidreg til kan sjåast til å være auka nettverk, aukiing av kunnskap, læring og individuell empowerment. Resultat peikar på også at Uperfektepiker bidreg til positiv endring i enkeltes kvardag. Uperfektepiker auka kunnskap hos fleire om ulike utfordringar og det blir lettare å snakke om ting og spørje om hjelp. Dei også delar ulike tips, råd og verktøy som deltakarane kan tar i bruk og hjelpe seg sjølv til dømes å mestre angstanfall eller redusere menstruasjonssmerte.

Alle informantane formidla at dei lærer utrolig mykje og blir meir bevisst om ulike temaer i samfunnet. Uperfektepiker brukar dialog og bidreg til bevisstgjøring korleis røyndom er bak sosiale media. Slik kan det sjå ut til at Uperfektepiker søke mot endring å frigjøre seg frå sosiale media som kan opplevast undertrykkjande. Fleire informantane formidla at etter dei har startet å fylgja eller snappe for Uperfektepiker dei har endret måten korleis dei har tenkt om seg sjølv og sosiale media. Nokre informantane tar seg sjølv mindre høgtydeleg og opplever mindre press på sosiale media for å være perfekt. Dette heng saman med at dei blei meir bevisst på korleis på røynda bak sosiale media og fordi dei komme i kontakt med andre som delar liknande opplevingar. Og man trengje ikkje lengre å føle seg liten i eit stort samfunn. Dette kan sjåast i samanheng til teori om kollektiv empowerment som seier at dersom ein er i eit samhald med sterk kjensle av kollektiv empowerment kan det også smitta over på kvar og enkelt individuelt (Ledwith, 2011, s. 66).

Det er tydelig at endring på individnivå henga saman med endring på samfunnsnivå. Informantane formidla at dei blir meir vannede å dele det uperfekte på sosiale media. Uperfektepiker vert tagget i ulike innlegg der folk publiserer det uperfekte side av seg som kan sjåast til å være ein av resultatene til Uperfektepiker. Informantane også påpeika korleis deltaking av influensarane og deira visig av det uperfekte også påverkar sosiale media og deira fylgjarane igjen. På denne måten kan det sjå ut at Uperfektepiker bidreg til endring på endå større samfunnsmessig plan.

Endring kan også sjåast i at fleire åpner seg i møte med andre på grunn av Uperfektepiker og andre åpner seg igjen. Slik endring kan bidra til auka tillit i samfunnet då fleire blir åpnare og knytte bånd. Resultata også peiker på at endring på samfunnsnivå som Uperfektepiker bidreg til er auka engasjement, samfunnsdebatt og mindre press på sosiale media. Alle informantane opplever at Uperfektepiker bidreg til samfunnsengasjement ved at dei skapa merksemd rundt ulike temaer og slik skapa debatt. Informantane framhevar at Uperfektepiker inspirera og motivera andre folk til å delta og snakke om dei viktige temaer og slik mobilisera deira krefter. Fleire også framheva at dette kan sjåast som form for politikk der fleire kommer saman og kan tale som gruppe for viktig sak saman og stå sterkare kollektivt.

Kapittel 7: Konklusjon: Uperfektepiker som samfunnsarbeid?

Kan me forstå Uperfektepiker som samfunnsarbeid? Og på kva for måtar er det dei driver samfunnsarbeid? Eit viktig grunnprinsipp i samfunnsarbeid er deltaking. Dette er også eit svært sentralt prinsipp for gjengen bak Uperfektepiker. Det er dette deltakings prinsippet som gjer det mogleg å drive den sosiale medieplattformen. Vidare ser Uperfektepiker ut til å ha ein bottom-up tilnærming som nyttar sine ressurser til å mobilisere andre, og søke mot endring. Dette avslutningskapitelet skal ta føre seg diskusjon knytta til dei ulike aspektene ved Uperfektepiker og korleis dei driv samfunnsarbeid ved hjelp av teori.

For å kunne betre forstå Uperfektepiker som samfunnsarbeid vil det være relevant å sjå på Uperfektepiker sitt prosjekt i lys av ressursbasert tilnærming til samfunnsarbeid (ABCD-tilnærming). Det vert så viktig å diskutere graden av deltaking og medverknad på Uperfektepiker sin konto. Deretter vil det fylgje ein diskusjon om korleis Uperfektepiker bidreg til normalisering og slik søke til endring. Eg vil også sjå på korleis Uperfektepiker freistar fleire til å delta i dette samfunnsarbeidet og diskutere kjønnsdimensjonen her. Deretter vert det diskutert om ein kan sjå på Uperfektepiker sitt arbeid på sosiale medier som ei kollektiv handling der dei driv endringsarbeid. Tilslutt vil det komme eit underkapittel kalla “Avslutningsvis” som gir en kort oppsummering på mitt kunnskapsbidrag og eventuelt behov for vidare forskning.

7.1. Uperfektepiker som Bottom-up

Uperfektepiker karakteriserast av ein bottom-up arbeidsmetode. Eg vil her foreslå korleis me kan sjå på fremgangsmåten til Uperfektepiker innanfor ABCD tilnærmingen.

I korte trekk går ABCD-tilnærming ut på at samfunnet identifiserer sine egne mål for utvikling og nyttar ressursar som samfunnet har (Kretzmann & McKnight, 1993, s. 1). Eg nyttar ein teori om ABCD-tilnærming der samfunnet kan sjåast på som å være online, med plattform på Instagram, Facebook og Snapchat. Uperfektepiker som eit online samfunn identifiserte sine problem sjølv, utan at profesjonelle kartlegger og vurderer behova til Uperfektepiker.

Ekspertene eller profesjonelle i denne situasjonen kunne til dømes vert Regjeringen, Stortinget eller private aktørar som eiger sosiale media.

I ei ABCD-tilnærming står det heilt sentralt at dei som samlar sine krefter mot ei endring skal kunne sjølv styre og utvikle korleis dei jobbar med målet om å oppnå endring. Dermed er det aktuelt å sjå på og diskutere kor stor reell medverknad og deltaking det er i prosjektet Uperfektepiker. Deltakingsgraden varierar noko blant personar og er stort sett avhengig av deira rolle; om dei er fylgjarar eller om dei sjølv driv Uperfektepikerkontoen og i kor stor grad dei aktivt tar del i Uperfektepiker. Med aktivt meiner eg å kommentere, like, direkte kommunikasjon og liknande. I starten kunne Uperfektepiker sjåast på som ”ekspertane”. Dei fleste av desse var influensarar med eigne portalar. Dei ville vise korleis livet var bak fasaden på sosiale medier, og vise si side av saka som influensarar og kjende personar. Etter kvart har prosjektet utvikla seg og fleire mindre kjende personar kom på banen. Slik vart prosjektet meir forankra hos folket. Mange har teke kontakt med Uperfektepiker og ynskjer å ta del av dette prosjektet. Ein kan difor påstå at Uperfektepiker bruker ein bottom-up metode i sin bruk av sosiale media. Dette kan blant anna vera fordi dei let brukarane sine styre prosjektet, mobilisere eigne ressursar og brukar det for å nå mål dei sjølv har satt.

Ein skal ikkje ignorere eventuelle behov av ressursar som kjem utanfrå. Bistand utanfrå i samsvar med berørtes mål vil kunne bidra til meir effektiv måloppnåelse (Kretzmann og McKnight, 1993, s. 4). I samsvar med teori om ABCD-tilnærming er det ikkje slik at Uperfektepiker skal oppnå sitt mål heilt aleine, og det skal ikkje utelukkjes eventuelle behov av ressursar utanfrå. Instagram sitt arbeid er ikkje ein direkte ressurs som er retta mot Uperfektepiker, men dei søker mot same endring. Når fleire aktørar jobbar mot same mål og mot endring vil det kunne oppnåast fortare og meir effektiv.

For å illustrere graden av deltaking presenterte eg tidlegare Arnstein sin deltakingsstige (1969) ”Ladder of citizen participation”. I samtale med to snapparar fortel dei at det er mellom 10 til 30 personar som aktivt tek kontakt med Uperfektepiker på ein vanleg snappedag. På bakgrunn av at Uperfektepiker har fleire tusen fylgjarar kan ein setje Uperfektepiker på trinn 3 til 5. Dette inneber informasjon(3), konsultasjon(4) og rådgiving(5), det vil seia at fylgjarane berre har symbolsk makt. Dette er fordi fleire fylgjarar ikkje aktivt medverkar, men heller ser på kva Uperfektepiker legger ut på sosiale media. Det er berre liten andel av fylgjarane som tek aktivt kontakt, medverkar og kommuniserer med Uperfektepiker. Likevel fortel to av tre fylgjarar av Uperfektepiker at dei ikkje aktivt har tatt kontakt, det vil seie skrevet til dei eller svart på spørsmål og liknande. Dei presiserer likevel at dei opplev at dei enkelt kan ta kontakt, kommet

med forslag, nye idear, at dei vert møtt positivt og føler seg likestilt. Samtidig fortalte den tredje fylgjerer at ho har tatt kontakt og planlegg å vera gjestesnappar for Uperfektepiker.

Ut i frå samla resultat kjem det fram at alle informantane opplevde stor grad av medvirkning, at det var uproblematisk å ta kontakt, dei hadde gjennomslagskraft til nye idear. Snapparane på Uperfektepiker prøvde aktivt å inkludere andre og auka medvirkning ved å stille spørsmål til sine fylgjarar om kva dei vil ha meir av eller mindre av, forslag til tema. Samstundes tok dei hensyn til at mange mista interessen dersom dei tok i bruk reklame og marknadsføring. Eg vil dermed ansjå at Uperfektepiker oppheld seg på trinna 6 til 8. Samarbeid(6), Delegert makt(7), Innbyggjarkontroll(8). Ein kan tenkje først at Uperfektepiker og fylgjarane samarbeider der dei gjestesnappar og bli einige om tema og liknande. Deretter kan det sjå ut som at dei oppheld seg på trinn 7. Dette kjem til dømes fram når Uperfektepiker presenterer nokre reglar og retningslinjer for gjestesnapparane om korleis dei skal oppføre seg på Uperfektepiker sin konto. I resultatene har det også kome fram at fleire som i starten berre følgde Uperfektepiker etter kvart sjølv begynte å gjestesnappe, og etterkvart blei fast snapparar. Dei faste snapparane driv Uperfektepiker og har ein eller to faste dagar der dei snappar og har i tillegg andre organisatoriske oppgåver.

På bakgrunn av at Uperfektpiker starta med berre dei involverte sjølv, og seinare utvikla ein bottom-up tilnærming og dermed byrja å opparbeida seg fleire fylgjarar med stort fokus på medvirkning. Samla sett vil eg seie at Uperfektepiker oppheld seg på trinn (8) Innbyggjarkontroll. Dette er det øvste trinnet i stigen og beskriver innbyggjarmakt og deltaking med aukande grad av innflytting som kan sjåast som reell deltaking.

Deltakinga blei forandra då Uperfektepiker på sin konto prøvde å bruke marknadsføring og reklame. Det vil sei reklamering for eit produkt med eit bilete eller eit kort videoklipp. Det vert ikkje undersøkt kva type reklamering dei nytta, og om det har kommet midt i mellom video på Snapchat story eller på slutten av kvar video eller bilete. Uperfektepiker beskreib sjølv at dei oppdaga dette og fant ut at dei ikkje ville bruka det igjen, siden fleire valte å slutta å følge dei. Dette er ein måte å lytte til fylgjarane sine på og ta medverking på alvor. Uansett er det viktig å trekke fram kvifor det var viktig for fylgjarane til Uperfektepiker at det ikkje skulle vera reklame eller marknadsføring på denne plattformen. Deltagere i Uperfektepiker vil kjenne eierskap til kontoen der dei vil delta, ha rom for å vera seg sjølv og visa sine ærlege sider. Kanskje det er der deltakarane tek fyrste steg til å skaffe seg hjelp og blir tatt på alvor eller føler seg inkludert og ikkje åleine. Det er då naturleg at å plutselig måtte lytta til reklame er lite interessant og aktuelt. Det kan kanskje til og med opplevast som motstridande i forhold til målet

om å gå imot det perfekte som jo ofte blir presentert nettopp gjennom reklame og aktiv marknadsføring. Kanskje nokre kunne oppleve at nokon bryt seg inn i deira ærlege plattform, der mange endelig tør å prate om sensitive tema som til dømes sjølv mord eller andre tabubelagte temaer i samfunnet. Dette er i samsvar med ABCD- tilnæringspingsippet. Dersom deltakarane kjenner eigarskap til Uperfektepiker vil kontoen fungere effektivt som ein plattform til dei sjølv, deira opplevingar, erfaringar og problem.

7.2. Normalisering for å skape endring

I utgangspunktet kan ein tenkje seg at Internettet og sosiale media er ein plass med mange forskjellige menneske og grupper av folk. På den andre sida kan ein lett kjenne seg ekskludert eller undertrykt når ei gruppe menneske eller ein type sosial feed dominerar, spesielt då sosiale media byr på sosial samanlikning. Den største delen av samanlikninga som oppstår er det me kallar opadrett samanlikning og inneber at me samanliknar oss med dei som er betre enn oss sjølv (Festinger, 1954, s.17). I denne samanlikninga kan det fort oppstå eit skilje mellom ”oss” og ”dei andre”. Bauman og May (2004, s. 43) skriv at gruppa me høyrer til omtaler me som ”oss” medan ”dei” kan vera ei gruppe som me anten ikkje har tilgang til eller som me ikkje ynskjer å høyre til. Eg ynskjer å bruke dette i samanheng med sosiale media der ein ofte bruke sosiale media når ein er aleine, og ein kan føle seg som eit mindretall som ser på sosiale media som i stor grad består av at andre brukarar legg ut fine bilete og kjekke oppdateringar.

På sosiale media kan ”oss” bli majoriteten på sosiale media som aktivt deltek og publiserer tilsynelatende perfekte bilete og kjekke statusoppdateringar. Dermed kan dei som sit aleine kjenne seg som ”dei andre” som ikkje identifisere seg med majoriteten, og ikkje har ”idealkroppen” eller som ikke gjer kjekke ting akkurat no. Ein kan tenke at ”oss”-gruppa eller majoriteten er perfekte folk med plettfrie liv. Goffman (2009, s. 43) skriver at når me kategoriserer basert på antaking om andre forenkler me røynda rundt oss, og det vert danna eit ukorrekt bilete av kven “dei andre” er. I desse tilfella på sosiale media vil det dannast ukorrekte bilete av kven ”oss” er. Dei fleste av oss i livet har utfordringar, sjukdomar, kvardagslege problem og ikkje “idealkroppen”. Det kan vera enkelt å bli blanda av sosiale media og danne ukorrekte bilete då det perfekte dominerar. Menneske vurderer seg sjølv ved å samanlikna seg med andre (Festinger, 1954, s. 17). Når ein sit aleine på sosiale medier kan ein samanlikne seg med det ein ser. Når ein samanliknar seg med andre som er betre enn ein sjølv plassere ein seg

sjølv i ein avmaktsposisjon der ein får dårleg sjølvkjensle og sjølvbilete (Fardouly & Vertanian, 2014, s. 83, Vogel et al., 2014, s. 218).

Uperfektepiker prøver å motverke at fylgjarar skal kjenne seg i ein avmaktsposisjon, og jobber med å få fram røynda bak sosiale medier. Sosiale media kan representere “Front-stage”, der menneske viser seg frå den sida ein ynskjer å visa utad i samsvar med normar og forventingar som stillast til dei (Goffman, 1992 s. 66). Uperfektepiker fører fram “Back-stage” på sosiale media. “Back-stage” er der menneske kan kjenne seg fri frå normer og forventingar som stillast til dei (Goffman, 1992 s. 66). Uperfektepiker jobber med å få fram korleis livet er bak dei fine bileta og profilane på sosiale media. Ein kan seie at Uperfektepiker bryter normar når dei snakker om ellers tabubelagte temaer i samfunnet som underlivssmerte, sjølv mord, sorg og mykje meir.

Når me prøver å oppføre oss på ein slik måte at folk får det inntrykket av oss som me sjølv ynskjer kallar ein det ”impression management” (Goffman, 1992, s. 60). På Uperfektepiker sin konto visast det ei ærleg side av livet, uten filter og redigering, men Uperfektepiker har og egne profiler der dei og kan fremje “Front-stage” bilete på sosiale media. Menneske prøver å kontrollere ”Back-stage” og ”Front-stage” og dersom nokon oppdagar at ein har fleire sjølv motsigande roller kan dette føre til at ein mister andre sin respekt (Goffman, 1992, s. 55). Uperfektepiker får blant anna tilbakemeldingar frå fylgjarane sine dersom dei ikkje klarer å vise dei utfordrande sidene i livet sitt. Dette kan føre til at nokre sluttar å fylgje eller snappe for Uperfektepiker.

Uperfektepiker gjer det personlege veldig offentleg, dette kan ofte setje dei i en sårbar situasjon. Nokre snapparar og gjestesnapparar fortalte om at dei opplever det litt sårbart, skummelt men også utfordrande å snappe og vise alle sider av seg sjølv (sjå bilete 5 og 6).



Bilete 4: Skjermbilete “personleg historie”



Bilete 5: Skjermbilete “sårt tema”

Bileta over illustrerer korleis Uperfektepiker prøver å vise det ærlege, uperfekte og ufiltrerte livet bak sosiale media og deler sine tankar og historiar. Når Uperfektepiker deler opent om ting kan kven som helst kontakte dei og kommentera ting. Negative kommentarar og haldningar kan førekoma og kan då opplevast vondt og utfordrande. Det å dele det personlige for dei som snappar eller gjestesnappar kan då ha negative konsekvensar. På den andre sida kan det opplevast positivt for dei som ser på og dei som deler då dei kan identifisere seg med andre, føle seg mindre aleine og meir akseptert. For dei som ikkje identifiserar seg med eller ikkje har liknandes opplevingar kan slik deling auka kunnskap om det er snakk om lidingar eller utfordringar ein har. Det å snakke høgt om ting kan føre til at ein bidrar til auing av kunnskap og normalisering av ulike tema.

Uperfektepiker prøver å danne ein plattform med tryggleik der dei sjølv viser at det går bra å dele og prate om ting uansett om kven du er eller kva du sliter med. Dei pratar med følgjarane sine på ein hensynsfull og open måte. Det å føle seg trygg og oppleve at ein blir møtt med respekt og blir tatt på alvor kan gjera at folk kan opne seg lettare og prate om vonde eller sårbare ting, og på denne måten søke eller få hjelp. Ein kan tenkja seg at Uperfektepiker sin konto kan

bidra til at fleire kan begynne å prate om ting som ellers er kanskje vanskeleg å ta opp med bekjente. På denne måten kan sosiale media og kontoar som Uperfektepikter leggje til rette for å ta det fyrste skrittet og prate om vanskelige ting. Til dømes for nokre kan det kreve mykje meir å møte opp på legekantoret og prate med ein fastlege, enn å skrive til Uperfektepiker og dele felles opplevingar eller kjensler.

Eit anna viktig aspekt ved Uperfektepiker og denne plattformen er at dei lager rom for sjølvutvikling. Dei som deler kan utvikle seg og bli meir komfortabel i si rolle der dei anerkjenne uperfekte sider ved seg sjølv og klarer å vise dei meir, og etter kvart kan det opplevast som lettare og normalt. Denne personlege utviklinga kan sjåast på som ei endring på individnivå. Uperfektepiker kan bidra til endring hos den enkelte, men og på samfunnsnivå då endring på individ-og samfunnsnivå heng tett saman. Når ein utviklar seg individuelt og er ein del av samfunnet vil ein og kunne bli med på endring av samfunnet. Når fleire enkelte gjer endringar hos seg sjølv, ofte med tanker om endring frå det såkalte perfekte til det uperfekte, kan ein utgjere ein forskjell som til saman skapar store endringar på samfunnsnivå. Til dømes dersom fleire som brukarar av sosiale media viser meir av det uperfekte som kan være eit ansikt utan sminke eller eit uperfekt bilete kan dette påverka andre til å gjere det same. Dette kan skape ein enda større viral effekt då samfunnet på sosiale media er ein plass med veldig stort publikum.

Å vise dei ulike sider av det uperfekte som eit naturleg ansikt, opne seg om utfordringar, sjukdom eller snakke høgt om tabubelagte tema er med på normalisering. Når noko blir gjentatt ofte nok blir ein kjend med det og etterkvart blir det uproblematisk og vanleg (Bauman & May, 2004, s. 19). Solvang (2002) skriver om normalitetsdiskurs, korleis personar med funksjonshemming kan bli undertrykt og ekskludert av det øvrige samfunnet som prøver å gjera dei mest mulig like dei fleste i samfunnet (Solvang, 2002, s. 35-37). Uperfektepiker prøver ikkje å fortelja folk kva dei skal gjera for å passe meir inn, dei prater til dømes ikkje om ernæring eller trening for å bli tynn og for å oppnå “kroppsidealet” som fremjast på sosiale media. I motsetning anerkjenner dei mangfoldet og prøver på denne måten å normalisere det. Bilete illustrere korleis Uperfektepiker omtalar kropp og slik fremjar kroppspositivisme (sjå bilete 6).



Bilete 6: SkjermBILETE “”ekstra” kiloene”

Det online samfunnet på Internett kan også påverkar samfunnet utenfor sosiale media. Om fleire viser det uperfekte på sosiale media kan fleire tørre å vise det og i kvardagslivet utanfor sosiale media. På Uperfektepiker sin konto, med fleire sterke og svake bånd, får folk kjennskap til kvarandre eller til ulike utfordringar og lidingar andre lever med. Kjennskap til kvarandre vil og føre til at fordommar reduserast (Bauman & May, 2004, s. 40). Ein kan tenkje at dei som deler sine historiar offentleg på Uperfektepiker sin konto får mindre fordommer, men også bidreg til endring på samfunnsnivå sånn at det blir mindre fordommer om dei utfordringar og lidinga dei snakker om.

7.3. Inkludering

Ut frå datamaterialet som eg har samla er det tydeleg at Uperfektepiker streber etter mangfold og prøver å anerkjenne skilnader. Solvang (2002, s. 105) påpeikar og at "en fellesnevner for utviklingen av forskjellighet som nøkkelpategori er en styrket bevisstgjøring og aktiv selvheldelse i grupper som tidligere har vært den undertrykte part i forhold til en normalitet". Fleire døme på dette er då dei fremja kroppspositivisme med mammakropp, eller fokusere på å vise den naturlege sida av kroppen (sjå bileta 7).



Bilete 7: Skjermbilete “kvifor ikkje tynnare?”

Uperfekte piker tar og opp andre tema som ofte er tabubelagte i vårt samfunn. Dei deler mellom anna om smerter i underlivet ved samleie, menstruasjonssmerter, vold i nære relasjonar, avhold frå alkohol og mykje meir. Motbevegelsen mot det perfekte, normalisering og informasjon spreinga er og grunnar til kvifor folk delta i Uperfektepiker. Det er få av oss som har “idealkroppar” og liv uten nedturar og utfordringar. Når Uperfektepiker bringer fram ”Backstage” på sosiale media lager dei rom for seg sjølv og andre som kan identifisere seg med elle gjenkjenne seg i og på den måten føle seg inkludert.

Ein treng ikkje høyre til ei viss gruppe eller vera frå ein viss plass for å kunne delta på Uperfektepiker sin konto. Uperfektepiker prøver å inkludere ulike grupper då dei har snapparar med ulike utfordringar og nedsettelsar, men dei tilrettelegg og sånn at dei fleste kan delta likeverdige. Likeverdige deltagelse er eit av prinsipp i samfunnsarbeid ((Ledwith og Springett, 2010, s. 14). På denne måten kan det og sjå ut som at Uperfektepiker motverkar sosiale ulikskapar.

Det kan være nokre utfordringar knytta til inkludering av fleire kjønn då Uperfektepiker som navn kan skapa størst interesse blant kvinner. Dei tek og opp ein del problem knytta til kvinnelege utfordringar og helse, der nokre menn naturlegvis ikkje ynskjer å delta, og derfor veljer aktiv å ikkje følgje Uperfektepiker. Sosiale media som styrast av algoritmer kan og påverka at fleire kvinner enn menn får Uperfektepiker opp på sin feed i sosial media. Algoritmer

tar utgangspunkt i tidlegare besøkte Internettider og skapar eit bilete av brukarens interesseområde, dette kan ofte henge saman med kjønn.

Andre viktige faktorar kan vera at menn generelt ikkje oppsøker Uperfektepiker i same grad som kvinner fordi dei generelt har det vanskelegare med å søke hjelp. Sjølvmondsforsøk er høgst hos kvinner men det er dobbelt så mange menn som begår sjølv mord som blant anna skiljast av sjølvmondsmetodar og hjelpesøker sin atferd (Folkehelseinstituttet, 2017).


Erlend Morg som er førsteamanuensis ved Nasjonalt senter for selvmordsforskning- og forebygging påpeikar at menn ofte har ulike roller og forventingar til seg sjølv i samfunnssamanheng som gjer at dei taklar nederlag og skam på ein anna måte enn kvinner (Karseth, 2018). I samfunnet kan menn ofte kjenne på normar om at det ikkje er akseptabelt å prate om sensitive ting, eller at menn skal kunne takle ting sjølv. På grunn av at Uperfektepiker er eit online samfunn kan det føre til at fleire menn kan velja og åpne seg på Uperfektepiker sin konto enn ellers i samfunnet.

Sidan sosiale media er så stort med mange forskjellige menneske kan det være utfordrande å nå ut til absolutt alle. Ved at det er fleire moglegheiter for deltaking kan kjensla av fellesskap bli sterkare i eit lokalsamfunn (Selsnick, referert i Walter, 2005, s. 71), som i denne samanhengen vil fleire prosjekt i utgangspunktet kunne bety at fleire kan delta, eller om Uperfektepiker har fleire tema med fleire ulike menneske og slik fremjar mangfald.

7.4. Kollektiv handling eller endringsarbeid mot frigering

